

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

E Innkalling til møte i Kontrollutvalet - Naustdal kommune

Utval: Kontrollutval - Naustdal kommune
Møtedato: 17.09.2012
Møtetid: 11.00
Stad: Kommunestyresalen
Møtenr.: 3/2012
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet, , Rådmann i sak 22/12
Melding til: Ordførar(møterett), revisor (møterett) og varamedlemer (varamedlemer møter berre etter særskild innkalling).


Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 95139762 eller eller på e-postadresse: post@sekom.no.

SAKLISTE

- 019/12 Godkjenning innkalling og sakliste
- 020/12 Skriv og meldingar..
- 021/12 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport – «Økonomistyring – Tenesteanalyse av Pleie og omsorg gjennom bruk av KOSTRA, 2009»
- 022/12 Statusliste med oppfølging av kommunetyrevedtak.
- 023/12 Budsjett for kontroll og tilsyn 2013.
- 024/12 Oppfølgingsliste 3-2012 – Naustdal.
- 025/12 Eventuelt.

Naustdal, 10.09.2012

Randi Elvebakk Reiakvam (sign)
- kontrollutvalsleiar -


Vidar Øvrebo
SEKOM - sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571
802 FØRDE			976 15 363 At			
			57 82 02 00 VØ			
			951 39 762 VØ			

019/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 29..08.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	17.09.2012	019/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

020/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 30.08.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	11.09.2012	020/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 13/12: Kommunestyresak 030/12, datert 21.06.2012 – Kontrollutvalet – auke talet medlemmer i Naustdal kommune.
- SM 14/12: Kommunestyresak 028/12, datert 03.05.2012 - Årsmelding kontrollutvalet 2011.
- SM 15/12: Kommunestyresak 050/12, datert 21.06.2012 - Årsrekneskap 2011 Naustdal kommune.
- SM 16/12: E-post frå SEKOM-sekretariat til Naustdal kommune – Fritak frå kontrollutvalet i naustdal, datert 1. august 2012.
- SM 17/12: Brev frå kontrollutvalet til KRYSS-revisjon – Forvaltningsrevisjonsprosjekt Naustdal kommune – «Kontroll av sjølvkostberekningar på VAR sektoren og vurdering avtale vassverk, datert 09.05.2012.
- SM 18/12: Selskapskontroll i Firda Billag AS 2011, utført av SF revisjon for Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane.
- SM 19/12: E-post frå KRYSS-revisjon, datert 4. september 2012.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør "skriv og meldingar" takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SM 13-12

NAUSTDAL KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSUTGREIING

Utval KOMMUNESTYRET	Møtedato 21.06.2012	Saksnr	Sakshands. ØBO
-------------------------------	-------------------------------	---------------	--------------------------

Avgjerd av Saksansv Øyvind Bang-Olsen	Arkiv K1-Objekt	Arkivsaknr 12/402
---	------------------------	-----------------------------

Referat og meldingar

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	12/1594	I	27.03.2012	Sekom Sekretariat	SAK TIL KOMMUNESTYRET TIL ORIENTERING: 006/12 VURDERING AV OPPDRAKSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT.

Drøftingsmelding:

21.06.2012 KOMMUNESTYRET

VEDTAK:

Innkalling og sakliste samrøystes godkjend. Sak 49-54 vert handsama først.

Til å skrive under møteboka saman med ordførar vart valde:

Anne Britt Øyra
Øystein Djupvik

SA 14-12

NAUSTDAL KOMMUNE

SAKSUTGREIING

SAKSGANG

Utval
KOMMUNESTYRET

Møtedato
03.05.2012

Saksnr.
028/12

Sakshandsamar
RK

Saksansv.: Rolf Kalland	Arkiv: K1- Objekt:	Arkivsaknr 12/317
	Avgjerd av:	

ÅRSMELDING KONTROLLUTVALET 2011

Vedlegg:

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

Saksopplysningar:

Det vert synt til kontrollutvalet si årsmelding for 2011.

Vurdering:

TILRÅDING:

Årsmelding for 2011 frå kontrollutvalet vert godkjend slik den ligg føre.

03.05.2012 KOMMUNESTYRET

VEDTAK:

Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Naustdal kommune vert godkjend.

SM 15-12

NAUSTDAL KOMMUNE

SAKSUTGREIING

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshandsamar
FORMANNSKAPET	07.06.2012	040/12	PKL
KOMMUNESTYRET	21.06.2012	050/12	PKL

Saksansv.: Per-Kristian Langlie	Arkiv: K1-210	Arkivsaknr
	Objekt:	12/73
	Avgjerd av:	

ÅRSREKNESKAP 2011 NAUSTDAL KOMMUNE

Vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
6	I	02.05.2012	Kryss revisjon	NY REVISJONSMELDING 2011
7	I	09.05.2012	Sekom-sekretariat	FRÅSEGN ETTER SAK I
10	I	30.05.2012	Rådmannen	KONTROLLUTVALET
				ÅRSREKNESEKAPSRAPPORT 2011
				NAUSTDAL KOMMUNE

VESENTLEGE POSTAR I REKNESEKAPEN

Resultat og inntekter:

Driftsrekneskapen er avslutta med eit meirforbruk på kr. 1,7 mill.

Skatt og rammer:

Skatt på inntekt og formue er inntektsført med kr. 48.225.046,- (budsjettert kr. 46.270.000,-)
 Rammetilskot er inntektsført med kr. 85.325.671,- (budsjettert kr.86.069.000,-)
 Samla 1,2 mill meir enn budsjettert

Vesentlige poster i rekneskapen

Naustdal kommune har motteke kr. 1,6 mill. kroner i momskompensasjon som gjeld prosjekt i investeringsrekneskapen.

Sunnfjordtunnelen AS er oppløyst. Kr. 139.047 er balanseført mot verdi på kr. 70.000.

Pensjonskostnader

Naustdal kommune har kollektiv pensjonsordning i Vital, Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og i Statens Pensjonskasse (SPK), som sikrar ytingsbasert pensjon for dei tilsette. Årets premieavvik (inntekt) vart kr. 532.852,- mindre enn budsjettert. Samla pensjonsinnskot (utg) i seksjonane vart 218.51,- høgare enn budsjettert. Samla avvik kr. 751.362.-

Renter og avdrag på gjeld / driftsrekneskapen

Avdrag viser ei meirutgift på 0,7 mill i høve budsjettet.

Renteutgiftene viser ei mindre utgift på 0,4 mill i høve budsjettet.

Samla renter, provisjon o.a. finansutg / avdrag på lån

Viser ei mindreutgift på 0,7 mill i høve budsjettet. Dette skuldast i det vesentlege at renteutgiftene vart mindre enn budsjettert.

Investeringsrekneskap:

Investeringsregnskapen for Naustdal kommune er gjort opp med eit underskot på kr. 865.066.- i 2011.

Vesentlige investeringar i nybygg og nyanlegg

- * Naustdal kyrkjegard . Reidskapshus, 2010 kr. 1,7 mill
- * Tomt barnehage 2011 kr. 1,9 mill
- * Vassforsyning Mallasvik Sæle kr. 3,0 mill
- * Mallasvik-Sæla-VA(avløp) kr. 1.4 mill
- * Rehabilitering kommunale vegar kr. 2.6 mill

Tabellen over viser påløpte kostnader på dei mest vesentlige prosjekta. Fleire av prosjekta pågår over fleire år, men tabellen viser investeringsrekneskapen for 2011. Nokre prosjekt er finansiert med tidligare unytta lånemidlar.

Driftsrekneskapen.

Driftsrekneskapen er avslutta med eit meirforbruk på kr 1.713.464.-
Samstundes som kommunen har disposisjonsfond på kr. 385.958,-

Brutto driftsresultat.

Rekneskapen viser eit positivt brutto driftsresultat på kr. 1.008.083,-

Netto driftsresultat.

Negativt netto driftsresultat for 2011 vart kr. 792.395,-

Budsjett sett opp mot rekneskapen.

	R – 2010	B – 2011	R - 2011
B. SUM DRIFTSINNTEKTER	-178 639 201	-182 905.300	-191 371 886
C. SUM DRIFTSUTGIFTER	179 056 767	180 315 520	190 283 803
D. BRUTTO DRIFTSRESULTAT (B-C)	417 566	-2 589 780	-1 088 083
E. SUM EKSTERNE FINANSINNTEKTER	-1 500 383	-950 000	-1 672 131
F. SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER	11 121 486	11 953 200	11 261 945
G. RESULTAT EKST. FINANS.TRANS. (E-F)	9 621 103	11 003 200	9 589 814
I. NETTO DRIFTSRESULTAT	2 889 593	704 420	792 395
J. SUM BRUK AV AVSETNINGAR	-4 968 716	-2 700 420	-7 516 511
K. SUM AVSETNINGAR	5.588.709	1 996 000	8 437 580
L. REKN.MESS. MEIR-/MINDREFORBR. (I+J-K)	3.509.587	0	1 713 464

Rådmannen viser elles til notane til rekneskapen der det er gjort greie for ein del vesentlege moment i rekneskapen for 2011.

Dei einskilde områda og kan oppsummerast desse slik:

Konto	Konto(T)	Rekneskap 2011	Justert budsjett	Avvik i kr
100	Rådmannen	-2 618 593,16	-3 514 000	-895 406,84
110	Rådgjevar personal og økonomi	15 817 255,36	15 415 900	-401 355,36
200	Rådgjevar oppvekst og kultur	11 998 524,40	12 277 280	278 755,60
210	Seksjonsleiar Naustdal barne- og ungdomsskule	25 683 749,23	25 507 700	-176 049,23
214	Seksjonsleiar Vevring skule og barnehage	4 227 891,72	4 397 020	169 128,28
216	Seksjonsleiar Dalen skule	6 633 366,00	6 853 700	220 334,00
270	Seksjonsleiar Lunden barnehage	6 524 341,59	6 936 100	411 758,41
271	Horstad barnehage	3 507 927,91	3 523 400	15 472,09
300	Rådgjevar helse, sosial og omsorg	276 296,28	0	-276 296,28
320	Seksjonsleiar helse	7 756 183,80	7 580 500	-175 683,80
350	Seksjonsleiar sosial	8 201 354,00	7 156 700	-1 044 654,00
370	Seksjonsleiar pleie og omsorg	43 036 128,42	42 183 900	-852 228,42
600	Rådgjevar landbruk/teknikk	1 077 854,85	848 300	-229 554,85
620	Seksjonsleiar teknisk drift	3 507 991,78	3 119 300	-388 691,78
900	Finansielle føremål	-135 630 272,18	-132 285 800	3 344 472,18
		0,00	0	0,00

TILRÅDING:

Naustdal kommune sitt årsrekneskap for 2011, viser eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 1.713.464,-. Deler av meirforbruket blir å dekke inn av tidlegare avsett disposisjonsfond på kr. 385.958,-. Resten av meirforbruket blir å dekke inn over drifta i 2012 og 2013.

Naustdal kommunestyre vedtek at manglande finansiering av nybygg og nyanlegg på

kr. 865.066,- skal dekkjast opp. Finansieringa vert å fremje i eiga sak.

Naustdal kommune sitt årsrekneskap for 2011,vert etter dette godkjent slik det ligg føre.

07.06.2012 FORMANNSKAPET

VEDTAK:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

SAKSORDFØRAR: Håkon Myrvang

21.06.2012 KOMMUNESTYRET

VEDTAK:

Tilrådinga samrøystes vedteken.

336/12

SM 16-12

Øvrebø Vidar

Fra: Øvrebø Vidar
Sendt: 1. august 2012 08:58
Til: 'Bendiksen John, j-ol-be@online.no'; 'catrine.andresen@forde.kommune.no'; 'elin.schei.stuhaug@sfj.no'; 'Friis Ellinor (ellinor.friis@enivest.net)'; 'Garfors Øystein (oystein@garfors.no)'; 'ingekall@hotmail.com'; 'randi.reiakvam@c2i.net'; 'Skaflestad Alv (auskaf@online.no)'; 'hakon.myrvang@naustdal.kommune.no'
Kopi: Tveit Asgeir; Bang-Olsen Øyvind
Emne: Fritak frå kontrollutvalet i Naustdal

Vi har motteke melding om at Catrine Andresen har flytta frå Naustdal kommune og ber om å bli fritatt for vervet ved Naustdal kontrollutval. Det må veljast nytt kontrollutval i Naustdal i samsvar med forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 2004.

Catrine Andresen vil ikkje bli kalla inn til møta i kontrollutvalet. Inntil nytt kontrollutval er valt, vil vi kalle inn 1. varamedlem til møta i hennar stad.

 J helsing

Vidar Øvrebø
Dagleg leiar

SEKOM-sekretariat

Mobil: +47 95139762
vidar.ovrebo@sekom.no

SEKOM Sekretariat
Hafstadvegen 21
P.O. Box 338
6802 Førde
Tlf 57 82 02 00

SM 17-12

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gloppen, Gaular, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

KRYSS-revisjon

6800 Førde

Førde, 09.05.2012

Dykkar ref.:

Vår ref.: Vø

Jnr.: 234

Arkiv: Naustdal

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT NAUSTDAL KOMMUNE - «KONTROLL AV SJØLKOSTBEREKNINGAR PÅ VAR SEKTOREN OG VURDERING AVTALE VASSVERK»

I kontrollutvalsmøte 09.05.2012. I sak 011/12 "Skriv og meldingar" vart det gjort følgjande vedtak:

Ad: SM 12/12: Kontrollutvalet ber KRYSS-revisjon endre bestilling for forvaltningsrevisjon «Kontroll av sjølvkostberekningar på VAR sektoren og vurdering avtale vassverk». Til å femne om Rekneskapstala for 2011 og budsjett tal 2012.

Vi viser til vedtaket og ber om at tal grunnlaget for den bestilte forvaltningsrevisjonen i Naustdal «Kontroll av sjølvkostberekningar på VAR sektoren og vurdering avtale vassverk» vert endra til rekneskapstal for 2011 og budsjett tal for 2012.

For kontrollutvalet



Vidar Øvrebø

SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SM 18-12

Selskapskontroll (eigarskapskontroll)

Firda Billag AS

2011



Innhald

1	Innleiing	
1.1	Bakgrunn	s.2
1.2	Føremål	s.2
1.3	Framgangsmåte	s.2
2	Om konsernet	s.3
2.1	Selskapsforhold	s.4
2.2	Avtalemessige forhold	s.4
2.3	Forpliktingar vis av vi offentlege instansar	s.6
2.4	Juridiske forhold	s.6
2.5	Organisasjonen	s.6
2.6	Miljø	s.6
2.7	Framtidsutsikter	s.6
2.8	Konsernets økonomiske utsikter	s.7
3	Styret	s.8
4	Revisor	s.9
5	Generalforsamlinga	s.9
6	Eigarstyring	s.10
7	Høyring	s.11
8	Konklusjon	s.11

Vedlegg:

1. Kart over konsernet
2. Kart over morselskapet Firda Billag AS
3. Høyringsuttale frå Firda Billag AS
4. Høyringsuttale frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune har i vedtak den 21.06.11 gått inn for å gjennomføre selskapskontroll i Firda Billag AS. I bestillingsdokumentet er det opplyst at føremålet er å oppfylle gjeldande lovkrav til gjennomføring av selskapskontroll.

Firda Billag AS tok i 2010 over landtransportdelen til Fjord1. I tillegg vart selskapet i 2010 omgjort frå eit interkommunalt selskap (IKS) til eit aksjeselskap (AS). Selskapet driv også i 2011 med å gjennomføre større organisatoriske endringar i selskapet. Desse elementa var tilleggsmoment for at kontrollutvalet har sett det som interessant å få gjennomført ein selskapskontroll i form av **eigarskapskontroll** av selskapet.

1.2 Føremål

Føremålet med eigarskapskontrollen er å kontrollere korleis fylkeskommunen forvaltar sine eigarinteresser i selskapet; med det om dei gjer dette i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnader¹. For Firda Billag AS sin del vert fylkeskommunen sine eigarinteresser i selskapet ivareteke via fylkeskommunen sin representant i generalforsamlinga.

Eigarskapskontroll er ein avgrensa kontroll. Det betyr at kontrollen avgrensar seg til ein vurdering av om eigarane har etablert tilfredsstillande rammar for styring, og at verksemda faktisk opererer i tråd med føremålet. Kontrollen omfattar ikkje sjølve aktivitetane i selskapet, så som kvaliteten på tenestene som selskapet leverer eller om selskapet når sine mål. Dette er forhold som kan kontrollerast gjennom forvaltningsrevisjon.

Intensjonen med regelverket om selskapskontroll var m.a. å sikre dei folkevalde betre innsyn og kontroll med den delen av den fylkeskommunale verksemda som er organisert som interkommunale selskap eller aksjeselskap.

1.3 Framgangsmåte

Rapporten byggjer på informasjon frå selskapet sin eigar (fylkeskommunen), styret og administrasjonen, samt opne kjelder som t.d. Foretaksregisteret, Proff.no med fleire.

Kontrollen har ei brei tilnærming. Vi vil på bakgrunn av det ikkje gjennomføre nokon grundige undersøkingar av moglege funn.

Funna vert vurdert opp mot:

- Aksjelova
- Offentleglova
- Lov om offentlige anskaffelser
- Selskapets vedtekter
- Tilrådingar frå KS'Eierforum

¹ Jf. § 14 i Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner

- Fylkeskommunen si Eigarmelding for 2010 og til dels 2011.

Hovudfokus i rapporten vil vere negative funn. Det betyr at det som i utgangspunktet er i orden vil ikkje verte gjenstand for nærare omtale.

2 Om konsernet

Firda Billag AS vart stifta 18.06.2010 ved omgjeriing frå eit interkommunalt selskap til eit aksjeselskap.

Firda Billag AS er eit konsern. Konsernet bestod ved utgangen av 2010 av :

Firda Billag AS
 Transferd AS -eigd 100 % av Firda Billag AS
 SRB Anleggstransport AS -eigd 51 % av Transferd AS

Konsernet har gjort ein del nye organisatoriske endringar i 2011, m.a. er selskapet Firda Billag Buss AS fisjonert ut av morselskapet og morselskapet har oppretta eit nytt dotterselskap; Fjordane Reisebyrå AS. Det nye organisasjonskartet til konsernet er lagt ved som vedlegg nr 1.

Selskapet driv innafor persontransport (buss), godstransport på veg, bilutleige (AVIS), reisebyrå, verkstad for tunge kjøretøy og eigedomsforvaltning.

Firda Billag AS har sitt hovudkontor i Førde kommune og avdelingar i Florø, Dale, Sandane og Sogndal. Etter kjøpet av Transferd AS frå Fjord1 har selskapet i tillegg fått avdelingar i Kaupanger, Otta, Stryn og Ålesund.

Ved utgangen av 2010 hadde selskapet 348 tilsette.

Aksjekapitalen i selskapet er på kr 10.000.000,- og er fordelt på 10.000 aksjar kvar pålydande kr 1.000,-. Aksjane fordeler seg slik mellom eigarane i selskapet:

Eigarar/aksjonærar	Forretningskontor	Tal	Pålydande	Eigar-/ stemmeandel
Askvoll kommune	Askvoll	569	1 000	5,69 %
Balestrand kommune	Balestrand	443	1 000	4,43 %
Bremanger kommune	Svelgen	717	1 000	7,17 %
Fjaler kommune	Dale	600	1 000	6,00 %
Flora kommune	Florø	1 447	1 000	14,47 %
Førde kommune	Førde	1 236	1 000	12,36 %
Gaular kommune	Sande	609	1 000	6,09 %
Gloppen kommune	Sandane	1 017	1 000	10,17 %
Hyllestad kommune	Hyllestad	458	1 000	4,58 %
Høyanger kommune	Høyanger	782	1 000	7,82 %
Jølster kommune	Skei	517	1 000	5,17 %
Naustdal kommune	Naustdal	454	1 000	4,54 %
Stryn kommune	Stryn	651	1 000	6,51 %

Sogn og Fjordane fylkeskommune	Leikanger	500	1 000	5,00 %
SUM		10 000		100 %

2.1 Selskapsforhold

Det interkommunale selskapet var i si tid etablert gjennom eit spleiselag for å sikre infrastrukturen i Sunnfjord. Fylkeskommunen kom inn som eigar saman med 13 kommunar ved at fylkeskommunen i 1997 overtok FSF (Fylkesbåtane i Sogn og Fjordane) sin eigardel i det opphavlege lufalaget.

Fylkeskommunen opplyser at selskapet vart endra til eit AS grunna nye rammevilkår. Det var eit naudsynt tiltak for å sikre selskapets konkurransekraft.

Saka vedr. omdanninga vart handsama i fylkestinget 07.04.2010 under sak 0009/10. Med vising til saksframstillinga i saka står det :

“ Om bakgrunnen for omdanninga skreiv administrerende direktør Peter Midthun: Rutebilnæringa er i sterk endring. I dag er ca 40 % av den samla bussproduksjonen i landet lagt ut på anbud. I løpet av få år vil dei resterande 60 % verte lagt ut. Dette betyr at Firda Billag ikkje lenger vil verte beskytta av sin områdekonsesjon. I avtalen selskapet i dag har med Sogn og Fjordane fylkeskommune er det opna for at anbud kan takast i bruk innan vårt konsesjonsområde frå år 2014. Det betyr at heile eller deler av den produksjonen selskapet i dag utfører kan verte overtatt av andre. Dette aukar risikoen ved drifta betydeleg. Når anbud er tatt i bruk i konsesjonsområdet vil Firda Billag vere eit heilkommersielt selskap. Ein ser det som lite hensiktsmessig både for eigarane og for selskapet å fortsette med IKS-modellen under slike rammevilkår. ”

Det er ikkje utarbeida ein eigen aksjonæravtale mellom eigarane. Vedtektene regulerer det som er nødvendig.

Omsetnad av aksjar er regulert gjennom selskapet sine vedtekter.

Vurdering og tilråding:

Konsernet har ikkje utarbeidd oversikter over moglege nærståande relasjonar mellom sentrale personar i selskapa i konsernet. Ved førespurnad til adm.dir. så kjenner ikkje han til slike relasjonar i konsernet. Vi meiner det er viktig at selskapet syner merksemd til problematikken for å unngå at det oppstår uheldige dobbeltroller mellom t.d. styremedlem/tilsette og kundar/leverandørar.

Med vising til pkt 7.4.1 i del I i Eigarmeldinga til fylkeskommunen om Styret sitt ansvar og Tilrådingar frå KS'Eierforum Nr. 12 vil vi tilrå at konsernet utarbeider ein Rolleoversikt over styra, direktorane og andre sentrale personar i konsernet.

2.2 Avtalemessige forhold

Selskapet følgjer ikkje Lov om offentlege anskaffelser. Dette vert grunngjeve med at konsernet i all hovudsak driv forretningsdrift i konkurranse med andre. Per i dag er det berre dotterselskapet Firda Billag Buss AS som driv til dels utanfor konkurranse gjennom at ein del

av bussdrifta, som går på rute- og skulebussproduksjon, er beskytta via konsesjon. I løpet av nokre år vil også den delen verte konkurranseutsett. Adm. dir. ser det som vanskeleg og unaturleg å skilje bussdrifta i ein del som er konkurranseutsett og ein del som er konsesjonsbeskytta. Alle større innkjøp vert regulert av anbod og dei følgjer prinsippa for god forretningsskikk i alle prosesser. Leiinga i konsernet har gjort ei skriftleg vurdering av konsernet sett opp mot Lov om offentlege anskaffelser, og har konkludert med at konsernet ikkje kan operere i ein konkurranseutsett marknad, samstundes som Lov om offentlege anskaffelser gjeld for konsernet.

Vurdering og tilråding:

Lov om offentlege anskaffelser er eit komplisert og omfattande lovverk. Datterselskapet Firda Billag Buss AS kan, uansett om heile drifta vert konkurranseutsett, likevel høyre inn under Lov om offentlege anskaffelser med vising til Forsyningsforskriften. Lov om offentlege anskaffelser kan også gjelde for privat eigde selskap dersom tenesta går ut på: (sjå §1-3, c i Forsyningsforskriften om kva for aktiviteter som er omfatta)

“ drive rutenett beregnet på ytelse av offentlige tjenester i forbindelse med transport med jernbane, automatiserte systemer, sporvei, trolleybuss, buss eller kabel. Når det gjelder transporttjenester, skal et nett antas å foreligge dersom driftsvilkårene for tjenesten er fastlagt av vedkommende myndighet i en EØS-stat. Driftsvilkår kan for eksempel være hvilke ruter som skal betjenes, hvor stor kapasiteten skal være og hvor ofte rutene skal betjenes.

Vi vil tilrå at konsernet får utført ei juridisk vurdering av både morselskapet og datterselskapet Firda Billag Buss AS sett opp mot Lov om offentlige anskaffelser.

Konsernet har ikkje økonomiske forpliktingar utover pant i lån og festekontraktar på deler av eigedommane. Alle låneavtalar vert handsama og godkjent av styret, vanlegvis gjennom årlege budsjett og finansieringsplanar. Konsernet har ikkje forpliktingar når det gjeld erstatningar eller mangelkrav overfor tredje part. Alle naudsynnte skadeforsikringar i konsernet er i orden og alle bygningar og nyare bussar er fullt ut forsikra.

Vurdering og tilråding:

I følgje styret og adm. dir. har konsernet ikkje teikna styreansvarsforsikring. Ifølgje Tilrådingar frå KS Eierforum Nr. 16 vert det tilrådd at selskapa teiknar særskilt styreforsikring for alle styremedlem i selskap med begrensa ansvar. Forsikringa vil eventuelt gjelde det økonomiske ansvaret og ikkje det strafferettslige.

Vi vil på bakgrunn av det tilrå at konsernet teiknar styreansvarsforsikring for alle styremedlem i konsernet.

Konsernet nyttar eksterne rådgivarar innan IT, ein del tekniske områder og på verkstaden. I samband med dei store organisatoriske endringar som konsernet er og har vore i, har det gått ein del ekstra midlar til juridisk bistand og rådgivingstenester frå konsernets valte revisor. I 2011 reknar adm. dir. at konsernet totalt vil ende opp i ein plass mellom 2 og 3 mill. brukt til ekstern rådgiving.

2.3 Forplikingar vis av vis offentlege instansar

I følgje adm.dir. har ikkje konsernet uoppgjorte skatte- eller meirverdiavgiftskrav og naudsynte transportløyve og busskonsesjonar er i orden. Konsernet har besøk av arbeidstilsynet 4 til 5 gonger i året og branntilsynet med jamne mellomrom. Utover mindre merknadar frå arbeidstilsynet kjenner ikkje adm. dir. til andre forplikingar vis a vis offentlege instansar.

2.4 Juridiske forhold

Styret seier at det ikkje er kjent med irregulære eller straffbare forhold relatert til konsernet. Konsernet har i følgje adm.dir. ikkje tvistar for domstolane, konflikter med samarbeidspartnarar eller tilsette.

Vurdering og tilråding:

Styret og adm.dir. meiner at konsernet ikkje høyrer inn under Offentleglova. Viser og til adm.dir. sine skriftlege vurderingar av tilhøva.

Med vising til at konsernet er 100% offentlig eigd vil vi tilrå at konsernet gjer ei juridisk vurdering av om Offentleglova sine reglar likevel gjeld for heile eller deler av konsernet.

2.5 Organisasjonen

Organisasjonskart for morselskapet i konsernet er lagt ved som vedlegg nr 2.

Konsernet har ikkje formelle bonusordningar for dei tilsette. Det er ikkje uavklarte tilsettingstilhøve i konsernet, men utarbeiding av nye arbeidsavtaler for dei tilsette jf. omorganiseringa er per i dag ikkje avslutta. Nedbemanning i samband med omorganiseringa har skjedd ved naturleg avgang.

Sjukefråværet varierer, men har gått ned det siste året. Det er for 2. kvartal 2011 på litt over 5 %, dvs at det er under gjennomsnittet for bransjen. Konsernet har eige HMT- system med eigen tilsett som har hovudansvaret for oppfølging av systemet. I følgje adm. dir. fungerer HMT-systemet tilfredsstillande. Det vert gjennomført AMU-møte annakvar månad der alle avviksrapportar vert følgt opp. For 2011 er det registrert 14 mindre ulykker. Det er ikkje tale om ulykker som har ført til lengre sjukefråvær.

2.6 Miljø

Konsernet driv ikkje forureinande verksemd utover det som høyrer til bransjen. Adm.dir. peiker på at bussbransjen er ein av dei mest miljøvennlege måtar å drive persontransport på. Konsernet har kontroll over alle eventuelle utslepp frå verkstaden jf. HMT systemet.

2.7 Framtidsutsikter

Adm. dir. ser på bussdrifta som ein av konsernets største utfordringar. Firda Billag var for 20 år sida eit av dei største busselskapa i landet. I dag er det er eit av dei minste. Med full konkurranseutsetting i løpet av nokre få år, der mange forventar at det berre vil vere 4-5 store einingar igjen som driv bussverksemd i heile landet, går Firda Billag AS og bussdrifta ein usikker framtid i møte. Leiinga ser likevel på bussdrifta som ei av kjerneoppgåvene i

konsernet, og satsar fortsatt på å vere med i konkurranse med andre. Konsernet førebur seg på framtidig konkurranse ved m.a. å bygge opp kompetansen i konsernet omkring anbod og anbodsrutinar. Eit anna satsingsområde innan bussdrift som leinga i konsernet ser på kan vere å få til avtalar med gode samarbeidspartnarar.

Konsernets produkter kan inndelast slik etter storleik:

- 1) Godstransport (størst)
- 2) Bussdrift
- 3) Reiselivsverksemd
- 4) Verkstaddrift
- 5) Drift av fast eigedom

Konsernet vil ha ei framtid også utan bussdrifta. Godstransport er størst og er konsernets store satsingsområde. Reise og eigedom er mindre deler av konsernet, men er likevel viktige og trygge inntektskjelder som har synt gode resultat.

Konsernet arbeider for tida med viktige endringar og omorganisering av verkstaden som dei forventar vil gi resultat gjennom effektivisering og med det betre resultat.

Økonomiske forhold som kan forverre konsernets drift i framtida, er renteauke og dieselpriisar. Prisauken på diesel dei siste åra har m.a. ført til at konsernet har tapt og tapar i samband med konsesjonsavtalene som konsernet har med fylkeskommunen.

2.8 Konsernets økonomiske utsikter

Rekneskapen for 2010 syner eit resultat/overskot på kr 370 000,-. Opptent eigenkapital er per 31.12.2010 på kr 102 429 000,-.

RESULTATREKNESEKAP	2010
Konsernrekneskap	Ja
Sum driftsinntekter	346 057 000
Driftsresultat	2 798 000
Resultat før skatt	421 000
Årsresultat	371 000

BALANSEREKNESEKAP

Sum anleggsmidler	303 891 000
Sum omløpsmidlar	92 189 000
Sum eigenkapital	102 429 000
Sum minoritetsinteresser	2 721 000
Sum gjeld	290 930 000

REKNESEKAPSANALYSE 2010:

Om inntening:	
Totalrentabilitet	0,85 %
Om soliditet:	
Eigenkapitalandel	25,86 %

Om likviditet:	
Likviditetsgrad 1	1,08
Likviditetsgrad 2	1,03

3 Styret

Styret forholder seg, i tillegg til aksjeloven og selskapsvedtektene, til styreinstruks vedteke av styret i møte 13.04.2011 samt styret sin årsplan vedteke 13.01.2011. Instruksjonen omhandler møte; -hyppighet, -struktur, -protokoll, -informasjon, samt styremedlemmene sine rettigheter og plikter. Av saker som er spesifisert/(nemnd) i styreinstruksjonen er:

- styret sin møteplan for komande år
- årsrekneskap og årsmelding
- planar og budsjett for selskapet
- saker som gjeld investeringar av betydeleg omfang i høve selskapet sine ressursar
- vedtak som går på rasjonalisering eller omlegging av drifta som vil medføre større endringer eller omdisponeringar av arbeidsstokken

I styret sin møteplan for 2011 kjem det fram at selskapets strategiar og vegen fram er fast sak på møta. Styret har informert at dei gjennomfører risikovurderingar av drift, økonomi og misligheter løpande gjennom året.

Det er ikkje utarbeidd eigen instruks for adm.dir., men stillinga vert regulert som ein del av styreinstruksjonen. Adm.dir. vert tilsett av og eventuelt sagt opp av styret, og står for den daglege leiinga av konsernet. Adm.dir. skal fylgje dei retningslinjer og pålegg som styret har gitt.

Styret hadde ved utgangen av 2010 slik styresamansetning:

Leiar: Agnar Strømsnes

Medlemmar: Monica Oppedal, Rita Lilletvedt, Olve Grotle og Steinar Talle

Tilsette sine representantar: Arne Råheim og Gunvor Beate Bjordal

Vedtektenes § 10 regulerer valnemnda. Det skal vere ei valnemnd med 5 medlemmar.

Valnemnda skal leggje fram forslag om samansetning av styret med unntak av styremedlem som skal veljast av og blant dei tilsette. Dei 3 største aksjonærane i selskapet har rett til å velje minst 2 av medlemmene i valnemnda. Dette er i tråd med KS-anbefaling om kommunal eierskap nr.10.

Årsrapport og årsmelding vert sendt ut til selskapets aksjonærar. Det gjennomførast formelt eigarmøte gjennom møte i generalforsamling ein gong i året. I tillegg kan eigarane gjennomføre andre eigarmøter for å drøfte ei sak utan at det vert gjort formelt vedtak i saka. Styret eller adm.dir. kjenner ikkje til at det er gjennomført slike eigarmøter i samband med Firda Billag AS.

Vurdering og tilråding:

Av selskapsvedtektene § 7 går det fram at styret er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemmane er til stades. Styret fattar sine vedtak ved vanleg fleirtal. I styreinstruksjonen står det at styret kan gjere vedtak når meir enn halvparten av medlemmane er til stades i møtet, eller deltek i styrehandsaminga. I tillegg står det i styreinstruksjonen at ved likt tal stemmer gjeld det styreleiar har stemt. Vidare at dei som har stemt for eit forslag som inneber ei vesentleg

endring i selskapet, må alltid utgjere meir enn ein tredel av samtlege styremedlemmar.
Tilleggspresisering jf. høyringsuttale frå Firda Billag AS: Vi forstår styreinstruksen slik at styret her meiner tilhøve der ikkje alle styremedlemma er med på møtet. I slike høve kan eit fleirtal på møtet utgjere mindre enn ein tredjedel av samtlege styremedlemma.

Styreinstruksen stemmer ikkje overeins med selskapsvedtektene. Det kan bidra til uklare retningslinjer ved styrehandsaming. Vi vil tilrå at styret gjer vurderingar av vedtektene og styreinstruksen i forhold til avstemming og stemmefleirtal i styresaker.

4 Revisor

Firda Billag AS sin revisor er revisjonsselskapet Deloitte AS med kontor i Førde. Revisor har svart på skriftleg førespurnad frå SF revisjon IKS. Informasjonen frå revisor har ikkje gjeve grunnlag for nærare oppfølging i samband med gjennomføringa av eigarskapskontrollen.

5 Generalforsamling

Det ordinære møtet i generalforsamlinga skal etter vedtektene haldast innan 6 månadar etter utløpet av rekneskapsåret. Det vert innkalla til generalforsamling med 2 vekers varsel.

Vurdering og tilråding:

I følge selskapsvedtektene § 9 skal generalforsamlinga fastsetja resultatregnskap og balanse, herunder medrekna disponering av overskot eller dekking av underskot. I følge aksjelova § 5-5 skal den ordinære generalforsamlinga handsame følgjande saker sitat:

“godkjenning av årsregnskapet og årsberetningen, herunder utdeling av utbytte”.

Godkjenning av styret si årsmelding står ikkje nemnd i selskapsvedtektene § 9.

Selskapsvedtektene stemmer ikkje overeins med aksjelova. Vi vil foreslå at generalforsamlinga gjer vurderingar av selskapsvedtektene på nemnde punkt opp mot aksjelova.

Andre saker som vert handsama i det ordinære møtet i generalforsamlinga, er fastsetting av eventuelt konsernresultat og konsernbalanse, handsaming av valkomiteen sine innstillingar på dei val som skal gjennomførast i tillegg til val av valkomite. Det er fylkesordførar Nils R. Sandal som er valt til å møte for fylkeskommunen i generalforsamlinga. På møtet i generalforsamlinga 20.05.2011 møtte Inge Horstad med fullmakt som representant for fylkeskommunen.

Kommunikasjon og eigaroppfølging utanom møta i generalforsamlinga skjer i følge fylkeskommunen gjennom uformell kontakt.

6 Eigarstyring

Ved førespurnad om det er utarbeida eigarstrategi for Firda Billag AS viser fylkeskommunen til Eigarmeldinga. Fylkeskommunen har fom 2008, fast ein gong i året, ei Eigarmelding oppe til handsaming i fylkestinget.

Fylkeskommunen si eigarmelding har 2 hovuddeler. Del I omhandlar fylkeskommunen sin eigarpolitikk og del II omhandlar dei einskilde selskapa som fylkeskommunen eig eller er medeigar i eller har tilknytning til på anna måte (t.d. stiftingar). Kap. 4 i del I seier noko om kva forventningar fylkeskommunen har til etikk og samfunnsansvar til selskap der fylkeskommune er eigar eller deleigar. Kap. 7 punkt 4 i del I seier noko om kriterium for utpeiking av styremedlem i selskapa.

Fylkeskommunen si Eigarmelding er i tråd med KS'anbefalingene om kommunalt eierskap, nr 2.

Ved spørsmål til fylkeskommunen om målformuleringar og viktig verdidokument viser dei til Eigarmeldinga. Fylkeskommunen syner og til Eigarmeldinga ved spørsmål om eventuelle strategiar, retningslinjer eller instruksar som fylkeskommunen har utarbeida for styret og administrasjonen i Firda Billag AS.

På førespurnad til styret i Firda Billag AS om deira forhold til fylkeskommunen si Eigarmelding, så kjenner dei ikkje til den. Adm. dir. kjenner til fylkeskommunen si Eigarmeldinga.

Ved førespurnad til styret i Firda Billag AS om eigarane har utabeida strategiar og retningslinjer for styret og administrasjonen i selskapet så kjenner styret ikkje til det.

Adm.dir. reiser med jamne mellomrom på besøk til sine aksjonærer for dialog om konsernets framtidsutsikter på eit overordna nivå. Hans inntrykk frå møta er at det er stor semje mellom eigarane omkring dei store strategiske grepa som er gjennomført i 2010 og 2011.

Tilråding:

Med vising til KS'anbefalinger om kommunalt eierskap Nr. 3 vil vi tilrå at det på eit overordna nivå vert utarbeida rutinar på form, innhald og kommunikasjon i samband med fylkeskommunen sine strategiske forventningar og krav til Firda Billag utover det som kjem fram av det ordinære møtet i generalforsamlinga. Dette bør utarbeidast i samråd med dei andre eigarane av Firda Billag AS.

I samsvar med rutinane i Eigarmeldinga rapporterer fylkeskommunen sin representant i generalforsamlinga til fylkesutvalet.

Konsernet har byrja sitt arbeid med utarbeiding av konsernets etiske retningslinjer. I fylkeskommunen si Eigarmelding, del I, kap. 4 står det noko om fylkeskommunen sine forventningar til selskapa dei eig eller er medeigar i knytt til etiske retningslinjer. Vi vil tilrå at Firda Billag AS i sitt vidare arbeid med konsernets etiske retningslinjer vurderer dei forventningar og krav som kjem fram av fylkeskommunen si Eigarmelding.

Vurdering og tilråding:

Fylkeskommunen kjenner ikkje til at det er utarbeida andre kriterier for samansetning av styret enn det som kjem fram av selskapets vedtekter. Selskapsvedtektene seier ikkje noko om kriterier for valsamansetning av styret. Det vert ikkje gjennomført nokon form for evaluering av styret utover styret sin eigen evaluering av sitt arbeid.

Vi vil tilrå at det vert utarbeida rutinar for kriterie og kompetansevurdering av styresamansetning i samsvar med KS'Anbefalinger om kommunalt eierskap, Nr 11. Dette ansvaret ligg hos eigarane.

7 Høyring

Utkast til rapport vart oversendt til styret og adm.dir. ved Firda Billag AS og til Sogn og Fjordane fylkeskommune den 17.10.2011 til uttale.

Høyringsuttalen frå Firda Billag AS er lagt ved som vedlegg nr 3 og høyringsuttalen frå Sogn og Fjordane fylkeskommune er lagt ved som vedlegg nr. 4.

I uttalen frå Firda Billag AS er det synt til ein fakta feil jf. pkt. 2.7 i rapporten om inndeling av storleiken på konesernet sine tenester/produkt. I den endelege rapporten er dette retta på slik at inndelinga no skal vere korrekt.

Vi har i tillegg på bakgrunn av Firda Billag AS sine kommentarar til pkt. 3 i rapporten om styret og stemmefleirtal lagt til ein liten presisering i pkt. 3 i rapporten

8 Konklusjon

På bakgrunn av gjennomført eigarskapskontroll vil vi tilrå at Firda Billag AS:


- *utarbeidar ein rolleoversikt over sentrale personar i konsernet jf. pkt. 2.1 i rapporten*
- *får utført ei juridisk vurdering av både morselskapet og dotterselskapet Firda Billag Buss AS sett opp mot Lov om offentlege anskaffelser jf. pkt. 2.2*
- *teiknar styreansvarsforsikring for alle styremedlem i konsernet jf. pkt. 2.2.*
- *får utført ei juridisk vurdering av om Offentleglova sine regler gjeld for heile eller deler av konsernet jf. pkt. 2.4*
- *gjer ei vurdering av selskapsvedtektene og styreinstruksen vedr. stemmefleirtal jf. pkt. 3*
- *gjer ei vurdering av innhaldet i selskapsvedtektene i forhold til dei formelle krava i aksjeloven jf. pkt. 4*

Vi vil i tillegg tilrå at Sogn og Fjordane fylkeskommune i samråd med dei andre eigarane:


- *utarbeider rutinar knytt til eigarane sine strategiske forventningar og krav til konsernet jf. pkt. 6*

- *utarbeider rutinar for kriterie- og kompetansesamansetning av styret samt rutinar for evaluering av styret med jamne mellomrom jf. pkt. 6*

Ny organisering konsern



Firda Billag AS Organisasjonsplan



Marianne Vara

Fra: Peter Midthun <peter@firda-billag.no>
Sendt: 31. oktober 2011 13:02
Til: Marianne Vara
Kopi: Agnar.Stromsnes@incgruppen.no
Emne: Selskapskontroll Firda Billag AS
Vedlegg: SF revisjon tilbakemelding frå Bøyum 17.10.11.pdf

SF-revisjon
v/ Marianne Vara

Det vert vist til rapport mottatt frå deg. Rapporten vart gjennomgått i Firda Billag AS sitt styre i møte den 18.10. Underteikna vart bedt om å gi tilbakemelding.

Vi kan gi flg tilbakemelding:

- Rolleoversikt – rapportens pkt 2.1. Dette skal vi få utarbeidd.
- Juridisk vurdering vedr lov om off anskaffelser. Vi skal få vurdert dette. Vi er imidlertid kjent med at busselskap der Fylkeskommunen har betydelig større eigarandel enn hos oss ikkje fylgjer denne. Dette fylgjer av vår konkurranseutsetting.
- Styreansvarsforsikring. Slik vi ser det er dette noko styret sjølv må ta stilling til.
- Offentlegheitslova. Same svar som pkt 2 over.
- Selskapsvedtekter kontra styreinstruks. Viser til vedlagt uttale frå Bøyum. Styreinstruksen vil verte endra på eit punkt.
- Selskapsvedtekter kontra aksjelova. Vi viser til vedlegg frå adv Gunnar Bøyum der dette er vurdert.

Vi har elles kommentar til pkt 2.7. der du har delt inn område etter storleik. Verkstaddrifta vår er større enn eigedomsdrifta.

Mvh

Firda Billag AS

Peter Midthun

Peter Midthun

Fra: gunnar.boyum@no.pwc.com
Sendt: 17. oktober 2011 19:23
Til: Peter Midthun
Emne: Re: VS: Utkast til rapport til høyring
Vedlegg: Følgjebrev utkast til rapport til høyring.pdf; Utkast til rapport.pdf

Hel,

Eg viser til mottatt utkast til rapport frå SF revisjon sin selskapskontroll hos Firda Billag AS, og ditt spørsmål om eg har kommentarar til forholdet om vedttektene er i samsvar med aksjelova.

I vedtektene § 7 går det fram at styret er vedtaksført "når meir enn halvparten av medlemmane er til stades". Etter aksjelova § 6-24 følgjer det at styret kan treffe beslutning "når mer enn halvdel av medlemmene er til stede eller deltar i styrebehandlingen". Eg har ikkje sett styreinstruksen, men eg forstår det slik at den har samme ordlyd som aksjelova. Etter min vurdering har aksjelova/styreinstruksen og vedtektene samme reelle innhald sjølv om formuleringa er litt ulik.

I vedtektene § 7 står det vidare at styret fattar sine vedtak med vanleg fleirtal. Det er opplyst at det i styreinstruksen i tillegg står at ved likt tal stemmer gjeld det styreleiar har stemt. Etter min oppfatning er det ikkje noko motsetning i dette. Også etter aksjelova § 6-25 følgjer det at ein beslutning av styret krevjer at fleirtalet av dei styremedlemmane som deltek i handsaminga av ei sak, stemmer for. Dette er utgangspunktet og det er det som også er nedfelt i vedtektene. Ved stemmelikheit følgjer det vidare i aksjelova § 6-25 at møteleiaren har dobbeltstemme. Dette vil også gjelde ved stemmelikheit i beslutningar hos styret i Firda Billag AS. Dette som følgje av ei naturleg forståing av samspelet mellom vedtektene og aksjelova, jf også vedtektene § 11 som viser til aksjelova når det gjeld forhold som ikkje er regulert i vedtektene. Såleis er det etter min oppfatning ingen motsetning mellom vedtekter, styreinstruks og aksjelov når det gjelder at det generelt sett er vanleg fleirtalskrav for beslutningar fatta av styret i Firda Billag AS, men at styreleiar har dobbeltstemme ved stemmelikheit.

I vedtektene § 9, 2. ledd, bokstav a, går fram at generalforsamlinga skal fastsette resultatrekneskap og balanse, her medrekna disponering av overskot eller dekking av underskot. Av aksjelova § 5-5 går det fram at generalforsamlinga skal godkjenne årsrekneskapet og årsmeldinga, herunder utdeling av utbytte. Eg er samd i at det i vedtektene godt kunne stått at generalforsamlinga også skal godkjenne årsmeldinga (i tillegg til godkjenning av årsrekneskapen). Dette har imidlertid ingen praktisk betydning, i og med at generalforsamlinga i h t aksjelova uansett må godkjenne årsmeldinga. Det er såleis heller ikkje motstrid mellom vedtektene og aksjelova i denne samanheng da aksjelova gir anvisning på noko ut over det som eksplisitt følgjer av vedtektene. Igjen vises til samspelet mellom vedtektene og aksjelova. Jf vedtektene § 11 som viser til aksjelova når det gjeld forhold som ikkje er regulert i vedtektene. Eg viser også til at aksjelova gjelder på generelt grunnlag. Berre dersom vedtektene positivt gir uttrykk for noko anna vil aksjelova sine reglar kunne fråvikast, dog med den avgrensing at i mange tilfeller kan vedtektene ikkje ha mindre strenge reglar enn aksjelova. Slik sett er det på det reine at generalforsamlinga i Firda Billag AS uansett må godkjenne årsmeldinga i selskapet, sjølv om dette ikkje konkret går fram av vedtektene. (For ordens skuld: Det er heller ikkje noko i vedtektene som gir uttrykk for at generalforsamlinga ikkje skal godkjenne årsmeldinga.)

Ta gjerne kontakt som det er spørsmål om noko.

Med venleg helsing/Kind regards,
Advokatfirmaet PwC

Gunnar Boyum
PwC | Partner | Nasjonal Partner
Phone: +47 95 26 13 13 | Switchboard: 02316 (+47 95260000)
Email: gunnar.boyum@no.pwc.com
Advokatfirmaet PricewaterhouseCoopers AS, company no. 988 371 084 MVA
Visiting address: Naustdalsveien 1 B, 6800 Førde | Postal address: Postboks 375, N-6802 Førde

Partner in charge/Lawyer in charge: Gunnar Boyum

Med mindre annet skriftlig er avtalt, er alle våre tjenester omfattet av våre alminnelige avtalevilkår.
Unless otherwise agreed in writing, all our services are based upon our Terms of Agreement.

The information transmitted is intended only for the person or entity to which it is addressed and may contain confidential and/or privileged material. Any review, retransmission, dissemination or other use of, or taking of any action in reliance upon, this information by persons or entities other than the intended recipient is prohibited. If you received this in error, please contact the sender and delete the material from any computer.



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen

Sakshandsamar:

Kjersti Døssland

E-post: kjersti.dossland@sfj.no

Tlf: 57 65 61 55

Vår ref.

Sak nr.: 11/3916-3

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

31308/11

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 31.10.2011

Sogn og Fjordane Revisjon IKS

Att: Marianne Vara

Selskapskontroll 2011 – høyringsuttale frå fylkeskommunen

Vi viser til dykkar brev dagsett 17. oktober, inkludert utkast til rapport frå gjennomført selskapskontroll i Firda Billag AS.

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at eigarrolla, inkludert strategiske forventningar til selskapa og rutinar for styresamansetning, er ivare tatt gjennom dei rutinane som er etablert i eigarmeldinga.

Eigarrolla, og arbeidet med eigarmeldinga, er likevel under stadig utvikling, og fylkeskommunen vil ta med seg innspela vidare i denne prosessen.

Med helsing

Jan Øhlckers
fylkesrådmann

Kjersti Døssland
juridisk rådgjevar



19/12

Øvrebø Vidar

Emne: VS: Statusoppdatering på to forv.rev.prosjekt.

Fra: Litsheim Charles

Sendt: 4. september 2012 07:59

Til: Øvrebø Vidar; Tveit Asgeir

Emne: Statusoppdatering på to forv.rev.prosjekt.

God morgon

Syner fyrst til vår e-post av 10.112011 der statusoversyn på igangsette prosjekt vart lista.

For prosjektet i Naustdal med tittelen «Sjølvkostberekningar på VAR sektoren og vurdering av avtale vassverk» er vi godt i gang.

I høve anslått frist for levering er vi no forseinka. Dette skuldast mellom anna ferie, som ikkje vart overlappande (dvs sentrale tilsette for prosjektet i Naustdal hadde ferie før eg tok ferie derfor lang tid utan framdrift i prosjektet), dessutan har eg sendt ut ein førespurnad til teknisk, med kopi til rådmannen sjølvsagt i sommar, som vart purra i førre veke, som eg ikkje har motteke svar på. Eg har tenkt å ringe/sende endå ein e-post purring på denne i løpet av veka.

Med beste helsing

Charles Litsheim

Rev.sjef forvaltning

mob: 91333046

e-post: Charles.litsheim@kryssrevisjon.no

021/12 OPPFØLGING FORVALTINGSREVISJONSRAPPORT – ØKONOMISTYRING - TENESTEANALYSE AV PLEIE OG OMSORG GJENNOM BRUK AV KOSTRA

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 30.08.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	11.09.2012	021/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Revisjonsrapport: Økonomistyring – Tenesteanalyse av Pleie og omsorg gjennom bruk av KOSTRA, 2009.”, datert 26.01.11.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Vedtak i kontrollutvalet - Forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Tenesteanalyse av Pleie og omsorg gjennom bruk av KOSTRA, 2009».

Vedtak kommunestyresak 028/11- Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Pleie- og omsorg

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- SEKOM-sekretariat får i oppgåve å skrive brev til rådmannen og be om hans svar på kva som er gjort av administrasjonen for å følgje opp kommunestyrevedtak 028/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – pleie og omsorg.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

OPPFØLGING FORVALTINGSREVISJONSRAPPORT – ØKONOMISTYRING - TENESTEANALYSE AV PLEIE OG OMSORG GJENNOM BRUK AV KOSTRA

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Oppfølging av kommunestyret sitt vedtak etter gjennomført forvaltningsrevisjonsprosjekt
Tenesteanalyse av Pleie og omsorg gjennom bruk av KOSTRA, 2009, datert 26.01.11.

Saksopplysningar:

Etter § 12 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004 skal kontrollutvalet sjå til at kommunestyrevedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgt opp. Vidare skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret korleis kommunestyret sine merknader til forvaltningsrevisjonsrapportar har blitt følgt opp.

Rapport for forvaltningsrevisjonsprosjektet «Økonomistyring – tenesteanalyse PLO bruk av KOSTRA» vart lagt fram for kontrollutvalet den 28.03.2012. Kommunestyret handsama rapporten i sak 028/11 ” Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Pleie- og omsorg ” i møte 19.05.2011, og gjorde følgjande vedtak:

- *Konkrete problemstillingar knytt til behov, prioritering, produktivitet og dekningsgrad vert innarbeid i oppdragsbeskriving for organisasjonsprosjekt PLO, vedteke i K-sak 03/2011.*
- *Kommunestyret sluttar seg elles til kontrollutvalet si tilråding tilvedtak., og gjorde vedtak i samsvar med kontrollutvalet si tilråding:*

Kontrollutvalet i naustdal hadde følgjande tilråding til kommunestyret:

1. *Det vert vist til revisjonsrapporten ”Økonomistyring – Tenesteanalyse av Pleie og omsorg gjennom bruk av KOSTRA, 2009.”, datert 26.1.2011.*
2. *Rapporten har avdekkja følgjande: Naustdal kommune sine pålagde innrapporteringar av statistikkdata til offentlege styresmakter (SSB), ikkje har hatt, og enno ikkje i 2009, har den kvaliteten den skal. Særleg gjeld dette for IPLOS-data (individbasert pleie- og omsorgsstatistikk) som det over fleire år korkje har vore komplette rapporteringar på, og der faktisk innrapporterte tal etter kommunen sine eigne vurderingar syner seg ikkje alltid å vere korrekte/pålitelege. Dette fråtek at kommunen sjølv fullgodt har kunna bruke slikt talmateriale m.a. i eigne administrative/politiske grunnlagsdokument og til måling av sektorvise måloppnåing – og at offentlege styresmakter med stor grad av pålitelegheit har kunna nyttiggjere seg statistikken til sine føremål.*

3. Kommunestyret ber rådmannen om

- *at rådmannen sikrar at eksisterande rutinar for lovpålagt KOSTRA- og IPLOS-rapportering til styresmakterne er à jour, komplette og i samsvar med gjeldande rettleiarar for slik rapportering.*
- *at rådmannen sikrar at han har klart dedikerte medarbeidarar som er overordna ansvarleg for kommunen si rapportering av slikt talmateriale til offentlege styremakter, då kommunen har informert om at den har utskiftingar i personale som så langt har hatt dette som sitt ansvarsfelt.*
- *at det finst system for å lære opp medarbeidarar i PLO i bruk av journal-sakshandsamarsystemet GERCIA, som er systemet som i sin tur trekkjer ut tala som skal inngå i IPLOS-rapporteringa til styremaktene.*
- *at kommunen etablerer system for å kvalitetssikre eigne KOSTRA-/IPLOS-tal som skal innrapporterast – eller når dei er innrapportert – fortløpande blir vurdert om at er korrekte og fullstendige.*

Det vert vist til rapporten, som ligg ved, for nærare informasjon om funn, vurderingar, konklusjonar og tilrådingar.

Kommunestyret har gjort konkret vedtak i saka. Kontrollutvalet skal, som nemnt, sjå til at vedtaket er følgt opp av administrasjonen. Kontrollutvalet skal også rapportere tilbake til kommunestyret kva som er gjort i høve til merknadane dei hadde til rapporten.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet vurderer det slik at ein bør be administrasjonen om ei tilbakemelding på kva som er gjort i høve til kommunestyrevedtaket.



KRYSS REVISJON

KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

FORVALTNINGS- REVISJONS- PROSJEKT

Naustdal Kommune:

”ØKONOMISTYRING -

***Tenesteanalyse av Pleie- og omsorg
gjennom bruk av KOSTRA, 2009”***

**Rapport tinga av
Naustdal Kontrollutval**

Endeleg rapport levert den: 26.01.2011

INNHALD

1	OPPSUMMERING AV RAPPORTEN: SÆRLEGE UTFORDRINGAR, TILRÅDINGAR OG VIKTIGE FUNN	5
1.1	Særlege utfordringar i forvaltningsrevisjonen: Manglande innrapportering og usikker kvalitet på innrapportert talmateriale frå kommunen	5
1.2	Tilrådingar i rapporten - oppsummering:	6
1.3	Viktige funn i rapporten – KOSTRA-analyse:	7
1.4	Tenesteanalyse av PLO gjennom bruk av KOSTRA- og IPLOS-statistikk	9
1.5	Definisjonar av ord og uttrykk nytta i rapporten	10
2	KVA FORVALTNINGSREVISJON ER	11
2.1	Rettsleg forankring av revisjon og forvaltningsrevisjon	11
2.2	KRYSS-Revisjon	11
3	OM DEN REVIDERTE EININGA – NAUSTDAL KOMMUNE	11
3.1	Organisasjonskart over Naustdal kommune	12
3.1.1	Pleie- og omsorg – slik kommunen presenterer seg sjølv	12
3.2	Kommuneøkonomi og årsverk	14
3.2.1	Overordna nøkkeltal om kommune/økonomi i Naustdal og samanlikna kommunar	14
3.2.2	Årsverk i Naustdal kommune	16
3.2.3	Demografiske data: Folkemengd og befolkningssamansetjing	16
4	BAKGRUNNEN FOR OG PROBLEMSTILLINGANE I FORVALTNINGSREVISJONEN	19
4.1	Formelt om tinginga av forvaltningsrevisjonen	19
4.2	Tingingsdokumentet frå SEKOM	19
4.2.1	Føremålet med – problemstillingar i – og avgrensingar av prosjektet	19
4.3	Revisjonen sine vurderingar av tingingsdokumentet	19
4.3.1	Metodiske implikasjonar ved og tolking av problemstillinga	19
4.3.2	Kva er ein tenesteanalyse – kva føremål har den? – fallgruver i analysen	21
5	REVISJONSKJELDER OG -KRITERIUM	22
5.1	Generelt om revisjonskjelder og revisjonskriterium	22
5.2	Revisjonskjelder og -kriterium i dette prosjektet	22
5.2.1	Problemstilling 1: KOSTRA- og IPLOS-tal brukt i tenesteanalysen	22
5.2.2	Problemstilling 2: Mogelege feil i Kostra- og IPLOS-rapporteringane frå kommunen	24
5.2.3	Revisjonskriterium knytt til problemstillingane i rapporten	25
6	METODE	27
7	PROBLEMSTILLING 1: FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR	29
7.1	Behov	29
7.1.1	Alderssamansetjing som indikator på behov	29
7.1.2	Alderssamansetjing over tid som indikator på behov	31
7.1.3	Mottakarar av Pleie- og omsorgstenester	32
7.1.4	Vurdering: Behov for tenester (jf del 7.1 ff)	32
7.2	Prioritering	33
7.2.1	Prioritering – tenesta samla	33
7.2.2	Vurdering prioritering – tenesta samla (jf del 8.2.1):	34
7.2.3	Tenesteprofil PLO - fordeling av driftsutgifter mellom funksjonar	35
7.2.4	Vurdering Tenesteprofil PLO	36

7.3	Produktivitet	38
7.3.1	Produktivitet, heile tenesta	39
7.3.2	Produktivitet - Heimetenester	42
7.3.3	Produktivitet - Institusjonstenester	47
7.3.4	Vurdering produktivitet – samla	49
7.4	Dekningsgrad	51
7.4.1	Dekningsgrad – tenesta samla	52
7.4.2	Heimetenester	54
7.4.3	Vurdering dekningsgrad – Heimetenestene	56
7.4.4	Institusjonstenester	58
7.4.5	Vurdering dekningsgrad – Institusjonstenester	63
8	PROBLEMSTILLING 2: FAKTA, VURDERING, KONKLUSJON og tilråding	65
8.1	Fakta	65
8.1.1	Manglande rapportering eller mangelfulle rapporteringar – KOSTRA	65
8.1.2	Kvaliteten på IPLOS-rapporteringane	66
8.2	Vurdering og konklusjon KOSTRA- og IPLOS-rapportering:	68
8.3	Tilråding – Kostra og IPLOS -rapportering	69
9	RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR TIL HØYRINGA	69
10	Underskrift	70
11	REFERANSAR	70
12	VEDLEGG:	71
12.1	Omgrep frå SSB – KOSTRA	71
12.2	Kostra-veileder 2009	71

FIGURAR:

Figur 1: Organisasjonskart Naustdal kommune.	12
Figur 2: Oversyn over Årsverk i Naustdal kommune, 2004-2009.	16
Figur 3: Folkemengde i Naustdal 1995-2009 og framskrive 2010-2030.	16
Figur 4: Befolkninga Naustdal etter kjønn og alder. 1.1. 2009. Prosent.	17
Figur 10: Aldersfordeling blant eldre i %. Netto driftsutgifter pleie og omsorgstenesta – pr innbyggjar – og for innbyggjarar 67 år og over, i kr.	34
Figur 11: Fordelinga av kommunen sine nettoutgifter pr innbyggjar 67 år og over til ulike tenester i Pleie og omsorgstenesta.	35
Figur 12: Korrigerte brutto driftsutgifter og årsverk pr mottakar. 2009	39
Figur 13: Korrigerte brutto driftsutgifter pr mottakar av PLO-tenester – 2007, 2008 og 2009	40
Figur 14: Lønsutgifter pr kommunalt årsverk og årsverk i brukarretta tenester pr mottakar:	41
Figur 15: Andel årsverk i brukarretta tenester med fagutdanning – og andel legemeldt sjukefråvær av totalt antal kommunale årsverk i brukarretta tenester.	42
Figur 16: Korrigerte brutto driftsutgifter pr mottakar av kjernetenester til heimebuande. Kroner. 2009.	43
Figur 17: Gjennomsnittleg tal tildelte timar i veka, brukarar utanfor institusjon. 2009.	44
Figur 18: Fordeling av tildelte timar i heimetenesta etter aldersgruppe. 2009.	45
Figur 19: Brukarbetaling, praktisk bistand, i prosent av korrigerte brutto driftsutgifter. 2009.	46
Figur 20: Korrigerte brutto driftsutgifter pr kommunal plass i institusjon, i kroner. 2009.	47
Figur 21: Andel brukarar med noko – middels eller omfattande bistandsbehov. %. 2009.	48
Figur 22: Fordeling heiltidsbebuarar mellom bebuarar på langtidsopphald og korttidsopphald. Prosent. 2009.	49

Figur 23 Andel 80 år + som har institusjonsplass eller får heimeteneste. 2009.....	52
Figur 24: Tenestetilgjengelegheit for eldre 80 år +, prosent. 2009.	53
Figur 25: Andel innbyggjarar i ulike aldersgrupper som mottok heimetenester, i prosent. 2009.	54
Figur 26: Mottakarar av heimetenester, pr 1000 innbyggjarar, ulike aldersgrupper.....	55
Figur 27: Heimebuarar med høg timeinnsats; innbyggjarar over 80 år med heildøgns bemanning; korrigerte brutto driftsutgifter pr. mottakar av heimetenester.	56
Figur 28: Plassar i institusjon i prosent av innbyggjarar 80 år og eldre – og del innbyggjarar 80 år og eldre som bur i institusjon. 2009.	58
Figur 29: Andel innbyggjarar 80 år og over som er bebuarar på institusjon – og andel plassar i institusjon og heildøgnsbemanna bustad i prosent av befolkning 80 år +. Prosent	59
Figur 30: Andel innbyggjarar som er bebuarar i institusjon. 2009. Prosent.	60
Figur 31: Fordeling institusjonsplassar, %. 2009.	60
Figur 32: Fordeling heildøgnsbebuarar, %. 2009.....	61
Figur 33: Andel plassar i einarom i pleie og omsorgsinstitusjonar. %. 2009.	62
Figur 34: Andel brukarar i institusjon med omfattande bistandsbehov, langtidsopphald. Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr kommunal plass. Konsern.	63

TABELLAR:

Tabell 1: Utvalde nøkkeltal for dei samanlikna kommunane – nivå 1. (2007-) 2009.....	14
Tabell 2 Problemstillingar i forvaltningsrevisjonen; revisjonskjelder og revisjonskriterium.....	26
Tabell 3: Folketalet i kommunar i Sogn og Fjordane som høyrer til kommunegruppe 1. Pr. 01.01.2010.....	31
Tabell 4: Befolkningsframskriving Naustdal kommune 2012-2030, alternativ MMMM – middels nasjonal vekst). (Kjelde: SSB).	31
Tabell 5: Institusjonsorienterte kommunar, sortert etter institusjonsandel (utdrag). Rapport 2005....	37
Tabell 6: Manglande innrapporteringar og/eller mistenkjelege tal/mogelege feilrapporteringar i nytta figurar i forvaltningsrevisjonsrapporten – knytt til Kostra.....	66

1 OPPSUMMERING AV RAPPORTEN: SÆRLEGE UTFORDRINGAR, TILRÅDINGAR OG VIKTIGE FUNN

Rettleiing til lesaren av denne rapporten:

Rapporten er samla sett relativt fyllestgjerande. Derfor er den forsøkt oppsummert i dette kapittelet, slik:

- Innleiingsvis er dei særlege *metodiske utfordringane* som revisjonen har møtt, problematisert
- Så er dei *tilrådingane* som er gjort i forvaltningsrevisjonsrapporten dregne ut og presentert samla.
- Vidare er *sentrale funn* frå rapporten dregne ut og presenterte som ei skjematisk oppsummering.
- Endeleg er det gjort greie for kva *tenesteanalysar* er for noko og kva dei kan nyttast til.

1.1 Særlege utfordringar i forvaltningsrevisjonen: Manglande innrapportering og usikker kvalitet på innrapportert talmateriale frå kommunen

Èi særleg utfordring i dette forvaltningsrevisjonsprosjektet knytt til å gjere ein såkalla **tenesteanalyse** av Pleie- og omsorg (PLO) i Naustdal kommune (problemstilling 1), har vore at dei tala kommunen er pålagde å rapportere inn til styresmaktene (SSB), både har vore *mangelfulle* og at det har hefta tvil om *kvaliteten* på faktisk innrapporterte tal. Dette gjeld særleg tal knytt til individbasert pleie- og omsorgsstatistikk (IPLOS), og som er tekne inn og nytta i Kostra slik dei er presenterte i enkelte av figurane i rapporten. Dette gjer at vi i denne revisjonen ikkje ukritisk har kunna nyttiggjere oss IPLOS-talmaterialet, noko som i sin tur gjer at ein ikkje får utført så nyanserte og heilskaplege analysar som er tilfelle om ein *både* kan nytte Kostra-tal der også IPLOS-tal er dregne inn.

Manglane ved kommunen sitt talmateriale, særskilt for IPLOS, har kommunen ved Kjell Skaflestad elles sjølv problematisert andsynes forvaltningsrevisor i samband med revisjonen, både i møter, i notat der kommunen er bede om å utdjupe regimet kring IPLOS-rapporteringane – og tydelegast i kommunen sitt svar på den førebelse ”dialogversjonen” av forvaltningsrevisjonsrapporten: Her heiter det frå kommunen at det i figurar i rapporten som byggjer på kommunen sine innrapporterte IPLOS-tal er ”*store feilkjelder*”, men at utviklinga har vore at kommunen har rapportert inn stadig større datamengder over tid, slik at ”*vi trur såleis at 2009-talla på mange område nærmar seg eit korrekt nivå, sjølv om det også her er betydelege feil*”, heiter det frå kommunen.

Revisjonen poengterer for sin del at flesteparten av dei presenterte figurane i rapporten likevel byggjer på Kostra-tal **der IPLOS -tal ikkje er dregne inn**, slik at desse figurane av denne grunn skal vere korrekte og kunne nyttast til det dei er meinte for i denne samanhengen – ein tenesteanalyse av PLO i Naustdal kommune.

Metodisk har revisjonen i rapporten løyst problematikken kring manglande pålitelegheit på IPLOS-tala, slik: Også figurar som, i tillegg til reine Kostra-tal, byggjer på IPLOS -tal, *er* tekne med i rapporten. Men for dei av figurane kommunen (i dialogversjonen av rapporten) har bemerka at innrapporterte IPLOS -tal likevel ikkje kan vere korrekte – så har revisjonen unnlate å gjere analysar av presenterte tidsseriar for åra 2007-2008. I staden har vi avgrensa oss til å nytte tala for året 2009 åleine, då kommunen er av den oppfatninga at det er dei ferskaste tala det er hefta minst feil ved (jf ovanfor).

Årsaka til at revisjonen likevel har valt å *presentere* figurar som også byggjer på IPLOS -data, sjølv om desse ikkje er korrekte – men altså ikkje har gjort nærare *analysar* av det same materialet – er

som ledd i å dokumentere evt. feil og manglar ved Kostra/ IPLOS, som problemstilling 2 i rapporten ber om at vert dokumentert. Dei avdekka manglane ved kommunen sine innrapporteringar og innrapporterte tal, er eit viktig funn i seg sjølv, og har vidare konsekvensar enn det ovanfor omtalte – og er omtalt nærare i del 8 i rapporten.

1.2 Tilrådingar i rapporten - oppsummering:

Problemstilling 1: <i>Kontrollutvalet ynskjer å få utført tenesteanalyse for PLO i Naustdal kommune for 2009. Ved samanliknande analyse skal ein samanlikne med aktuell kommunegruppe, fylket og landet.</i>	
Kapittel 7	Revisjonen har ikkje gjeve tilrådingar
Problemstilling 2: <i>Dersom revisjonen i tenesteanalysen kjem over funn som indikerer feil i KOSTRA – eller IPLOS-innrapporteringa, vert dette gjort greie for i rapporten.</i>	
Kapittel 8	Denne forvaltningsrevisjonen har avdekka at Naustdal kommune sine pålagde innrapporteringar av statistikk-data til offentlege styresmakter (SSB), ikkje har hatt – og enno ikkje i 2009 – har den kvaliteten den skal. Særleg gjeld dette for IPLOS-data (individbasert pleie- og omsorgsstatistikk) som det over fleire år korkje har vore komplette rapporteringar på, og der faktisk innrapporterte tal etter kommunen sine eigne vurderingar syner seg ikkje alltid å vere korrekte/pålitelege. Dette fråtek at kommunen sjølv fullgodt har kunna bruke slikt talmateriale m.a. i eigne administrative/politiske grunnlagsdokument og til måling av sektorvise måloppnåing – og at offentlege styresmakter med stor grad av pålitelegheit har kunna nyttiggjere seg statistikken til sine føremål. TILRÅDING: ○ Revisjonen tilrår at rådmannen sikrar at eksisterande rutinar for lovpålagt Kostra- og IPLOS-rapportering til styresmaktene er <i>à jour</i>, komplette og i samsvar med gjeldande rettleiarar for slik rapportering. ○ Vidare at rådmannen sikrar at den har klart dedikerte medarbeidarar som er overordna ansvarleg for kommunen si rapportering av slikt talmateriale til offentlege styresmakter, då kommunen har informert om at den har utskiftingar i personale som så langt har hatt dette som sitt ansvarsfelt. ○ Dessutan at det finst system for å lære opp medarbeidarar i PLO i bruk av journal- og sakshandsamarsystemet GERICA, som er systemet som i sin tur trekkjer ut tala som skal inngå i IPLOS-rapporteringa til styresmaktene. ○ Endeleg at kommunen etablerer system for å kvalitetssikre eigne Kostra-/IPLOS-tal som skal innrapporterast – eller når dei er innrapportert – fortløpande blir vurdert om at er korrekte og fullstendige.

1.3 Viktige funn i rapporten – KOSTRA-analyse:

Nedanfor er viktige funn i rapporten drege ut og presenterte punktuelt:

Analysen har peikt på – Behov:

1. Naustdal ligg på topp når det gjeld talet på mottakarar av *Pleie og omsorgstenester* pr 1000 innbyggjarar i aldersgruppa 67-79 år blant dei samanlikna kommunane.
2. Hovudgruppa av mottakarar av pleie- og omsorgstenester er eldre, dvs. innbyggjarar 67 år og over. Materialet fortel at Naustdal har større behov for pleie- og omsorgstenester enn som er snittet for landet og kommunegruppa.
3. Det samla folketalet i Naustdal vil vere nesten stabilt fram mot år 2030, men den *relative alderssamansetjinga* vil endre seg i retning av fleire eldre.
 - Det vil bli færre unge i Naustdal, men talet eldre vil auke, både i aldersgruppa 70-79 år og i aldersgruppa 80 år +, og dermed aukande pleie - og omsorgsbehov og -utgifter.

Analysen har peikt på – Prioritering:

1. Naustdal var i 2009 blant kommunane som har høgast netto driftsutgifter til pleie- og omsorgstenester for aldersgruppa 67 år og over.
2. Fordelinga av netto driftsutgifter (pr innbyggjar 67 år og eldre) for tenestene i PLO innbyrdes syner at Naustdal hadde høgast utgiftsnivå til *Tenester for heimebuande* (og nytta mindre pengar til Tenester til institusjonar og minst pengar til Aktivisering) – ein trend lik som for kommunane det er samanlikna med. Likevel brukte Naustdal *langt meir* pengar til tenester for heimebuande enn det dei samanlikna kommunane gjorde. Ut frå dette kan Naustdal rubriserast som ein **heimetenesteorientert** kommune (og markerer gjennom dette såleis ei gliding vekk frå at kommunen i ein rapport frå 2005 vart definert som ein **institusjonsorientert** kommune).
3. Tilsvarende hadde Naustdal i 2009 også større korrigererte *brutto* driftsutgifter pr mottakar av kommunale pleie og omsorgstenester enn dei samanlikna kommunane.

Analysen har peikt på – Produktivitet:

1. Naustdal har *høgast årsverkverknad* pr mottakar (0,5 årsverk) i brukarretta tenester av dei samanlikna kommunane.
2. Naustdal sine *lønsutgiftene pr kommunalt årsverk* (kr 559 716) er *lågare* enn for kommunegruppa (kr 561854) og for landet sett under eitt (kr 566212).
3. Naustdal er den kommunen med størst del (77%) årsverk *med fagutdanning* i brukarretta tenester av dei samanlikna kommunane.
4. Naustdal har *eit sjukefråvær* (7,9%) som er lågare enn landssnittet (8,7%) men høgare enn same kommunegruppe (7,8%) og for fylket (7,4%).
5. Naustdal har *høgast korrigererte brutto driftsutgifter* mellom dei samanlikna kommunane for:
 - .heimetenestene
 - institusjonstenestene
 - (og pr mottakar, PLO-tenesta samla, jf ovanfor)
6. Naustdal er den kommunen med flest bebuarar med *avgrensa pleiebehov* av dei samanlikna kommunane.

7. Naustdal er av dei kommunane som *tildeler færrest timar i veka (7,7)* til brukarar utanfor institusjon av dei samanlikna kommunane (berre Selje tildeler færre timar pr veke).
8. Naustdal – ulikt alle kommunane det er samanlikna med – tildeler nesten *like mange timar* heimeteneste til folk i aldersgruppa 0-66 år (49%) som i aldersgruppa 67 år + (51%).
9. Naustdal er den kommunen sin *i minst grad nyttar brukarbetaling (0,7%)* til å finansiere praktisk bistand av dei samanlikna kommunane
10. Naustdal er den kommunen som, av dei samanlikna kommunane, har dei *høgaste* korrigerte brutto driftsutgiftene til:
 - *pleie*, funksjon 253
 - *drift*, funksjon 261
11. Naustdal er den kommunen som *i størst grad (58,1%)* har brukarar med *noko/avgrensa* *bistandsbehov* – og tilsvarande *låg andel* brukarar (14,9 %) som har *omfattande* *bistandsbehov* av dei samanlikna kommunane

Analysen har peikt på – **Dekningsgrad:**

12. Naustdal kommune har *lågast omfang* innbyggjarar i aldersgruppa 80 år + som *mottek institusjons- eller heimetenester* av dei samanlikna kommunane – 53,2% mottek ikkje slike tenester.
1. Naustdal kommune har den *lågaste institusjonsdekninga* målt i innbyggjarar 80 år + av dei samanlikna kommunane: Delen 80 åringar og eldre som bur i institusjon var på 13,5 % av innbyggjarmassen i denne aldersgruppa – medan kommunen sin kapasitet til å tilby institusjonsplass/heildøgnsbemanna bustad til innbyggjarar over 80 år var på 15,6%. Dette kan indikere at terskelen for å få institusjonsplass er høgare i Naustdal enn i andre kommunar.
2. Naustdal har, når ein ser på samansetjinga av institusjonstilbodet fordelt på ulike typar plassar, *høgast tal plassar (36,4%) i skjerma eining* for aldersdemente av dei samanlikna kommunane.
13. Naustdal kommune er den kommunen med *lågast romdekning (81,8%)* – dvs som har eige rom – blant bebuarar i pleie og omsorgsinstitusjonar av dei samanlikna kommunane.
3. Naustdal er den kommunen som, i aldersgruppa 67-79 år, har flest *heimetenestebrukarar* pr 1000 innbyggjarar av dei samanlikna kommunane.
4. Naustdal har *høgste brutto driftsutgifter pr tenestemottakar av heimetenester* av alle dei samanlikna kommunane

1.4 Tenesteanalyse av PLO gjennom bruk av KOSTRA- og IPLOS-statistikk

Denne forvaltningsrevisjonen omhandlar *ressursbruk i Pleie- og omsorgstenesta* i (2007-) 2009 i Naustdal kommune og dei kommunane det er naturleg å samanlikne seg med, basert på samanstilling av statistiske data frå KOSTRA og ideelt sett også frå IPLOS (jfr seinare).

Denne forvaltningsrevisjonen er *ein hybrid*: Innanfor dei formelle og bindande rammene som er sett til revisjonen for gjennomføringa av og innhaldet i forvaltningsrevisjonar i kommunar (nedfelt i den såkalla *RSK 001-standard*) – ligg revisjonen tett opp til den metodiske standarden KS (gjennom KS – Effektiviseringsnettverkene) nyttar for skriving av såkalla *"tenesteanalysar"* i Noreg.

Datagrunnlaget for analysen er stort; offentleg statistikk innrapportert frå den reviderte kommunen sjølv og dei samanlikna kommunane, gjennom dei offentleg pålagde KOSTRA- og IPLOS-rapporteringane.

Kommunale pleie- og omsorgstenester utgjer ein komplisert og samansett meny, og kommunar har ulik vektning og samansetjing av tenester. Ved utarbeiding av rapporten har siktemålet vore å vise dei *viktigaste indikatorane*, inndelt i dimensjonane:

- **Behov**
- **Prioritering**
- **Dekningsgrad**
- **Produktivitet...**

... for slik å få auka innsikt i samanhengane mellom ressursinnsats, resultat og kvalitet. Vi skuldar å gjere merksam på at det er *det samla tenestetilbodet* til ulike aldersgrupper som må vurderast, og ein bør t.d. ikkje vurdere heimetenester og institusjonstenester kvar for seg, men sjå tenestetilbodet som ein heilskap.

I KS Effektiviseringsnettverk er noko av målet med å gjennomføre tenesteanalysar, der tilsette i kommunane sjølve er med i nettverksgrupper der slike analysar vert utarbeidde, at deltakarane får **auka kunnskap og medvit om tenester og praksis i eigen kommune, og at lærdomen har overføringsverdi og kan nyttast når deltakarane kjem "tilbake til kvardagen"**.

I tråd med dette: Noko av intensjonen med dette forvaltningsrevisjonsprosjektet og utarbeidinga av tenesteanalysen, er at kommunen sine politikarar og administrasjon får eit statistisk oversyn over status innan PLO i Naustdal kommune. Dette kan så danne basis for dialog og arbeid med funna frå rapporten som ledd i å finne forbettringsområde og tiltak/endingar som bør følgjast opp. Skilnadene i funna mellom dei samanlikna kommunane kan gje indikasjonar på om Naustdal "har noko å hente" ved å endre praksis i form av betra tenesteyting og/eller effektivisert ressursbruk. Endeleg vil det for kommunen sjølve vere mogeleg å gjennomføre eit tilsvarande statistisk-metodisk opplegg seinare, etter mal frå denne forvaltningsrevisjonen, om det er ynskjeleg.

Det er viktig å understreke at presentasjon og tolking av statistikk, som denne forvaltningsrevisjonen er, *ikkje* åleine kan gje eit samla bilete av den faktiske stoda innan PLO i Naustdal. Dei ansvarlege for tenesta i kommunen vil kunne gje eit kompletterande og utdjupande bilete, "dei kjenner best kor skoen trykkjer", basert på erfaring frå drifta over tid. Av den grunn har det frå revisjonen si side alt frå starten av blitt lagt opp til dialog med dei berørte i kommunen; m.a. er eit førebels utkast til rapporten (NB! forut for formelt høyringsutkast til rådmannen) sendt til kommunen for deira subjektive vurdering av, innspel på og supplering av dei omtalte statistiske funna. Denne førebelse rapporten er kalla "Dialogversjon – forvaltningsrevisjonsrapport".

1.5 Definisjonar av ord og uttrykk nytta i rapporten

- ❖ **KOSTRA** står for KOmune-STat-RApportering (sjå del 5 ff.). Statistisk sentralbyrå har foretatt en ny gruppering av kommunane i 29 kategoriar. Kommunane er her gruppert langs tre ulike dimensjoner:¹
 - 1. **Folkemengde**, hvor vi skiller mellom små, mellomstore og store kommuner. Små kommuner har færre enn 5000 innbyggere, mellomstore har fra 5000 til 19999 innbyggere, mens store kommuner har 20000 eller flere innbyggere.
 - 2. **Bundne kostnader per innbygger**, som er et mål på kommunenes kostnader for å innfri minstestandarder og lovpålagte oppgaver, og disse kostnadene varierer med demografiske, sosiale og geografiske forhold.
 - 3. **Frie disponible inntekter per innbygger**, som er et mål på hvor mye inntekter kommunene har til disposisjon etter at de bundne kostnadene er dekket, og gir en antydning av kommunenes økonomiske handlefrihet.
- ❖ **Kommunegruppe 1 (sjå KOSTRA)**: Er definert som små kommunar med middels bundne kostnader per innbyggjar, lave frie disponible inntekter².
 - Dette gjeld kommunane: Gaular, Naustdal, Selje, Hvaler, Trøgstad, Skiptvet, Våler, Hobøl, Gjerdrum, Hurdal, Sigdal, Krødsherad, Hof, Andebu, Tjøme, Lardal, Siljan, Froland, Birkenes, Lindesnes, Lund, Bjerkreim, Finnøy, Rennesøy, Fitjar, Vanylven, Skodje, Aukra
- ❖ **IPLOS**: IPLOS er nemninga på et nasjonalt helseregister som skal danne grunnlag for nasjonal statistikk for pleie- og omsorgssektoren. Det er et verktøy for dokumentasjon, rapportering og statistikk for kommunane og for statlige styresmakter.
- ❖ **KS**: Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon
- ❖ **PLO**: Pleie- og omsorg. Eit av fleire administrative tenesteområde i kommunen.
- ❖ **Tenesteanalyse** er ei systematisk og balansert vurdering og tolking av tenesta sine einskilddelar og heilskap. Analysen skal ideelt sett fungere som et strategisk og fagleg grunnlagsdokument for dialog om forbetningsområde i tenesta.

¹ <http://www.ssb.no/emner/00/00/20/kostra/>

² <http://www.ssb.no/emner/00/00/20/kostra/>

2 KVA FORVALTNINGSREVISJON ER

Denne rapporten er utarbeidd av KRYSS- Revisjon på oppdrag frå kontrollutvalet i Naustdal kommune. Oppdraget vart formalisert gjennom vedtak i kontrollutvalet og eiga skriftleg tinging; seinast gjennom justert tinging frå kontrollutvalet gjennom SEKOM, datert 14.09.2009:

"Økonomistyring – vurdere Pleie og omsorg – Naustdal kommune". Metodikken forvaltningsrevisjonen byggjer på, i tillegg til å innfri krava i RSK 001, er ein såkalla *tenesteanalyse*, slik denne er utvikla av KS.

2.1 Rettsleg forankring av revisjon og forvaltningsrevisjon

Kravet om *revisjon* av kommunal verksemd er heimla i Kommuneleva § 78, og i Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner, fastsett av KRD den 15. juni 2004.

Forvaltningsrevisjon er ein sjølvstendig disiplin innan revisjonsfaget, og er rettsleg forankra i Kommuneleva § 78 og Forskrift om revisjon, § 6. I Forskrift om revisjon § 7 vert det fastslått at forvaltningsrevisjon skal skje etter god kommunal revisjonsskikk og etter anerkjende standardar. I dette prosjektet er den såkalla **"RSK 001 – standard for forvaltningsrevisjon"** nytta som basis for å svare på tinginga, om ikkje anna er presisert.

2.2 KRYSS-Revisjon


KRYSS-Revisjon er eit interkommunalt samarbeid oppretta etter Kommuneleva § 27, og verksemda er resultatet av samanslåinga av dei tre tidlegare revisjonsdistrikta i Ytre Sogn, Ytre Sunnfjord og Indre Sunnfjord. Samarbeidet har to *forvaltningsrevisorar* tilsette på heiltid.

3 OM DEN REVIDERTE EININGA – NAUSTDAL KOMMUNE

Naustdal kommune presenterer pr juni 2010 seg slik på heimesida si:

Naustdal kommune er ei jordbruksbygd. Vi er om lag 2700 personar i kommunen, der rundt halvparten bur i og omkring sentrum. Største arbeidsgjevaren er Naustdal kommune. Arealet er ca. 370 km², og naturen spenner frå kyst-/fjordlandskap i vest, til høg fjell i nordaust. Naustdal sentrum ligg om lag midt i lengdeaksen av kommunen, og herfrå går dalføret i lett stigning inntil det endar opp i høgaste punktet Blåfjellet, på 1390 m.o.h.

3.1 Organisasjonskart over Naustdal kommune³



Figur 1: Organisasjonskart Naustdal kommune.

(Kjelde: <https://www.naustdal.kommune.no/Filnedlasting.aspx?MIId=20&FIId=88&back=1&MIId2=49>)

Under rådmannen sit ein rådgevar for helse og sosial. Seksjon Pleie og omsorg er ein av tre seksjonar som sorterer under denne att, jf organisasjonskartet over.

Seksjon Pleie og omsorg er leia av ein seksjonsleiar – som har ansvar for Naustdal sjukeheim (inkl kjøkken); heimesjukepleien, heimehjelpstenesta og heimetenester for funksjonshemma. Talet på årsverk i PLO har gått ned dei seinare åra – frå kring 80 årsverk i 1994 til kring 71 årsverk i 2009.

3.1.1 Pleie- og omsorg – slik kommunen presenterer seg sjølv⁴

“Seksjon Pleie og omsorg yter omsorgstenester til både heimebuande og institusjonsbebuarar, og omfattar 3 store avdelingar med heildøgnsdrift. Seksjonen har ei administrativ eining med til saman 3,35 årsverk, medrekna seksjonsleiar i heil stilling. Til medio august har seksjonsleiar hatt 50 % permisjon, som er delvis kompensert ved at nokre tilleggsoppgåver er tillagt avd.leiar ved sjukeheimen. Seksjon Pleie og Omsorg er den største av dei kommunale seksjonane med til saman 71,6 årsverk. Ein reduksjon med 2,3 årsverk i hove til 2008. Reduksjonen har samband med “prosjekt Gardsbøen”, som var innarbeidd i budsjett 2009 med ei innsparingsforventning på 1,8 mill kr.

³ <https://www.naustdal.kommune.no/Filnedlasting.aspx?MIId=20&FIId=88&back=1&MIId2=49>

⁴ Henta frå Årsmeldinga Naustdal kommune 2009, PLO

Prosjektet greidde berre å oppnå ei innsparing på vel 2 årsverk, tilsvarende 680.000 kr i 2009, 1,1 mill kr på årsbasis. Manglande måloppnåing i innsparings-prosjektet, saman med ekstra utgifter til naudsynt kjøp av vikartjenester og ekstrabemannning ved høg press på institusjonen, er hovudårsaka til eit rekneskapsmessig overforbruk i 2009 på 1, 8 mill kr.

Det har også i 2009 vore arbeidd med å vidareutvikle bruken av elektroniske verktøy i både i fagavdelingane og administrativt. Oppknytning mellom fagprogramma og økonomikontoret sine IT verktøy for løn og personaladministrasjon, er ein vesentleg hindrings-faktor i høve til å oppnå full effekt av IT-investeringane i seksjonen.

Samla sjukefråvere ved seksjonen var i 2008 på 8,10 %, ein nedgang på 1,2 % i høve 2008.

Naustdal sjukeheim:

Sjukeheimen si oppgåve er å gje dei innbyggjarane som har behov for det, tilbod om heildøgn pleie og omsorg.

Sjukeheimen har i 2009 vore organisert som ei avdeling, med 22 plassar. Sengeplassane er fordelt på to etasjar, slik at 4 einerom vert disponerte som 2- sengsrom. Den eine etasjen med 8 einerom, vert nytta som demens avdeling. Sokkeletasjen med 10 rom har som ledd i "unntakstilstanden" i kommunen stått tom, eller vore nytta som buening for brukarar innafor heimesjukepleien. Med unntak av ein kort periode for jul, har det ikkje vore eige personale knytt til denne etasjen. Sjukeheimen har hatt ca 23,5 stillingsheimar, medrekna 100 % til administrasjon, 2,6 stillingar til reinhald/vaskeri og 2,5 stillingar til kjøkken.

Belegget pr. 31.12. 2009 var 25 pasientar, eit overbelegg på 3 pasientar. I deler av 2009 har det vore store vanskar knytt til belegg og krav om / behov for enkeltrom. I ein periode vart dette løyst ved å setje inn ekstra personale i tilknytt til nokre rom i sokkeletasjen. Romsituasjonen medfører ein god del uønska og uheldig flytting av pasientar.

Inntaksnemnda har hatt 27 møte i 2009. Det er gjort 9 vedtak om langtidsopphald, og 26 vedtak om korttidsopphald. Det er gitt 4 avslag på søknader om institusjonsplass. Alle søkjarar har fått tilbod om alternative tenester. Det er gjort 1 vedtak om fast plass i bukollektivet, og 1 avslag.

Det har vore 7 dødsfall ved sjukeheimen i 2009. Det har til saman vore handsama 6 klager. 3 av desse klagenes gjeld betalingsvedtak — 2 av klagenes gjekk vidare til Helsetilsynet der kommunen fekk medhald, medan den tredje fekk delvis medhald ved ny behandling i PLO. Det har elles vore 1 klage på langtidsopphald og 1 klage på heimehjelpstildeling. Desse er framleis til handsaming. I ei klage på heimesjukepleie fekk kommunen og medhald i Helsetilsynet.

Det har hausten 2009 vore utført branntilsyn ved sjukeheimen.

Sjukeheimen har eit netto overforbruk i høve budsjett, på ca. 500000 kr i 2009. Lønnskostnadane for avdelinga er i positiv balanse. Overforbruket skuldast hovudsak lågare lønsrefusjonar enn forventa, i tillegg til auka kostnader til medikament og medisinsk forbruksmaterieil.

Heimesjukepleie/heimehjelp:

Heimesjukepleie/heimehjelpstenesta skal bidra til at personar med pleie og omsorgsbehov skal få bu og leve sjølvstendig og ha eit meningsfylt liv i fellesskap med andre. Avdelinga har og ansvar for tilbodet til 8 bebuarar i bukollektivet ved NAS, og til bebuarar i småhusa kring NAS.

Tenesta har samla 15,95 årsverk, medrekna 80 % adm. ressurs til avdelingsleiar.

Vedtaksnemnda handsamar alle søknader om tenester, utanom institusjon og bukollektiv, og har i 2009 hatt 24 møte og handsama 100 nye søknader, (53 heimesjukepleie, 32 heimehjelp, 10 tryggleiksalarm og 5 middags-ombringning) i tillegg til revurdering av 103 heimesjukepleievedtak og 85 heimehjelpsvedtak. Alle saker vert vurdert på nytt min. halvårleg.

Ved årsskiftet har 69 heimebuande vedtak om heimesjukepleie, medan 52 har vedtak om heimehjelp. 24 personar har utplassert tryggleiksalarm og 9 personar får tilbrakt middag frå kjøkkenet på sjukeheimen. Bukollektivet ved NAS har 8 bebuarar.

Heimesjukepleien tilbyr heildøgnteneste, og får stadig auka utfordringar i høve til auka tal brukarar og meir komplekse arbeidsoppgåver. I periodar har heimehjelpene og medverka i pleieoppgåver, og yter elles praktisk hjelp til heimebuande og bebuarar i bukollektivet.

Avdelinga har eit netto overforbruk i hove budsjett, på ca. 450 000,- kr. Det meste av dette overforbruket skriv seg frå behovet for å kjøpe tenester frå vikarbyrå, i samband med ferieavviklinga.

Heimetenester for Funksjonshemma:

Avdeling HFF gjev omsorgs- og utviklingstilbod til yngre funksjonshemma i omsorgsbustadar og avlastningsbustadar. Tenesteområdet har avdelingsleiar i 160 % stilling og 3 fagteam-leiarar, kvar med 20 % ressurs til fagleg teamleing og individuell planlegging for den einskilde tenestemottakar. Avdelinga har til saman 28,8 årsverk etter personalreduksjon som følgje av pålagt innsparingsprosjekt.

Avdelinga yter tenester til 15 bebuarar i kommunale omsorgsbustadar, (auke med 1 i hove 2008) i tillegg bemannar dei ein avlastnings-bustad. Avdelinga har base med kontor og personalrom i Gardsbøen bufellesskap, der også 9 av tenestemottakarane bur. Avlastningsleilegheita er og plassert i Gardsbøen. Fem tenestemottakarar bur framleis i Naustdalstunet.

Avdelinga har store utfordringar i høve til å imøtekomme brukarane sine mange og samansette behov. Tenesteområdet har forholdsvis mange brukarar med høgt hjelpebehov, og flytting til nye lokale har utgjort ei betydeleg utfordring for både bebuarar og tilsette. Avdelinga har og slite med rekrutteringsvanskar og eit betydeleg fråvere, med negativ verknad for arbeidsmiljøet. Dette er det sett auka fokus på i 2009, m.a. gjennom eit eige arbeidsmiljø-prosjekt. Saman med auken i leiarressurs har prosjektet gitt positiv effekt i avdelinga, noko som mellom anna gjev seg utslag i reduksjon. Rekneskapen for 2009 syner eit underforbruk på ca kr. 430 000,-. Som i vesentleg grad skriv seg frå lågare lønnskostnader og høgare lønsrefusjonar enn budsjettet.

Økonomisk resultat PLO:

Seksjonen har eit rekneskapsmessig overforbruk på ca 1,8 mill kr. Overskridinga skriv seg frå uoppnådde innsparingsforventningar og naudsynt bruk av vikarbyrå.

Seksjonen har eit korrigert overforbruk på kr. -411.792 “.

3.2 Kommuneøkonomi og årsverk

3.2.1 Overordna nøkkeltal om kommune/økonomi i Naustdal og samanlikna kommunar

For å kunne seie noko fornuftig om kva som er ”riktig nivå” på tenester innan PLO i Naustdal, er ein nøydd til å seie noko også om dei økonomiske rammene til kommunen. Som ein kjent norsk rikmann sa, på spørsmål om det ikkje blei vel dyrt: ”Spørsmålet er ikkje kva det kostar, men kva du har råd til”. For ein kommune vil svaret vere mykje av det same, i og med at kommunane kan ha relativt ulik økonomisk plattform.

Naustdal kommune seier dette i dialogversjonen til rapporten⁵:

Naustdal kommune fekk desse åra elles betydelege ekstra skjønstilskot frå Fylkesmannen, som følgje av ein plan for nedbetaling av oppsamla underskot..

Tabell 1: Utvalde nøkkeltal for dei samanlikna kommunane – nivå 1. (2007-) 2009.
(Kjelde: SSB/Kostra)

	1433 Naustdal	1433 Naustdal	1433 Naustdal	1430 Gaular	1441 Selje	KG01 Gj.snitt kommun egruppe 01	KA14 Gj.snitt Sogn og Fjordane	AKUO Gj.snitt landet utenom Oslo
	2007	2008	2009	2009	2009	2009	2009	2009
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	5,7	9,5	5	2,2	3,3	3,2	3,6	1,3
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	4,4	7,4	3,6	0,7	2,9	5,1	3,8	2,7

⁵ Jf Kjell Skaflestad i ”Innspeil til dialogversjon – forvaltningsrevisjon”, s 2.

Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	199,2	179,4	186,1	180,7	197,6	166,5	190,4	175,9
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	7,5	6	13,4	28,7	18	29,4	19,7	22
Frie inntekter i kroner per innbygger	35381	38632	40946	41454	42496	35983	38779	33708
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	37287	44070	43050	39213	52469	36290	47711	36576

Tabellen over (tabell 1) gjev eit oversyn over utvalde økonomiske nøkkeltal for dei samanlikna kommunane. For Naustdal er tal for dei tre siste åra tekne med.

FUNN:

Først ser vi på forholdet mellom brutto og netto driftsresultat: Brutto driftsresultat viser kommunen sitt "overskot" på drifta, medan netto driftsresultat kjem fram etter at ein har teke omsyn til netto rente- og avdragsbelastning.

Naustdal hadde i 2009 eit *brutto driftsresultat* på 5%, som er det beste av alle dei samanlikna; Gaular hadde 2,2% og Selje 3,3% same år – medan landssnittet er på 1,3%. Tabellen syner vidare at tala for Naustdal har variert frå 5,7% i 2007 til 9,5% i 2008.

Netto driftsresultat i 2009 syner at rekneskapstala for Naustdal var 3,6 %; Gaular 0,7% og Selje 2,9% - medan landssnittet var 2,7%. Tabellen syner vidare at tala for Naustdal har variert frå 4,4% i 2007 til 7,4% i 2008. Kostra har ikkje data som kan indikere *årsakene* til at driftsresultatet i kommunane er som dei er.

Lånedekningsgraden viser langsiktig netto lånegjeld i % av sum driftsinntekter ekskl. renter. Lånedekningsgraden syner kva belastning den langsiktige gjelda er for kommunen. Tabellen over syner at Naustdal i 2009 har *lågare* (186,1) langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter enn Selje (197,6) og fylket (190,4), men *høgare* enn Gaular (180,7) og kommunegruppa (166,5).

Gjennomgangen av dei andre indikatorane for kommuneøkonomi i tabellen syner at Naustdal har *større frie inntekter pr innbyggjar* (kr 40946) enn eiga kommunegruppe (kr 35983), fylket (38779) og landet sett under eitt (kr 33708) – men mindre enn nabokommunane Gaular og Selje.

Samtidig har Naustdal (kr 43050) *større netto lånegjeld pr innbyggjar* enn Gaular (kr 39213), landssnittet (kr 36576) og eiga kommunegruppe (kr 36290), men mindre enn Selje (kr 52469) og Sogn og Fjordane (kr 47711).

Oppsummerande kan ein seie dette om Naustdal sin kommuneøkonomi – uttrykt gjennom Kostra-terminologien "kommunegruppe 1" som Naustdal er plassert i (jf kapittel 6): "*Små kommuner med middels bundne kostnader per innbygger, lave frie disponible inntekter*".

3.2.2 Årsverk i Naustdal kommune

OVERSYN ÅRSVERK 2004 – 2009

	2 004	2 005	2006	2007	2008	2009
Sentraladministrasjonen	10,7	8,9	8,7	8,3	7,3	8,8
Sosial/barnvern	2,6	3	3,6	3,6	3,8	4,8
Helse	10,9	9,9	10,4	11,5	12,7	13,1
Vevring barnehage	2,6	2,6	2,5	2,4	2,5	2,8
Lunden barnehage	12,4	13,5	11,3	13,5	16	17,5
Horstad barnehage	3,2	3,2	6,4	6,8	6,8	8,1
Pleie- og omsorg	80,8	77,4	75,3	69,7	73,6	71,6
Naustdal skule	36,5	40	36,1	36	40	36,4
Vevring skule	4,5	5,1	3,9	4,2	3,7	4,5
Horstad skule	0	0	0	0	0	0
Midtredalen skule	0	0	0	0	0	0
Dalen skule	8,1	12,2	11,3	10,8	11	11,1
Teknisk drift	5,9	9,2	9,9	9,1	10,2	11,0
Plan- og næring	4,5	0	0	0	0	0
	182,7	185	179,4	175,9	187,6	189,7
Diverse stillingar*	9	7	11,7	9	11,9	5,0
Sum årsverk:	191,7	192	191,1	184,9	199,5	194,7

* (Kultur, brannvern, bibliotek, 10% midlar, Musikksskule, m.m.)

Figur 2: Oversyn over Årsverk i Naustdal kommune, 2004-2009.


(Kjelde:

http://innsyn.ekommune.no/innsyn_naustdal/vfdocument.aspx?journalpostid=2010002006&dokid=16438&version=3&variant=P&ct=RA-PDF)

3.2.3 Demografiske data: Folkemengd og befolkningssamansetjing

Nedanfor er det gjeve eit oversyn over folkemengda i Naustdal over tid (figur/tabellarisk) – og for dei samanlikna kommunane Naustdal, Gaular og Selje er det gjeve oversyn over befolkningssamansetjinga etter kjønn og alder. Denne statistikken dannar bakteppe for analysane seinare i rapporten.

Innbyggjarar i Naustdal kommune: 1.1.2010: 2 675



Figur 3: Folkemengde i Naustdal 1995-2009 og framskrive 2010-2030.

(Kjelde: http://www.ssb.no/kommuner/hoyre_side.cgi?region=1433).

Befolkninga i Naustdal 2001-2009. Absolutte tal

1433


Naustdal

2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
2728	2751	2731	2696	2682	2699	2658	2668	2655	2675

Tabell 2: Befolkninga i Naustdal 2001-2009.

(Kjelde: www.ssb.no/kostra).

Befolkninga i Naustdal etter kjønn og alder




Figur 4: Befolkninga Naustdal etter kjønn og alder. 1.1. 2009. Prosent

(Kjelde: http://www.ssb.no/kommuner/hoyre_side.cgi?region=1433)

Befolkninga i Gaular etter kjønn og alder

Befolkningen etter kjønn og alder. 1.1. 2009. Prosent




Figur 5: Befolkninga i Gaular etter kjønn og alder, Pr 01.01.2009.

(Kjelde: <http://www.ssb.no/kommuner/region.cgi?nr=14>)

Befolkning i Selje etter kjønn og alder

Befolkningen etter kjønn og alder, 1.1. 2009, Prosent



Figur 6: Befolkninga i Selje etter kjønn og alder, Pr 01.01.2009.
(Kjelde: <http://www.ssb.no/kommuner/region.cgi?nr=14>)

FUNN:

Figur 3/tabell 2 syner at folkemengda i Naustdal i perioden 1995-2009 har vore etter måten stabil på kring 2700 innbyggjarar. Framskriva folketalsutvikling i perioden 2010-2030 syner ein svak nedgang i folketalet i Naustdal.

Figur 4-6 syner befolkninga etter kjønn og alder i kommunane Naustdal, Gaular og Selje – i 2009.

4 BAKGRUNNEN FOR OG PROBLEMSTILLINGANE I FORVALTNINGSREVISJONEN

4.1 Formelt om tinginga av forvaltningsrevisjonen

Bakgrunnen for dette forvaltningsrevisjonsprosjektet går fram av *tingingsdokumentet* frå SEKOM-sekretariat, og som seinare er justert jf brev frå SEKOM datert 14.09.2009 og 14.05.2010, der det vert synt til møte i kontrollutvalet i Naustdal i sak 018/09:

Dei styrande organa i Naustdal kommune ynskjer å få vurdert: "*Økonomistyring – vurdering Pleie og omsorg – Naustdal kommune*".

4.2 Tingingsdokumentet frå SEKOM

4.2.1 Føremålet med – problemstillingar i – og avgrensingar av prosjektet

Føremålet med forvaltningsrevisjonsprosjektet går fram av *tingingsdokumentet*, seinast revidert i kontrollutvalsmøte 11.09.2009 – sak 018/09. Følgjande problemstillingar blei her lista opp:

- Problemstilling 1: *Kontrollutvalet ynskjer å få utført tenesteanalyse for PLO i Naustdal kommune for 2008⁶.*

Dessutan:

- *Dersom revisjonen i tenesteanalysen kjem over funn som indikerer feil i KOSTRA – eller IPLOS-innrapporteringa, vert dette gjort greie for i rapporten*
- *Ved samanliknande analyse skal ein samanlikne med aktuell kommunegruppe, fylket og landet*
- *Rapport for prosjektet skal leverast innan utgangen av 2009*

Tingingsdokumentet seier at kontrollen skal avgrensast til **følgjande tenesteeiningar**:

- PLO i Naustdal kommune

Tidsavgrensing: Kontrollen skal i følgje tingingsdokumentet gjelde:

- År: 2008.
- Kontrollutvalet i Naustdal har i møte 14.05.2010 gjort vedtak om, i høve til opphavleg tinging å endre revisjonsperioden til også femne om *året 2009*, og dessutan ber ein revisjonen vurdere vurdere om året 2007 evt skal takast ut, ut frå ressursbruk som går med.

4.3 Revisjonen sine vurderingar av tingingsdokumentet

4.3.1 Metodiske implikasjonar ved og tolking av problemstillinga

Ordlyden i endeleg problemstilling 1 er slik:

- "*Kontrollutvalet ynskjer å få utført tenesteanalyse for PLO i Naustdal kommune for 2009*".

⁶ Seinare endra til 2009

Kva ein "tenesteanalyse" er for noko, slik det blir forstått i denne revisjonen, vart forklart for kontrollutvalet i Naustdal i møte den 11.09.2009, og i eit utdelt notat frå Kryss Revisjon i same møte. Vi sa då at tenesteanalysen som vil bli gjennomført, vil liggje tett opp til den *metodiske* standarden KS nyttar i Noreg i 2009/2010 – og den skriftlege *presentasjonsmalen* som her blir nytta. I tillegg hadde Kryss Revisjon ein nærare gjennomgang av kva ein tenesteanalyse kan omfatte, i møte med representantar frå PLO, samt rådgjevar Kjell Skaflestad, den 24.11.2009.

Datagrunnlaget som ligg til grunn for tenesteanalysen er offentleg statistikk, innrapportert frå den reviderte kommunen sjølve gjennom dei pålagde KOSTRA- og IPLOS-rapporteringane. For å kunne gje eit statistisk bilete av situasjonen i kommunen ut over berre eit "øyeblikksbilete" – for slik å kunne skildre ein tendens – er det i tillegg til tal for 2009, også teke med samanliknbare tal for åra 2007 og 2008 for Naustdal kommune sitt vedkomande. Slik er det mogeleg å danne seg eit bilete av utviklinga over tid. Slik ideell analyse over fleire år, er likevel blitt torpedert i denne rapporten av den kjensgjerninga at IPLOS -data til kommunen ikkje har den kvaliteten ein skulle ynskje (jf seinare).

Revisjonen les problemstillinga til, for det første, å vere av *deskriptiv* (skildrande) karakter. Det vil seie at vi gjennom talmaterialet skal gje ein faktuell, talmessig status over tenestekområdet slik det er – avgrensa til ein gjeven tidsperiode. Men statistiske data er "harde data", og gjev ikkje uttrykk for t.d. brukarar sine *opplevingar* av eller *kvaliteten* på kommunale tenester. Der funna i talmaterialet gjer det naturleg, stiller revisjonen "*spørsmål til refleksjon*": Dette er spørsmål kommunen kan fundere over som ledd i vurdering og analyse av noverande situasjon i eininga PLO, og kva ynskje ein har frametter. Endeleg har revisjonen også bede om kommunen si vurdering av funna slik dei er presenterte frå revisjonen; desse vurderingane er lagt inn i skraverte boksar i rapporten, for å skilje mellom kva kommunen meiner og revisjonen sine vurderingar. Samla sett gjev *revisjonen* sine uavhengige vurderingar – og *kommunen* sine vurderingar – forhåpentlegvis ei god analyse av statistikk materialet.

- Problemstillinga ber oss vidare om å *samanlikne* Naustdal kommune med kommunar "*det er naturleg å samanlikne seg med*". KOSTRA-tala er organisert slik at kommunar er ordna i ulike kommunegrupper ut frå karakteristika ved kommunen. Naustdal høyrer til *kommunegruppe 1* – som saman med Gaular og Selje kommune er dei tre kommunane i denne gruppa i Sogn og Fjordane (sjå kapittel 6). Vidare, for å få eit breiare referansegrunnlag for eigne tal, er tal for Gaular, Selje, Sogn og Fjordane og for landet elles (utanom Oslo), presenterte.
- Ei slik deskriptiv tilnærming er noko anna enn ei rein *normativ* tilnærming – som i tillegg til å skildre den faktiske tenestesituasjonen og kva variasjonar som finst – gjerne har karakter av å kome med detaljerte tilrådingar eller er instruerande i høve til løysingstiltak som ledd i å endre ein situasjon/tilhøve/praksis i retning slik noko *bør vere*. Uansett, først må ein gå vegen om å *søkje årsaksforklare* tilhøva slik dei er – før ein kjem med for bombastiske tiltakspakkar. Eller – biletleg sagt: Ein må stille diagnosen før ein føreskriv medisin.

Bruk av KOSTRA-tal har sider ved seg som ein må vere seg medvite også når denne rapporten blir lesen: KOSTRA-rapportering og -tal er enno ein "ung vitskap"; kommunane kan ha unnlåte å rapportere som dei skal og innrapporterte tal kan vere feil. Også innhenting og val av indikatorar, og måten statistikken vert generert i dei nytta statistikkgeneratorane frå KS og Fylkesmannen, samt presentasjon av talmateriale, kan ha feil og unøyaktigheiter hefta ved seg.

Til det kjem problematiseringa av kva KOSTRA-tala djupast sett *fortel*: Syner det statistiske materialet t.d. at den reviderte tenesteeininga ligg under andre kommunar på ulike verdiar på variablane ein samanliknar – så kan dette av kommuneleiinga bli lese som god økonomistyring. Ein

tenesteleiar tenkjer på si side kanskje at hadde ein brukt opp heile budsjettet, så ville ein fått ytt betre tenester – medan tenestemottakaren og pårørande til denne vil kunne hevde at kommunen brukar for lite samla ressursar på området, og at ekstraløyvingar eller budsjettoppjustering er på sin plass. Same KOSTRA-tala nytta som indikator på ressursbruken i ei eining, kan slik vurderast også i lys av ”auga som ser”, og dermed kven sin ståstad ein har, og ligg der ikkje berre som objektive fakta. Dersom KOSTRA-tala viser høg ressursbruk, treng dette ikkje nødvendigvis bety at ein yter gode tenester. Og omvendt: Om tala viser låg ressursbruk, kan kommunen likevel yte gode tenester. Om så er tilfelle, så seier vi at kommunen er *kostnadseffektiv*. KOSTRA-tal seier heller ikkje noko om korleis tenestetilbodet er samansett og kvaliteten på dette.

KOSTRA-tal vil uansett berre vere ein *grov indikator* på problemstillinga; skal ein kunne seie noko meir presist om ressursbruken ved desse tenestene, må ein gjere ei meir omfemnande undersøking av organisering og drifta ved desse tenestene; eit arbeid som ligg langt forbi dei ressursane som er sett av gjennom denne forvaltningsrevisjonen. Endeleg må ein hugse på at KOSTRA-tala er ”augneblinksbilete” og uttrykkjer ikkje, isolert sett, utvikling. Tilsvarende som for KOSTRA ligg det også potensielle feilkjelder knytt til innrapporterte IPLOS-data som ein må vere seg medviten, når ein nyttiggjer seg slikt materiale (jf òg omtale av dette i innleiinga og i metodekapittelet).

4.3.2 Kva er ein tenesteanalyse – kva føremål har den? – fallgruver i analysen

Denne forvaltningsrevisjonen er gjennomført som ein tillempa tenesteanalyse. Definisjon av ein analyse er: ”Undersøkelse som består i at noe sammensatt oppløses i enkelte bestanddeler”. Ei tenesteanalyse er ei systematisk og balansert vurdering og tolking av tenesta sine einskilddelar og heilskap. Analysen skal ideelt sett fungere som eit strategisk og fagleg grunnlagsdokument for dialog om forbetningsområde i tenesta, der sentrale aktørar er tenesteleiarar og rådmannsnivå i kommunen.

Føremålet med analysen er generelt å få oversikt over og kunnskap om tenesta si:

- Styrke
- Svakheiter
- Forbetningspotensial
- Ei vurdering av og val av forbetningsområde

Den metodiske *rekkefølga* i ein slik tenesteanalyse er:

- Først: **Skildre** – kva syner KOSTRA-indikatorane knytt til:
 - *Prioriterer vi tenestene i forhold til andre tjenester i kommunen?*
 - *Rettar vi ressursane mot de prioriterte målgruppene?*
 - *Produserer vi tenestene på en produktiv og effektiv måte?*
- Dinest: **Drøfte/vurdere funna**
Når ein drøftar/vurderer Kostra-tal, må ein vere seg medviten:
 - Kva ligg bak desse variasjonane ein avdekkjer i Kostra-tala?
 - Er det andre forhold som er medverkande til at tala evt. ikkje kan samanliknast?
 - Er det behov for å rette opp nøkkeltal (feilrapportering) i den einskilde kommune?
 - Kva synte kartlegginga av kvalitet, gjennomgang av likskap og variasjon?
 - Er det nokon samanheng mellom produktivitet, dekningsgrad, prioritering og kvalitet?
 - Kva kritiske suksessfaktorar kan være sentrale i å forklare resultat?
- Til sist: **konkludere**: Konsekvensar – kva avgjerder må fattast? – retning!
 - Kva tiltak, erfaringar og læring kan overførast?
 - Kva konkrete mål bør det einskilte tenestekområde og kommunen under eitt sette seg?

5 REVISJONSKJELDER OG -KRITERIUM

5.1 Generelt om revisjonskilder og revisjonskriterium

KRYSS-Revisjon har nytta anerkjende metodar for forvaltningsrevisjon i arbeidet med dette forvaltningsrevisjonsprosjektet. Dei anerkjende metodane er å finne i RSK 001, og fagartiklar med utgangspunkt i denne standarden. I RSK'en heiter det mellom anna:

- ❖ I RSK 001, punkt 27, er dei – generelt – viktigaste **kjeldene** for aktuelle revisjonskriterium ved forvaltningsrevisjonar lista opp, og her blir nemnt mellom anna: Lover, forskrifter, forarbeid, rettspraksis, politiske vedtak, mål og føringar, administrative retningslinjer m.v. I mange tilfelle vil "beste praksis" også kunne fungere som eit revisjonskriterium.
- ❖ RSK 001, punkt 25 seier at **revisjonskriteria** er dei *krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal reviderast/vurderast i forhold til*. Revisjonskriteria skildrar altså korleis det som blir undersøkt, *bør* fungere eller vere. Revisjonskriteria dannar såleis eit målegrunnlag som relevante faktiske tilhøve innafor området problemstillinga dekkjer, vert vurdert og målt mot, for å kunne trekkje konklusjonar basert på funna i revisjonen.
- ❖ Desse revisjonskriteria skal vere *grunnngjeve i, eller utleia av, autoritative kjelder* innanfor det reviderte området, jf RSK 001, pkt 26.

5.2 Revisjonskilder og -kriterium i dette prosjektet

Rammeverket for utarbeiding av revisjonskriterium i dette prosjektet er lover og føreskrifter, anerkjende prinsipp for økonomistyring, politiske vedteke rutineverk og administrativt rutineverk, offentlig statistikk m.v.

Nedanfor vil vi først gå gjennom rammeverket for og til slutt dei konkretiserte revisjonskriteria som er lagt til grunn for undersøkinga.

5.2.1 Problemstilling 1: KOSTRA- og IPLOS-tal brukt i tenesteanalysen

Problemstilling 1: Kontrollutvalet ynskjer å få utført tenesteanalyse for PLO i Naustdal kommune for 2009

KOSTRA er eit nasjonalt informasjonssystem som gjev styringsinformasjon om kommunal verksemd. Målet med innføringa av KOSTRA var å systematisere og samordne økonomi- og tenesterapportering frå kommunane til staten. Målet har vore å gjere eksisterande data betre tilgjengeleg og å samanstille dei på ein meningsfull måte. Informasjonen er meint å gje betre grunnlag for analyse, planlegging og styring, og sjå om nasjonale mål blir oppnådde.

Det blir rapportert to typar data til KOSTRA – *rekneskapsdata* frå kommunen sitt kommunerekneskap og *tenestedata*. Det er desse tala som dannar grunnlag for nøkkeltala og grunnlagstala som blir presentert i KOSTRA. Når kommunane rapporterer sine rekneskapsdata til SSB, skal utgifter og inntekter førast i/grupperast i faste definerte funksjonar. På denne måten blir det mogeleg å samanlikne tala mellom kommunar og over tid. For eksempel skal kommunane rapportere sine utgifter til aktivisering av eldre og funksjonshemma (t.d. matombringning) på Funksjon 234, uavhengig av korleis kommunen har organisert denne tenesta. Med slik kategorisering har ein forsøkt å gjere KOSTRA-rapporteringa organisasjonsnøytral.

Vi har i denne revisjonen tatt utgangspunkt i dei KOSTRA-funksjonane som SSB/Kostrar har definert som Pleie- og omsorgstenester:

Funksjon 234: Aktivisering og servicetjenester overfor eldre og funksjonshemmede

Funksjon 253: Pleie, omsorg, hjelp og re-/habilitering i institusjon

Funksjon 254: Kjernetjenester knyttet til pleie, omsorg, hjelp til hjemmeboende

Funksjon 261: Institusjonslokaler

Vi har nytta KOSTRA-tal for året 2009 (presentert 15.06.2010), utarbeidd av Statistisk Sentralbyrå og utlagt på deira heimesider (www.kostr.no/ssb), for å svare på problemstilling 1. Vi har også valt, for Naustdal kommune sin del, å ta med KOSTRA-tal for 2007 og 2008 for å kunne sjå utviklinga i ressursbruk, dekningsgrad og prioritering i kommunen over tid. For kommunane Gaular, Selje samt for samt kommunegruppa, fylket og landet er tal for 2009 med. Nokre gonger er nøkkeltal henta direkte frå Kostra nivå 2, andre gonger er samantillingar komne fram ved å kople data frå Kostra nivå 2 og 3.


KOSTRA systematiserer kommunane si rapportering til Statistisk sentralbyrå i tre typar indikatorar og nøkkeltal (sjå figur 7 nedanfor):

- Kommunane si **prioritering** av tilgjengelege ressursar (kommunens ressursinnsats)
- **Dekningsgrad** for aktuelle tenester (tilgjenge til tenestene)
- **Produktivitetsindikatorar**

KOSTRA fangar dermed opp tre *føresetnader for effektivitet*:

1. Retter vi ressursane mot dei prioriterte målgruppene?
2. Tilbyr vi tenester til brukarane som har behov for dei?
3. Produserer vi tenestene på ein produktiv (kostnadseffektiv) måte?

Styringsinformasjon KOSTRA



Figur 7 Forholdet mellom prioritering, produktivitet og dekningsgrad

Naustdal kommune har i samband med denne revisjonen informert om at innmeldt statistikk til IPLOS, som m.a.o. vert nytta på Kostra nivå 3, ikkje er komplett innrapporterte, eller at innrapporterte tal har manglar ved seg. Dette avgrensar kor breitt statistisk bilete vi faktisk kan gje for PLO, då det somme stader manglar data i dei presenterte figurane. Sjå elles neste delkapittel for fleire detaljar om IPLOS -rapporteringa.

5.2.2 Problemstilling 2: Mogelege feil i Kostra- og IPLOS-rapporteringane frå kommunen

Den andre problemstillinga i tingingsdokumentet, lyder:

”Dersom revisjonen i tenesteanalysen kjem over funn som indikerer feil i KOSTRA – eller IPLOS-innrapporteringa, vert dette gjort greie for i rapporten”.

Rådgevar i Naustdal kommune, Kjell Skaflestad, gjorde revisjonen merksam på at IPLOS-tala for PLO ikkje gav eit fyllestgjerrande nok bilete til at dei kunne brukast utan vidare, på informasjonsmøte mellom kommunen og revisjonen kring denne forvaltningsrevisjonen den 24.11.09. I referatet frå møtet heiter det:

”Rådgevar Kjell Skaflestad problematiserte at IPLOS tala i Naustdal kommune har ein så vidt manglande kvalitet at dei neppe kan nyttast som faktisk datagrunnlag i ein forvaltningsrevisjon. Skaflestad vart i møtet utfordra på å lage eit notat der han forklarar kva som er feil/manglar ved registrerte IPLOS data, og kva planar kommunen har for å gjere desse korrekte og fullstendige. Det vart semje om at dette skal ettersendast revisjonen. Av dette kan ein utleie at tenesteanalyse i større grad må baserast på KOSTRA tal. Vi kan ikkje nytte føreliggjande IPLOS data i vårt forvaltningsrevisjonsarbeid”.

I mail frå rådgevar Skaflestad til revisjonen 08.07.2010 (tatt inn i sin heilskap i del 8 av rapporten) svarar Skaflestad meir inngåande på eit spørsmålsett frå revisjonen⁷ kring kvaliteten på IPLOS-rapporteringa frå kommunen. Her heiter det frå kommunen (utdrag):

”Hovedproblemet med IPLOS- statistikkane frå Naustdal så langt er vel at dei ikkje har vore fullstendige. Dei data som blir rapportert inn er korrekte, men gjev ikkje heile biletet.”

Sidan kommunen ut frå det ovanståande var av den oppfatninga at dei **IPLOS-tala som faktisk er innrapportert, er korrekte**, og at hovudproblemet er at det ikkje er blitt rapportert inn **komplette tal** – så la revisjonen dette til grunn i det vidare arbeidet med utarbeidinga av forvaltningsrevisjonsrapporten. Både i den førebelse ”dialogversjonen” av forvaltningsrevisjonsrapporten og i den endelege rapporten er det presentert Kostra-statistikk der også IPLOS-tal innrapporterte frå Naustdal går inn i ein del av figurane.

I merknaden⁸ frå Naustdal kommune på *dialogversjonen* av rapporten, problematiserer rådgevar Skaflestad likevel at jamvel også *innrapporterte* IPLOS-tala, slik dei kjem til uttrykk i enkelte av dei presenterte figurane, likevel ikkje kan vere korrekte. Særleg gjeld dette IPLOS-tal for åra 2007 og 2008 – men òg for 2009: *”Vi trur såleis at 2009-talla på mange område nærmar seg eit korrekt nivå. Sjølv om det også her er betydelege feil”*, heiter det frå Skaflestad.

Metodisk og oppgåveteknisk har revisjonen løyst dette ved å **unnlate** å gjere *tidsserieanalyser* for åra 2007-2008 i dei figurane der IPLOS -tal inngår (sjølv om tala er med i dei presenterte figurane); men har i staden basert oss på 2009-tala åleine. I dei figurane kommunen i dialogversjonen har gjeve attendemelding på at dei inntatte IPLOS-tala etter alt å dømme ikkje kan vere korrekte, og ikkje bør tilleggjast vekt, eller der kommunen kome med andre merknader, har revisjonen teke dette med i

⁷ (sendt i mail av 25.06. d.s.)

⁸ (jf notat frå Skaflestad, dagsett 04.11.2010)

skraverte felt, i den fortløpande presentasjonen av figurane. Vi har såleis ikkje unnlåte å ta med desse tala, fordi dei tener til å vere konkretiserande eksempel på funn av evt. feil og manglar, slik problemstilling 2 i tingsdokumentet ber oss kartleggje (sjå elles del 1.1.). Når det så gjeld metodikken for å avdekke evt feil i Kostra- og IPLOS-rapporteringane, nyttar vi følgjande framgangsmåte:

- 1) **Manglande talmateriale:** Gjeve dei figurane/tabellane vi i tenesteanalysen vel subjektivt ut som ledd i gjennomføringa av tenesteanalysen av PLO i Naustdal – knytt til behov, produktivitet, prioritering og dekningsgrad – så blir det på dei stadene desse figurane blir presenterte, gjort merksam på det om det ikkje føreligg innrapporterte tal i statistikken henta frå www.ssb/kostra.
- 2) **"Mistenkelege tal"/mogelege feilrapporteringar:** I fall dei presenterte tala etter revisjonen si oppfatning teiknar til å vere unormalt avvikande, og av den grunn kan tenkjast å vere feil, gjer vi merksame på at kommunen bør gå etter å vurdere om rapporteringane kan vere rette. Dei mogelege avvika kan t.d. vere at det er påfallande store avvik frå eitt år til det påfølgjande, eller at det er påfallande variasjonar i tala mellom dei samanlikna instansane for same året.

Summa summarum inneber dette at vi har avgrensa etterrøykinga etter mogelege feil og manglande rapporteringar, *til den delen av statistikken vi har nyttiggjort oss i tenesteanalysen*, og ikkje meir enn dette. Vi har i denne forvaltningsrevisjonen heller ikkje hatt ressursar til å *årsaksforklare* manglande eller feilaktig innrapporteringar – men har hovudsakleg avgrensa oss til å be kommunen komme med grunngjevne svar på spørsmål knytt til sentrale mogelege avvik, samt på innspelet frå kommunen til dialogversjonen av forvaltningsrevisjonsrapporten, og i noko mon gjeve våre vurderingar av desse att.

5.2.3 Revisjonskriterium knytt til problemstillingane i rapporten

Dei konkretiserte revisjonskjeldene – revisjonskriterium – som er nytta i denne rapporten er fleire. Nedanfor er *problemstillingane* (i følge tinginga) og dei *revisjonskjelder* og *-kriterium* vi har knytt til desse, lista opp:

Problemstilling:	Ordlyd:	Revisjonskjelder:	Revisjonskriterium:
Nr 1:	❖ ” <i>Kontrollutvalet ynskjer å få utført tenesteanalyse for PLO i Naustdal kommune for 2009. Ved samanliknande analyse skal ein samanlikne med aktuell kommunegruppe, fylket og landet.</i> ”	- Statistikk: Statistisk sentralbyrå – KOSTRA-tal - KS – effektiviseringsnettverkene - Plandokument Naustdal kommune	- Kostra-tal, PLO Naustdal kommune, 2007-2009, på nivå 2 og 3. - Dei spesifikke figurane og tabellane som er presentert etter innhaldslista, og som er brukt i rapporten - Mal for tenesteanalysar PLO/samanstillingsnotat - Årsmelding 2007-2009 - Årsrekneskap 2007-2009 - Tidlegare undersøkingar utført i/for Naustdal kommune www.naustdal.kommune.no
Nr 2:	❖ ” <i>Dersom revisjonen i tenesteanalysen kjem over funn som indikerer feil i KOSTRA – eller IPLOS-innrapporteringa, vert dette gjort greie for i rapporten</i> ”	- Statistikk: Statistisk sentralbyrå – KOSTRA. - Statistikk: IPLOS-rapporteringar 2007-2008 slik dei kjem fram i Kostra-statistikkane på PLO, nivå 2/3. - Spørsmål frå revisjonen til kommunen om praksis for IPLOS-rapporteringar⁹	- Kostra-tal, PLO Naustdal kommune, 2007-2009, på nivå 2 og 3. - Dei spesifikke figurane og tabellane som er presentert etter innhaldslista, og som er brukt i rapporten, Naustdal kommune, PLO - IPLOS -tal, PLO Naustdal kommune, 2007-2009, henta inn og brukt i Kostra på nivå 2-3. - Utskrifter av IPLOS-rapporteringar 2007-2008, Naustdal kommune, PLO. Oversendt revisjonen frå kommunen. - Svar frå Naustdal kommune om praksis for og kvalitet på IPLOS-rapporteringar¹⁰ - Svar frå Naustdal kommune på Dialogversjonen av rapporten

Tabell 2 Problemstillingar i forvaltningsrevisjonen; revisjonskjelder og revisjonskriterium

⁹ Jf mail frå Kryss revisjon til Kjell Skaflestad, datert 24.06.2010

¹⁰ Jf mail frå Kjell Skaflestad til Kryss Revisjon, datert 08.07.2010

6 METODE

Vi føreset i vårt arbeid med denne revisjonen at vi hjå den enkelte tenesteleiar, hjå den administrative toppleiinga og andre vi hentar inn data frå, har fått tilgang til og er oss førelagt all etterspurd eller relevant dokumentasjon, og at dokumentasjonen som elles er stilt til rådvelde frå desse er komplett og dekkjande.

Meir spesifikt har vi nytta dokumentanalyse, offentleg statistikk, intern statistikk overlevert frå kommunen, rapportar frå tidlegare undersøkingar innan PLO utført for kommunen, samtalar med m.a. reviderte seksjonsleiarar, rådgjevar PLO og rådmann. Tilbakemeldingar frå kommunen på utsendt *dialogutkast* til forvaltningsrevisjonsrapport før *endeleg* høyringsutkast på forvaltningsrevisjonsrapporten vart sendt ut.

Hovudsakleg er nøkkeltala som vert brukt i prosjektnotata basert på Statistisk sentralbyrå sine KOSTRA-faktaark.¹¹ Ikkje alle nøkkeltal finst i desse fakta-arka direkte, noko er utrekna for analyse med utgangspunkt i "grunnlagsdata" som SSB har lagt ut på internett.¹² Nokre av befolkningstala er henta frå andre kjelder i SSB, og der er kjeldene oppgjevne.

Vi har nytta KOSTRA-tal for året 2009 (presentert 15.06.2010, utarbeidd og utlagt på SSB sine sider (www.kotra.no/ssb)). Denne statistikken er så henta inn i ein såkalla statistikk-generator utarbeidd av Fylkesmannen i Nord-Trøndelag¹³ som vi har nytta til å generere mange av våre figurar/tabellar i rapporten. I tillegg har vi nytta tilrettelagte rekneark utarbeidd av KS, Effektiviseringsnettverkene, for generering av nokre av figurane som er nytta.

Statistisk Sentralbyrå har gruppert dei 434 kommunane i landet inn i 28 kategoriar, etter folkemengde og økonomiske rammeføresetnader.

- *Det skilles mellom små, mellomstore og store kommuner. Små kommuner har færre enn 5000 innbyggere, mellomstore har fra 5000 til 19999 innbyggere, mens store kommuner har 20000 eller flere innbyggere.*
- *Bundne kostnader per innbygger er et mål på kommunenes kostnader for å innfri minstestandarder og lovpålagte oppgaver.*
- *Frie disponible inntekter per innbygger er et mål på hvor mye inntekter kommunene har til disposisjon etter at de bundne kostnadene er dekket, og gir en antydning av kommunenes økonomiske handlefrihet.*

Naustdal kommune er plassert i *kommunegruppe 1*, saman med mellom andre Gaular og Selje; dette er dei tre einaste kommunane i Sogn og Fjordane i denne kommunegruppa:: *Små kommuner med middels bundne kostnader per innbygger, lave frie disponible inntekter.* Totalt er det 28 kommunar som er plassert i denne gruppa. Vi har derfor nytta Selje og Gaular som samanlikningsgrunnlag mot Naustdal, i tillegg til at vi har samanlikna med snittet for alle kommunane i kommunegruppe 1, snittet for alle kommunar i Sogn og Fjordane og snittet for alle kommunane i landet utanom Oslo.

¹¹ Sjå: <http://www.ssb.no/kotra/>

¹² SSB publiserer/ legg ut faktaark for kvart tenestekområde i tre nivå:

Nivå 1 gir eit fåtall overordna og aggregerte nøkkeltall for prioritering, dekning og produktivitet.

Nivå 2 inneheld meir detaljerte nøkkeltall som gir høve for ei breiare analyse av ressursbruk og tenesteyting.

I nivå 3 har SSB lagt ut grunnlagstala som er brukt for utrekning av nøkkeltalla i nivå 1 og 2. Desse grunnlagstala blir brukt for å sette saman andre nøkkeltall enn dei som finst i nivå 1 og 2.

¹³ <http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=2866&amid=2575483>

Viktig er det òg å vere seg medviten, at sjølv kommunar som sorterer under same kommunegruppe, kan ha individuelle karakteristika som, når ein samanliknar kommunane, kan gje variasjonar i den presenterte statistikken.

Naustdal kommune uttalar då også i dialogversjonen til forvaltningsrevisjonsrapporten:

" Vi ser det som naturleg å samanlikne Naustdal med Gaular og Selje som er i same kommunegruppe som oss, sjølv om mykje tydar på at vi ikkje er spesielt samanlignbare når deg gjeld PLO. Til dømes har Gaular ein heilt anna oppbygning i infrastrukturen (fordeling og plassering av institusjon og omsorgsbustadar) som gjev moglegheiter som Naustdal ikkje har. Det er og vesentleg at Naustdal har ei stor gruppe unge funksjonshemma med stort hjelpebehov. Av hjelpetilbod til alle dei 129 registrerte heimetenestemottakarane i Naustdal, er 55 % av samla netto ressursbruk i 2009 knytt til dei 15 tenestemottakarar i avdeling HFF. "

Vi oppmodar generelt til at dei som les rapporten er noko varsam med tolking av tala, då det kan vere feil både i talgrunnlag frå kommunane til SSB og i KS sine berekningar der. Det meste av tal og figurar kjem fram etter manuelle berekningar, og dette aukar sjansen for at det kan oppstå feil.

Fallgruver i analysar:

- Talet fortel noko anna enn det ein trur – bruk nøkkeltal riktig !
- Sanninga er aldri eindimensjonal – ikkje utarbeide analysen i isolat, snakk med folk!
- Trekkjer slutningar på utilstrekkeleg grunnlag – vurdere fleire årsaker!
- Har for svak datakvalitet – ta høgde for feilrapporteringar!
- Generelt; unngå overfortolkningar! – la analyses modne, foreta en refleksjon over om analysen skal gi retning for moderate vs. radikale råd!

Når det gjeld problemstilling 2, knytt til mogelege feil kring innrapportering av Kostra- og IPLOS - tal, har vi altså avgrensa oss til å gjere greie for feil og mogelege feil som har kome til syne gjennom bruk av SSB-statistikk henta inn i figurar/tabellar som ledd i tenesteanalysen som er gjennomført. Dette kan vere manglande innrapportering eller at innrapporterte tal verkar "mistenkjelege" eller avvikande.

7 PROBLEMSTILLING 1: FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR

Problemstilling 1: *"Kontrollutvalet ynskjer å få utført tenesteanalyse for PLO i Naustdal kommune for 2009"*

Tenesteanalysen for PLO vil omhandle statistikk knytt til følgjande hovudområde: behov – prioritering – produktivitet – dekningsgrad/bruksratar. Først om *behov*:

FAKTADEL:

7.1 Behov

7.1.1 Alderssamansetjing som indikator på behov

Når vi samanliknar kommunar ved hjelp av økonomi og tenestedata, er det viktig å ta omsyn til at *utgiftsbehovet* kan vere ulikt. Variasjonar i folkemengde og -samansetjing, inntekts- og utgiftsnivå påverkar ressursbruken og tenestestrukturen på ulike tenesteområde. Når vi tolkar resultata, bør vi ta omsyn til slike "ufriviljuge" skilnadar. De er ikkje nødvendigvis slik at ulikskapar i kommunane sine føresetnader har noko å seie for effektiv ressursbruk og god tenesteyting på den einskilde tenestestad.

Innbyggjarane sine *behov* for tenester er eit viktig grunnlag for kva og kor mykje tenester som vert tilbydd. I kortversjon kan vi seie at behovet for tenester bør ha stor innverknad på kommunen si *prioritering*. Det er likevel ikkje enkelt å måle behov, eller å dokumentere kommunen sine "samla" behov på ein slik måte at det kan ha direkte nytte når ein skal gjere vedtak om prioriteringar, kapasitet og kostnader.


Behovet for tenester vert også påverka av andre kjenneteikn, og SSB sin leveårsindeks kan gje oss fleire indikasjonar på behov. I tillegg er det andre sosiodemografiske kjenneteikn som kan påverke innbyggjarane sine behov og kommunane sitt tenestetilbod, t.d. rusmisbruk og psykisk helse. Ein del slike kjenneteikn er gjensidig forsterkande, og førekjem "samtidig", og det er ikkje alltid eintydig kva som vert påverka av kva, og kva som har si årsak i ein utanforliggjande variabel. – Det vil til dømes vere vanskeleg å *talfeste* kva som påverkar kva, og med kor stor styrke når det gjeld kjenneteikn, arbeidsløyse, rus, økonomi, helse og utdanningsnivå. Det er få eller ingen objektive indikasjonar som "legitimerer" eller gjev eit eintydig bilete av kva som er riktig tenestenivå sett i forhold til innbyggjarane sitt behov.

Behovet for PLO-tenester er gjennomgåande påverka av alder, og såleis har *alderssamansetjinga* blant innbyggjarane betydning for tenestetilbod og utgiftsnivå. I denne revisjonsrapporten brukar vi *alderssamansetning* som ein indikator på behov.

Gjennom IPLOS-rapporteringa vert det også registrert bistandsbehov, men Naustdal kommune har per i dag ikkje god nok IPLOS-registrering til at vi fullgodt kan nytte denne (jf nærare orientering om dette frå rådgjevar Kjell Skaflestad i kapittel 8).

Figur 8: Tenestebehov sett i lys av alderssamansetjing (i %) og prioritering uttrykt gjennom netto driftsutgifter (i kr).

(Kjelde: Kostra – generert i Fylkesmannen sin statistikkgenerator).



FUNN:

Søyla i figuren (figur 8 over) seier noko om alderssamansetjinga av eldre menneske blant kommunane, i kategoriane 67-79 år og 80 år og over, og om kor store desse aldersgruppene er i prosent av befolkninga. Firkantane seier noko om forholdet mellom netto driftsutgifter pr innbyggjar til PLO, men då rekna ut for aldersgruppa 67 år og over (rosa linje).

Figuren viser for 2009 at 5,3 % av innbyggjarane i Naustdal er 80 år og over, medan 8,7 % er i aldersgruppa 67-79 år. Dette er noko høgare enn landssnittet som viser høvesvis 4,6 % og 8,6 % for dei same aldersgruppene, men noko under snittet for Sogn og Fjordane (5,7% og 9,3 %). Snittet for kommunegruppa viser at 4,8 % av innbyggjarane er 80 år og over, medan 8,3 % er i alderen 67-79 år.

Når det gjeld dei samanlika kommunane i fylket, har Selje høgast andel innbyggjarar 67 – 79 år (11,1 %). Både Selje (6,5 %) og Gaular (6,7 %) har høgare del eldre over 80 år enn Naustdal og snittet for Sogn og Fjordane.

Hovudgruppa av mottakarar av pleie- og omsorgstenester er eldre, dvs. innbyggjarar 67 år og over. Ut i frå figuren over kan ein seie at Naustdal har større behov for pleie- og omsorgstenester enn snittet for landet og kommunegruppe 1, men mindre behov enn snittet for Sogn og Fjordane og kommunane Gaular og Selje.

Tidsserie Naustdal 2007-2009:

Figuren viser at del innbyggjarar 67 år og over har vore om lag den same i desse tre åra, dvs. ca. 14 %. Dette tyder at behovet for pleie- og omsorgstenester målt mot alderssamansetjinga i kommunen – isolert sett har vore om lag det same i denne perioden.

7.1.2 Alderssamansetjing over tid som indikator på behov

I del 3.2.3 gav vi eit oversyn over befolknings**samansetjinga** i dei samanlikna kommunane; fordelt på alder og kjønn. Tabellen nedanfor gjev oversyn over **folketal** i Naustdal og for dei to samanlikna kommunane.

Tabell 3: Folketalet i kommunar i Sogn og Fjordane som høyrer til kommunegruppe 1. Pr. 01.01.2010
(Kjelde: SSB)

Kommunegruppe	Kommune	Innbyggjarar 01.01.2010 ¹⁴
Kommunegruppe 1	Naustdal kommune:	2655
	Selje kommune	2821
	Gaular kommune	2778

SSB tilbyr statistikk over befolknings**framskriddingar**. Nedanfor (i tabell 4) er ei slik befolkningsframskridding gjort for Naustdal kommune fram til år 2030 (basert på alternativ MMMM¹⁵)

Tabell 4: Befolkningsframskridding Naustdal kommune 2012-2030, alternativ MMMM – middels nasjonal vekst.
(Kjelde: SSB).

Framskriving folketal, etter region, alder, tid og statistikkvariabel		2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
		Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)
1437	Naustdal																			
0-24 år		893	884	877	865	857	843	832	824	811	811	805	795	783	779	773	773	769	767	763
25-34 år		277	266	260	257	252	245	237	226	221	211	202	192	186	180	177	177	173	173	174
35-44 år		352	349	341	325	321	312	298	292	284	286	280	274	268	260	257	257	250	250	245
45-69 år		815	855	856	860	856	855	858	865	864	849	856	849	832	829	831	813	809	809	806
70-79 år		179	171	180	190	204	223	237	244	254	264	273	291	306	305	295	303	303	294	300
80 år +		143	138	133	129	141	142	135	139	142	150	144	142	150	161	171	183	196	202	213

Befolkningsframskriddinga over syner korleis befolknings**samansetjinga** er forventa å bli dei komande 20 åra i Naustdal, fordelt på ulike aldersgrupper.

FUNN:

Tabell 3 over syner at folketalet (2010) for dei tre samanlikna kommunane er frå om lag 2600-2800 innbyggjarar.


Tabell 4 over fortel at det vil bli færre unge i Naustdal, men at talet eldre vil auke: I aldersgruppa 70-79 år er det forventa at talet aukar frå 179 personar i 2012 til 300 i 2030. I aldersgruppa 80 år + vil det forventa folketalet auke frå 143 personar i 2012 til 213 i 2030. Altså: Eldrebølgja er forventa at vil nå Naustdal, og behovet for pleie- og omsorgstenester vil vere aukande!

¹⁴ <http://www.ssb.no/kommuner/region.cgi?nr=14>

¹⁵ KS anbefalar å nytte alternativet MMMM; middels nasjonal vekst

7.1.3 Mottakarar av Pleie- og omsorgstenester

Figur 9: Talet på mottakarar av Pleie og omsorgstenester pr 1000 innbyggjarar, fordelt på aldersgrupper. (Kjelde: Kostra – generert i Fylkesmannen sin statistikkgenerator).



Figuren over (figur 9) viser kor mange per 1000 innbyggjarar i dei ulike aldersgruppene som mottok pleie- og omsorgstenester. Naustdal har ikkje registrerte innrapporterte tal for åra 2007.

FUNN:

I 2009 ser vi i aldersgruppa 0-66 år, at Naustdal kommune har 21 mottakarar av pleie- og omsorgstenester per 1000 innbyggjarar, medan tala for dei som det er samanlikna med varierer frå 20 til 24. Talet for Naustdal er på snittet, både sett mot landet sett under eitt og kommunane i same kommunegruppe og for fylket.

I 2009 for aldersgruppa 67-79 år, ligg Naustdal på 172 mottakarar per 1000 innbyggjarar. Dette er **høgare enn alle andre ein har samanlikna seg med**; både nabokommunane, fylket, kommunegruppa og landet sett under eitt.

I 2009 for aldersgruppa 80 år og over, ligg Naustdal mest på snittet for landet sett under eitt, men monaleg lågare enn nabokommunane, fylket og same kommunegruppe: Medan Naustdal har 496 mottakarar, har Gaular 511 og Selje 525. Snittet for kommunegruppé 1 er 516, medan snittet for Sogn og Fjordane er 546.

7.1.4 Vurdering: Behov for tenester (jf del 7.1 ff)

Alderssamansetjing av befolkninga i ulike aldersgrupper gjev viktig kunnskap ved planlegging av pleie- og omsorgstenester; og då er det viktig å sjå på ulike aldersgrupper blant eldre.

Vi har tidlegare i rapporten (tabell 4, del 3.2.3) synt at det *samla folketalet* i Naustdal vil vere nesten stabilt fram mot år 2030. Dette talet åleine fortel likevel ikkje korleis samla pleie- og omsorgsbehov vil bli i same tidsrom. Den *relative alderssamansetjinga* innanfor samla folketal vil ha mykje å seie, då talet eldre allment korresponderer med pleie- og omsorgsbehov.

Figurane/tabellane i del 7 ff. gjev interessante opplysningar for vidare refleksjon:

- Tabell 4 seier at delen eldre i Naustdal vil auke fram til 2030: Talet eldre i gruppa 70-79 år vil auke frå no av og til 2030; medan gruppa eldre 80 år+ vil byrje auke frå 2025 mot 2030. Dette vil gje auka press på Pleie og omsorgstenestene i Naustdal. Kva konsekvensar dreg dette med seg for kommunen i praksis og kva grep har kommunen planlagt/tatt for å møte den auka mengde eldre innbyggjarar i kommunen?

7.2 Prioritering

7.2.1 Prioritering – tenesta samla

Prioriteringsindikatorar vert rekna ut ved å fordele utgifter til ei teneste på tal innbyggjarar som er i målgruppa for tenesta.

Målgruppe for kommunale pleie- og omsorgstenester er alle innbyggjarane, men hovuddelen er *eldre*. Samtidig veit vi at *heimebuande* under 67 år som får PLO-tenester som regel er ressurskrevjande brukarar og derfor påverkar utgiftsnivået, kan vere ei viktig forklaring på kommunen sitt utgiftsnivå til heimetenester, og dermed også kommunen sine samla utgifter på pleie- og omsorgstenester.

Ein prioriteringsindikator fortel ikkje noko om *kven* eller *kor mange* som mottek tenester, eller *kor mykje* kvar einskild brukar mottek. Det er berre eit gjennomsnittstal for **kostnader per innbyggjar – i målgruppa**.

Ved bruk av Kostra-tal åleine, kan vi ikkje skilje mellom tenester til innbyggjarar i ulike aldersgrupper. Innbyggjarar under 67 år representerer ein vesentleg del av behovet/utgiftsnivået: Nasjonalt vert om lag 40 % av timevedtaka i heimetenesta brukt til brukarar under 67 år. Samtidig er 88 % av bebruarane på institusjon 67 år og over.


Naustdal kommune seier i dialogversjonen på forvaltningsrevisjonsrapporten om desse tilhøva:

"Naustdal har ei stor gruppe unge funksjonshemma med stort hjelpebehov. Av hjelpetilbod til alle dei 129 registrerte heimetenestemottakarane i Naustdal, er 55 % av samla netto ressursbruk i 2009 knytt til dei 15 tenestemottakarar i avdeling HFF."

Samla fører dette til at for begge deltenestene samla, så er det meir riktig å bruke indikator for 67 år og over enn 80 år +, og at denne indikatoren er den beste illustrasjonen på kommunen si prioritering, i følge KS. For: Ved å fordele netto driftsutgifter berre på innbyggjarar over 67 år, korrigerer indikatoren for ulikskapar i utgiftsbehov som skuldast ulikt tal eldre i kommunen, og dermed blir utgiftsnivået meir samanliknbart mellom kommunar.

Figur 10: Aldersfordeling blant eldre i %. Netto driftsutgifter pleie og omsorgstenesta – pr innbyggjar – og for innbyggjarar 67 år og over, i kr.

(Kjelde: Kostra – generert i Fylkesmannen sin statistikkgenerator)



Figuren over (figur 10) er same figur som synt i kapittel 7.1.1 (figur 8), men vi skal her sjå nærare på *netto driftsutgifter per innbyggjar*.

FUNN:

Netto driftsutgifter per innbyggjar i kroner, pleie- og omsorgstenester:

Av figuren ser vi at Naustdal kommune i 2009 brukte meir per innbyggjar (kr. 14657) enn snittet for kommunegruppe 1 (kr 12692), landet (kr 13105), Gaular (kr 13106), men mindre enn Selje (kr 15945) og snittet for Sogn og Fjordane (kr. 16211.)

Netto driftsutgifter per innbyggjar 67 år og over, pleie- og omsorgstenester:

Når vi så fordeler utgifter på innbyggjarar over 67 år, ser vi større variasjon mellom kommunane. Framleis brukar Naustdal meir enn alle dei andre, med unntak av snittet for Sogn og Fjordane. Det at kommunen Selje ligg forholdsvis lågt her, kan forklarast med at dei har ein høgare del innbyggjarar på 67 år og over, og dermed fleire å fordele utgiftene på.

Verdt å merke seg er at både Gaular (kr 72762) og landet sett under eitt (kr 86504) begge har mest same tal innbyggjarar på 67 år og over som Naustdal – like fullt har eit langt lågare utgiftnivå til pleie- og omsorgstenester pr innbyggjar i denne aldersgruppa enn det Naustdal har (kr 105 115). Altså: Naustdal kommune driv relativt sett dyrt. Naustdal brukte i 2009 kr 17696 meir enn Gaular og kr 3954 meir enn snittet for landet per innbyggjar 67 år og over.

Tidsserie Naustdal 2007 – 2009:

Netto driftsutgiftene per innbyggjar i alderen 67 år og over har vore monaleg stigande i dei tre åra 2007 (kr 88539), 2008 (kr 98886) til 2009 (kr 105115) – ein tendens som også held seg om ein ikkje fordeler driftsutgiftene på spesielle aldersgrupper men på innbyggjarane sett under eitt. Ei mogeleg forklaring på dette er at dette skuldast den allmenne løns- og prisveksten i samfunnet.

7.2.2 Vurdering prioritering – tenesta samla (jf del 8.2.1):

Spørsmål til refleksjon:

- Kva kan vere med å forklare at Naustdal kommune har *stigande utgifter* til pleie- og omsorgstenester per innbyggjarar i perioden 2007-2009 – sterkast i aldersgruppa 67 år og over

over, men også om ein ikkje aldersdifferensierer (dvs pr innbyggjar), enn dei det er samanlikna med? Dette, samtidig med at andelen eldre har vore stabil (kring 14%) i same tidsrommet.


- Kva kan vere med å forklare at Naustdal kommune i 2009 relativt sett har *klart høgare netto driftsutgifter* til pleie- og omsorgstenester per innbyggjarar 67 år og over enn dei det er samanlikna med?

7.2.3 Tenesteprofil PLO - fordeling av driftsutgifter mellom funksjonar

Nedanfor skal vi sjå nærare på fordelinga av kommunen sine netto utgifter til pleie og omsorgstenester – altså hovudtrekka i kva pengane blir brukt til. I denne figuren ser vi ikkje på nivået på pengane som blir brukt – prioritering av tenester – men på *det innbyrdes forholdet mellom tenestene*; kor stor del av utgiftene som høvesvis går til institusjon, heimetenester og aktivisering.

Figur 11: Fordelinga av kommunen sine nettoutgifter pr innbyggjar 67 år og over til ulike tenester i Pleie og omsorgstenesta.

(Kjelde: Kostra – generert i KS sin statistikkgenerator).



Figur 11 over fortel noko om fordelinga av kommunen sine netto utgifter til pleie og omsorgstenester *innbyrdes i PLO*, fordelt på innbyggjarar 67 år og over. Altså: Kor stor del av utgiftene som høvesvis går til institusjon, heimebuande og aktivisering. **NB! Naustdal har negativt tal (-1051) på Aktivisering og støttetjenester; kan dette vere korrekt rapportering?**

FUNN:

Figuren over syner overordna for dei samanlikna kommunane at i 2009 så blei det gjennomgåande brukt *minst* pengar til Aktivisering (f 234), *meir* pengar til Tenester til institusjonar (f 253+261) og *mest* pengar til Tenester for heimebuande (f 254). Denne overordna trenden held seg også for Naustdal; kommunen brukar mest pengar på funksjonen *Tenester til heimebuande*.

Naustdal kommune brukte i 2009 likevel langt *meir* pengar til denne gruppa (kr 64120) enn det dei samanlikna kommunane gjer. Nabokommunane (Gaular: kr 30057; Selje kr 44345) og også same kommunegruppe (kr 47210), fylket (kr 52013) og landet under eitt (kr 48864) nyttar såleis alle mindre pengar på tenester for heimebuande, i aldersgruppa 67år og over.

Tilsvarende brukte Naustdal i 2009 *mindre* (kr 42046) enn alle ein samanliknar seg med når det gjeld netto driftsutgifter til *Institusjonar* (t.d brukte Gaular same år kr 53244 og Selje kr 42535). Ulikt alle dei andre Naustdal er samanlikna med, har Naustdal i 2009 negativt tal (– 1) på *Aktivisering og Støttetenester*.

Naustdal kommune har i dialogversjonen til forvaltningsrevisjonsrapporten komme med denne merknaden til dette punktet:

" Aktivitetstilbudet til funksjonshemma inngår i det totale omsorgs/opplærings/ og aktivitetstilbudet i avdeling HFF. Utgiftene til aktivitetdelen av det samla tilbudet vert ikkje skilt ut i rekneskapen.

Dagsenteret for eldre vart lagt ned i 2004, som følge av innsparingstiltak. Det vert likevel drive eit tilbod i regi av frivilligsentralen, men dette belastar ikkje kommunale rekneskapspostar. Når denne tenesten kjem inn med ei negativ utgift, kan det skuldast at det er inntektsført ein del sal av mat frå kjøkkenet, i samband med frivilligsentralen sitt dagsentertilbod.

Kommunen har nok ein del kostnader til aktivitetstilbod i heimetenestene, men desse ligg innbakte i dei samla kostnadene til dess tenestene. Elles er truleg biletet i fig. 11 riktig. Tilbudet til yngre funksjonshemma utgjer ein vesentleg del av dei samla kostnadene til heimetenester (55 %), og har vist seg svært vanskeleg å redusere som følge av individuelle lovheimla rettar. I innsparingsprossessane det siste 10-året er det difor særleg institusjonsomsorga som har vorte treft. Balansen mellom institusjons-omsorg og heimetnester er og påverka av vedtak om omdefinering av sjukeheimplassar til omsorgsbustadar."

7.2.4 Vurdering Tenesteprofil PLO

Vi har over (i figur 11) synt at Naustdal kommune relativt sett innan PLO brukar mest pengar på funksjonen *Tenester til heimebuande*, og langt meir pengar til denne gruppa enn dei det er samanlikna med, og ut frå ein slik realitet burde sortere i gruppa **"heimetenesteorientert"** kommune – i motsetnad til såkalla **"institusjonsorienterte"** kommunar der det relativt sett blir nytta meir pengar til institusjonstenester enn til heimebuande.

I ein – etter kvart noko eldre – rapport¹⁶ (2005) skil ein mellom såkalla *institusjonsorienterte* og *heimetenesteorienterte* kommunar; der ein definerer dei to typene kommunar ut frå *den relative fordelinga* av brukarane på høvesvis institusjon og heimetenester.

I rapporten heiter det om karakteristika ved dei to typene kommunar (s. 4):

" Enkle sammenlikninger av gjennomsnittverdiene for de to typer kommuner viser at hjemmetjenesteorienterte kommuner har lavt kommunalt inntektsnivå, mer konsentrert bosetting, flere innbyggere, en lavere andel eldre i befolkningen, en høyere andel yngre brukere (under 67 år) og en lavere andel eldre brukere (80 år og over). Det er liten forskjell mellom de to kommunetyper når det gjelder andelen psykisk utviklingshemmede i befolkningen."

I rapporten – frå 2005 – blir både Naustdal og dei to andre kommunane Gaular og Selje likevel definerte som **institusjonsorienterte kommunar** (sjå tabell 5 under). Dette *kan* skuldast at Naustdal etter den tid og fram mot 2009, som tala i figur 11 er henta frå, har endra karakter ved å auke nettoutgiftene til heimebuande og minske nettoutgiftene til institusjonsopphald, slik at kommunen etter 2005 no meir kan definerast som ein heimetenesteorientert kommune enn ein institusjonsorientert kommune.

Naustdal kommune har i dialogversjonen til forvaltningsrevisjonsrapporten komme med denne merknaden til dette punktet:

"Naustdal kommune har eit formulert mål om å legge til rette for at flest mogleg kan bu heime så lenge som råd, d.v.s. ei prioritering av heimebaserte tenester. Samtidig var det sjukeheimsutbygging som vart prioritert ved den omfattande ut- /

¹⁶ RESSURSBRUK OG TJENESTETILBUD I INSTITUSJONS OG HJEMMETJENESTEORIENTERTE KOMMUNER. Utredning for Helse- og omsorgsdepartementet
Utkast til rapport, 02.03.05

ombygginga under "Handlingsplan for eldre". Kommunen har difor fHV mange "sjukeheimsrom", men fleire av desse er omdefinerte til bustadar med heildøgns omsorg og blir betjente av heimesjukepleie og heimhjelpstenesta. Driftskostnadene fell såleis på open omsorg i rekneskapen, medan tilbodet i alle høve eit stykke på veg tilsvarar ein institusjonsplass.

Tabell 5: Institusjonsorienterte kommunar, sortert etter institusjonsandel (utdrag). Rapport 2005

Kommune	Kommunennummer	Institusjonsdekning per 1000 innbygger 80 år og over	Hjemmetjenestedeckning per 1000 innbygger 67 år og over	Institusjonsandel
1433	Naustdal	297,87	303,28	0,27
1430	Gaular	257,31	268,82	0,26
1441	Selje	233,13	237,07	0,26
	Gj.snitt (hele utvalget)	236,40	284,26	
	Gj.snitt (instororientert)	299,66	237,29	
	Gj.snitt (hjtjenorient)	174,14	335,64	

Tala i figur 11 syner at Naustdal – i 2009 – helst er å sjå på som ein *heimetenesteorientert* kommune. Nedanfor har vi tatt med nokre av karakteristika 2005-rapporten meinte at gjeld for heimetenesteorienterte kommunar. Tida tillet likevel ikkje at vi her gjer ein nærare analyse av funna i forvaltningsrevisjonsrapporten opp mot konklusjonane henta frå 2005-rapporten, men dei er tatt med slik at Naustdal kommune kan gjere eigne vurderingar av desse tilhøva om ein ynskjer det.

Av funn/konklusjonar i rapporten (2005) knytt til karakteristika ved heimetenesteorienterte vs institusjonsorienterte kommunar tar vi med:

- ✓ Sammenlikning av gjennomsnittsverdiene for de to typer kommuner viser at hjemmetjenesteorienterte kommuner har lavere ressursinnsats per innbygger og per innbygger 67 år og over, mens det er liten forskjell mellom de to kommunetypene når det gjelder ressursbruk per innbygger 80 år og over. At forskjellen i ressursbruk mellom de to typer kommuner blir mindre når ressursbruken relateres til den eldste aldersgruppen, har sammenheng med at de institusjonsorienterte har en høyere andel eldre 80 år og over. (s 4)
- ✓ Analysene indikerer at høy institusjonsandel går sammen med høy ressursinnsats per innbygger også etter at det er kontrollert for andre forhold. (s 5)
- ✓ Hjemmetjenesteorienterte kommuner har høyere dekningsgrader enn institusjonsorienterte kommuner, og forskjellen er størst for den eldste aldersgruppen. (s 5)
- ✓ Vi har også foretatt en sammenlikning av kommunenes vurdering av hvorvidt brukerne får tilstrekkelig hjelp i forhold til sine behov. Hjelpen vurderes å være om lag like god i hjemmetjeneste og institusjon. Det er heller ingen særlig forskjell mellom institusjons- og hjemmetjenesteorienterte kommuner.
- ✓ Hjemmetjenesteorientering (lav institusjonsandel) isolert sett bidrar til lavere ressursbruk og til høyere dekningsgrad i pleie- og omsorgssektoren. Hjemmetjenesteorientering bidrar altså til at

flere får et tilbud med mindre bruk av ressurser. Kan vi på bakgrunn av dette konkludere med at hjemmetjenesteorientering er mer effektivt enn institusjonsorientering. Nei, ikke nødvendigvis. Høyere ressursbruk og lavere dekningsgrad kan ha sammenheng med at de institusjonsorienterte kommuner gjennomgående har tyngre brukere og at institusjonsomsorg i større grad er nødvendig for de tyngste brukerne. Tilsvarende kan de hjemmetjenesteorienterte kommuner ha mer funksjonsdyktige brukere og av den grunn høyere dekningsgrad og lavere ressursbruk.

Spørsmål til refleksjon:

- Naustdal har i 2009 negativt tal (- 1051) på *Aktivering og Støttetenester* (jf figur 11); dvs at kommunen har høgare inntekter enn utgifter på funksjonen. Er dette korrekt?
- I Naustdal utgjør Tenester til *Heimebuande* ein større del av netto driftsutgifter til PLO enn dei ein samanliknar seg med (jf figur 11) – og tilsvarande er netto driftsutgifter til *Institusjonar* klart lågare enn dei Naustdal er samanlikna med.
 - o Kva er årsaka til dette? Er denne fordelinga eit resultat av eit medvite val? Er denne fordelinga ynskjeleg?
- Gitt at Naustdal kommune i 2009 helst kan sjåast på som ein heimetenesteorientert kommune (jf figur 11) – korleis korresponderer dette med dei konklusjonane som over er teke inn frå 2005-rapporten at karakteriserer heimetenesteorienterte kommunar? Er det samsvar?

7.3 Produktivitet

Vi har fram til no skildra kommunens Behov og Prioritering og vil i det følgjande omtale *produktivitet*.

Omgrepet produktivitet skildrar kor mykje vi klarar å produsere for ein gjeven innsats av ressurser. Produktivitet blir målt ved å dele kroner som er brukt på talet på produserte einingar.

Produktivitet kan også visast som timar pr brukar, eller årsverk pr brukar. Hovudpoenget er å sjå på ressursinnsats pr eining (brukar).

Innanfor Pleie- og omsorgstenester blir ikkje tenester levert som straumlineforma produkt, og vi kan ikkje måle produktivitet direkte. Vi kan derimot seie at Kostra kan gje oss *indikasjonar* på produktivitet, ved at vi bereknar gjennomsnittleg kostnad pr teneste; noko som gjerne blir omtala som einingskostnad – t.d. utgift pr brukar, kostnad pr institusjonsplass, kostnad pr time.

Personalet er den viktigaste ressursen i pleie- og omsorgstenestene, og kompetansenivå, kontinuitet og sjukefråvær har innverknad på både produktivitet og kvalitet.


Organiseringa av kommunen og den einskilde tenestestad si styring av aktiviteten kan også ha noko å seie – både for heimetenester og institusjonsomsorga.

I og med at pleie og omsorgstenester ofte leverer tenester til mange brukarar, så kan sjølv små nyansar eller skilnader i einingskostnadene ha innverknad på kommunen sine samla utgifter.

Viktig er det likevel å vere merksam på at produktivitet/einingskostnad ikkje seier noko om *kvaliteten* på det som vert levert, eller brukaren si *oppleving*. Nettopp fordi produktivitet er eit teknisk omgrep, så er det heilt avgjerande at ein også tar inn kvalitetsdimensjonen når ein skal vurdere kommunale tenester. I denne rapporten blir det brukt nokre indikatorar som kan gje eit bilete på *målt/objektiv kvalitet i tenesta*, og ikkje opplevd kvalitet (som t.d. brukartilfredshet er eit uttrykk for).

7.3.1 Produktivitet, heile tenesta

Figur 12: Korrigerte brutto driftsutgifter og årsverk pr mottakar, 2009
(Kjelde: Kostra – generert i KS sin statistikkgenerator).



Søylene i figuren over (figur 12) viser gjennomsnittleg kostnad (korrigert brutto driftsutgift) *pr mottakar* av pleie- og omsorgstenestene samla. Dette inkluderer alle kostnader til PLO-tenestene fordelt på alle registrerte tenestemottakarar/brukarar. Firkantane/linja viser årsverk pr tenestemottakar.

FUNN:

Av søylene i figuren over ser vi at gjennomsnitt utgift pr mottakar av PLO-tenester varierer frå Naustdal (kr 324932) som hadde høgast utgiftsnivå, og Gaular (kr 268635) som hadde lavast utgiftsnivå – ein differanse på kr 56297 pr år pr tenestemottakar. Naustdal har dei *høgaste kostnadene pr mottakar* av alle dei samanlikna kommunane, medan gjennomsnittet for landet er kr 308865 kroner.


Firkantane/linja i figuren over samvarierer i stor grad med søylene: Naustdal har i følge firkanten størst årsverkverknad pr tenestemottakar (0,5) og i følge søyla største gjennomsnittlege kostnad pr tenestemottakar. Selje kommune utmerkar seg ved å ha både relativt låge kostnader pr mottakar av pleie og omsorgstenester òg lavt årsverk pr mottakar i brukarretta teneste (0,37). Den samvariasjonen som figuren syner er heilt naturleg – all den tid pleie og omsorgstenester i stor grad er personalintensive tenester; altså at lønskostnader utgjør hovuddelen av kostnadene.

Naustdal kommune har i dialogversjonen til forvaltningsrevisjonsrapporten komme med denne merknaden til dette punktet:

"Vi har driftsutgifter på linje med gjennomsnittet for kommunane i fylket, men betydeleg høgare enn t.d. Gaular og Selje. Andre samanstillingar viser at det er dei heimebaserte tenestene desse forskjellane stammar frå. Våre eigne analysar konkluderer med at det er tenestene til yngre funksjonshemma som i særleg grad skil dei små kommunane frå kvarandre. Desse tenestene har hatt stort fokus i interne kostnadsvurderingar, som har resultert i organisatoriske og andre tiltak for å kunne redusere ressursbruken."

Nedanfor har vi teke med ein figur (figur 13) som viser gjennomsnittleg kostnad (korrigert brutto driftsutgift) *pr mottakar* av pleie og omsorgstenestene samla – for åra 2007-2009. På denne måten får vi fram ein tendens over tid.

Figur 13: Korrigerte brutto driftsutgifter pr mottakar av PLO-tenester – 2007, 2008 og 2009
(Kjelde: Kostra – generert i KS sin statistikkgenerator).



FUNN:

Tidsserie 2007-2009:


Figuren over (figur 13) fortel at driftsutgiftene pr mottakar av Pleie og omsorgstenester for Naustdal sin del har vore *minkane* dei tre siste åra, til kr 324932¹⁷ pr år i 2009. Dette er likevel *det høgaste* nivået blant dei samanlikna, jf figur 12.

Den store skilnaden i tala for 2007/08 v.s. 2009, gjer at revisjonen stiller seg undrande til om det har vore endringar i rapporteringspraksis i tidsperioden. Tala for 2009 teiknar til å vere meir korrekte enn dei to føregåande åra, om ein samanliknar Naustdal med dei andre kommunane.

Utgiftsnivået pr mottakar for dei samanlikna kommunane – og altså ulikt som for Naustdal – har etter tidsserien derimot gjennomgåande vore *aukande*; dette gjeld både for Gaular, Selje, for kommunegruppa, fylket og landet sett under eitt.

¹⁷ NB! Vi merkjer oss at statistikkgeneratoren til Fylkesmannen og til KS – som begge byggjer på dei same KOSTRA-tala for PLO pr 15.06.2009 – likevel spiker lite grann på tala presenterte i figur 12 og 13 for fylket og landet sett under eitt; men tendensane held seg. Vi har likevel ikkje etterrøkt årsaka til dette nærare her.

Figur 14: Lønsutgifter pr kommunalt årsverk og årsverk i brukarretta tenester pr mottakar:
(Kjelde: Kostra – generert i Fylkesmannen sin statistikkgenerator).



Figur 14 over syner kor store lønsutgiftene er pr kommunalt årsverk for Pleie og omsorg sett under eitt – samt kor mange årsverk som blir nytta i brukarretta¹⁸ tenester pr tenestemottakar. **Naustdal har ikkje registrerte innrapporterte tal for åra 2007 og 2008.**

FUNN:

Figuren over syner at i 2009 i Naustdal var *lønsutgiftene pr kommunalt årsverk* (kr 559 716) like under snittet for kommunegruppa (561 854), for landet under eitt (kr 566 212) og Selje (kr 624 438), men høgare enn Gaular (kr 536 732) og for fylket (kr 549 636).


Figuren syner (som også omtalt i figur 12) at for 2009 så har Naustdal 0,5 årsverk i brukarretta tenester pr mottakar – det høgaste talet av alle som er samanlikna; Selje hadde lågast årsverksdel pr mottakar med 0,37 årsverk. Figuren syner dessutan at Naustdal i 2009, har *lågare lønsutgifter pr kommunalt årsverk* (kr 559 716) enn kommunegruppa (kr 561 854) og for landet sett under eitt (kr 566 212).

Interessant her er det å sjå på desse funna opp mot *utdanningsnivået* til dei tilsette, som jo kan verke inn på dei samla lønsutgifter. Også høgt *sjukefråvær*, særleg korttidssjukefråvær som arbeidsgjevar må finansiere, har innverknad på produktiviteten. Dette skal vi sjå på nedanfor.

¹⁸ Brukarretta tenester: Med brukarretta tenester meiner ein arbeid utført av dei som jobbar direkte med mottakarar av pleie og omsorgstenestene i kommunen, samt dei som sakshandsamar og fattar vedtak om pleie og omsorgstenester

Figur 15: Andel årsverk i brukarretta tenester med fagutdanning – og andel legemeldt sjukefråvær av totalt antal kommunale årsverk i brukarretta tenester.

(Kjelde: Kostra – generert i Fylkesmannen sin statistikkgenerator)



FUNN:

Figuren ovanfor (figur 15) gjev oversyn over utdanningsnivået til dei tilsette som arbeider i brukarretta tenester – og syner dessutan kor stort det legemelde sjukefråværet er av det totale talet årsverk i brukarretta tenester.

Tidsserie fagutdanning Naustdal 2007 – 2009:

Figuren over syner at Naustdal kommune i åra 2007, 2008 og 2009 har størst del årsverk med fagutdanning blant dei samanlikna – med høvesvis 77%, 81% og 77% årsverk med fagutdanning.


Tidsserie sjukefråvær Naustdal 2007 – 2009:

Sjukefråværet i Naustdal har i same periode pendla; frå 9,5 prosent - til 7,0 – og til 7,9 prosent i 2009. Storleiken på sjukefråværet i 2009 er likt med nivået til Gaular, noko lågare enn Selje (10,8%) og landssnittet (8,7%) – men høgare enn same kommunegruppe (7,8%) og for fylket (7,4%).

7.3.2 Produktivitet - Heimetenester

Her skal vi sjå nærare på brutto driftsutgifter pr mottakar av kjernetenester – avgrensa til Heimetenesta.

Figur 16: Korrigerte brutto driftsutgifter pr mottakar av kjernetjenester til heimebuande. Kroner. 2009.
(Kjelde: Kostra – generert i KS sin statistikkgenerator).



Figuren over (figur 16) viser alle kommunen sine brutto utgifter til heimetjenester, fordelt på alle registrerte brukarar.

Kostnadene til heimetjenester varierer monaleg mellom dei samanlikna. *Høgaste brutto utgiftsnivå til heimetjenestene* har Naustdal (kr 227310 pr år), medan nabokommunen Gaular har lågast utgiftsnivå (kr 106579 pr år). Naustdal ligg kr 69336 høgare enn for kommunegruppa, kr 44100 høgare enn for fylket og kr 47568 enn landet under eitt. Naustdal ligg med andre ord langt høgare enn landssnittet og samanliknbare kommunar.

Denne indikatoren er henta direkte frå Kostra nivå 2, og er berekna slik:

Korrigerte brutto driftsutg pr. mottakar av hjemmetjenester (i kroner), konsern

KS95254922811808

Indikatoren viser driftsutgiftene inkludert avskrivninger ved egen tjenesteproduksjon korrigert for dobbeltføringer som skyldes viderefordeling av utgifter/interkjøp mv. pr hjemmetjenestebruker. Indikatoren viser dermed enhetskostnadene eller produktiviteten ved den aktuelle tjenesten.

Korrigerte brutto driftsutg pr. mottakar av hjemmetjenester i kroner, konsern= (Korrigerte brutto driftsutgifter for hjemmetjenester f254, konsern/ Mottakere av hjemmetjenester i alt)*1000

Teller=Korrigerte brutto driftsutgifter kontoklasse 1 og 3, funksjon 254, artene(010-290)+art429+art590-art690- art710-art729-art790. Data hentet fra kommuneregnskapet og regnskapene til kommunale foretak (KF), interkommunale samarbeider og interkommunale selskaper (IKS).


Nevner= Mottakere av hjemmetjenester pr 31.12 Data hentet fra pkt 5a i skjema 6 tom. 2006-årgangen. Fom. 2007 er kilden IPLOS, og da også inkl. avlastning utenfor inst. og omsorgslønn, i tillegg til hjemmesykepleie, praktisk bistand og brukerstyrt personlig assistanse (BPA).

Teller multiplisert med 1000 gir indikator i kroner.

Naustdal kommune har i dialogversjonen til forvaltningsrevisjonsrapporten komme med denne merknaden til dette punktet:

"Fleire tall tyder på at Naustdal ligg høgt på kostnader pr. heimetenestemottakar, men skal ikkje ligge så høgt som fig 16. syner. Feilkjelder: Naustdal har kostnader til aktivitetstilbod inne i brutto driftsutgifter IPLOS-rapporteringa har ikkje med mottakarar av støttekontakt og avlastning"

Figur 17: Gjennomsnittleg tal tildelte timar i veka, brukarar utanfor institusjon. 2009.
(Kjelde: Kostra – generert i KS sin statistikkgenerator).



Figuren over (figur 17) syner talet timar pr veke som gjennomsnittleg blir tildelt til brukarar utanfor institusjon. Figuren seier ikkje noko om kva bistandsbehov som ligg "bak" tildelinga, eller om det er ulikskapar mellom aldersgruppene. NB! Det er viktig å sjå praksis for tenestetildeling som ein del av ein heilskap, m.a. i forhold til dekningsgrad institusjon.


FUNN:

Figuren over syner at Naustdal for 2009 gjennomsnittleg tildeler færre timar i veka (7,7) til brukarar utanfor institusjon enn alle som er samanlikna; unnataket er Selje med berre 3 timar. På landsbasis er gjennomsnittet 8,3 timar; kommunegruppa 8,1 timar og gjennomsnittet for fylket er 10 timar pr veke.

Naustdal kommune har i dialogversjonen til forvaltningsrevisjonsrapporten komme med denne merknaden til dette punktet:

"Fig 17: Svært usikker på om denne viser riktig bilete. Fhv mange yngre funksjonshemma med svært høg ressurstildeling skulle ein forvente bidra til auka gjennomsnitteleg timetildeling."

Figur 18: Fordeling av tildelte timar i heimetenesta etter aldersgruppe. 2009.
(Kjelde: Kostra – generert i KS sin statistikkgenerator).



Figuren over (figur 18) seier noko om korleis tildelte heimetenestetimar er fordelt på ulike aldersgrupper. (Figuren er ikkje komplett, kommunegruppe 1 manglar – og revisjonen stiller spørsmålsteikn til kvifor talet for *landet* ikkje utgjer 100% i figuren, og dette talet vil ikkje bli brukt vidare).

FUNN:


Figuren over seier for 2009 at Naustdal -- ulikt alle dei det er samanlikna med -- tildeler nesten like mange timar heimeteneste til personar i aldersgruppa 0-66 år (49%) som i aldersgruppa 67 år + (51%).

I kommunane Gaular er andelen timar til heimeteneste 0-66 år på 71%; Selje 61%; fylket 80% medan landssnittet er 62%.

Naustdal kommune har i dialogversjonen til forvaltningsrevisjonsrapporten komme med denne merknaden til dette punktet:

”Fig18. Også her ei fordeling som ikkje stemmer heilt med våre oppfatningar, knytt til same tilhøve som figur 17.”

Figur 19: Brukarbetaling, praktisk bistand, i prosent av korrigerte brutto driftsutgifter, 2009.
(Kjelde: Kostra – generert i KS sin statistikkgenerator).



Figuren over (figur 19) syner i kva grad brukarbetaling finansierer såkalla praktisk bistand. Merk at figuren viser delen utgifter som blir finansiert gjennom brukarbetaling, og ikkje betalingssatsane (nivået).


Naustdal har lågast del brukarbetaling (0,7%) av dei samanlikna – som er halvparten av landssnittet (1,4%) og også lågare enn kommunegruppa (1,9%) og fylket (1,9%). Selje er i ei særstilling i den andre enden når det gjeld å brukarfinansiere praktisk bistand (6,5%).

Naustdal kommune har i dialogversjonen til forvaltningsrevisjonsrapporten komme med denne merknaden til dette punktet:

" Fig 19: Denne er vi også litt usikre på. Årleg gjennomgang av ulike betalingssatsar, med samanlikning av andre nærliggande kommunar, tyder ikkje på at vi ligg vesentleg lågare enn andre. I dei innsparingsprosessane vi har vore gjennom er det likevel slik at det er dei tenestene som gjev grunnlag for eigendel som særleg har vorte reduserte – heimehjelp, aktivitetstilbod. Heimesjukepleie etter helsetenestelova har vi ikkje høve til å ta betalt for. Det same gjeld ADL-trening og opplæring i dagleglivets gjeremål for funksjonshemma."

7.3.3 Produktivitet - Institusjonstenester

Figur 20: Korrigerte brutto driftsutgifter pr kommunal plass i institusjon, i kroner¹⁹. 2009.
(Kjelde: Kostra – generert i KS sin statistikkgenerator).



Figuren over (figur 20) syner korrigerte brutto driftsutgifter til drift av kommunale institusjonsplassar, fordelt på funksjonane 253 pleie – og funksjonen 261 driftsutgifter til drift. Altså: Kostnad pr plass.

FUNN:

Naustdal utmerkjer seg i 2009 ved å ha dei *høgaste* korrigerte brutto driftskostnadene til *pleie*, f 253, av dei samanlikna, på kr 753023. Selje har lågaste driftskostnader av dei samanlikna, funksjon 253 er her på kr 602537. Landssnittet er på kr 749148.

Naustdal utmerkjer seg også ved å ha *høgast* korrigerte brutto driftsutgifter til *drift* (kr 95032) av dei samanlikna, funksjon 261. Selje utmerkjer seg i den andre enden ved å ha lågast driftsutgifter til drift (kr 78296). Landssnittet er på kr 88825.

Naustdal kommune har i dialogversjonen til forvaltningsrevisjonsrapporten komme med denne merknaden til dette punktet:

¹⁹ Beregning av Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass

Indikatoren viser driftsutgifter i kr., inkludert avskrivninger ved egen tjenesteproduksjon korrigeret for viderefordeling av utgifter/internt kjøp pr plass registrert ved utgangen av året i institusjoner med kommunal eier. Indikatoren viser dermed enhetskostnadene eller produktiviteten ved tjenesten.

Korrigerte brutto driftsutgifter pr. plass i kommunale institusjoner = (Korrigerte brutto driftsutgifter funksjon 253+261/plasser i kommunale institusjoner)*1000.

(("Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon") / ("Kommunale plasser i institusjon i alt")) * 1000


Teller = Korrigerte brutto driftsutgifter(kontoklasse 1, art(010-290)+art429+art590-art690-art710-a729-a790).

Funksjon253+261. Data er hentet fra kommuneregnskapet i 1000 kroner.

Nevner = Plasser i i alt, institusjoner med kommunal eier, barneboliger og avlastningsboliger inkludert. Data er hentet fra skjema 5, pkt 2.

"Som eit innsparingstiltak er tal institusjonsplassar redusert frå 28 til 22. I tillegg rommar institusjonsbygget 8 bukollektivplassar med fellesareal og ein etasje (10 rom) som vert nytta av heimesjukepleien. Driftsutgiftene for bygget vert i si heilheit ført under institusjon, medan husleigeinntekter vert ført under heimetenestene. Færre plassar å dele kostnadene på bidreg til høgare kostnader pr plass."

Figur 21: Andel brukarar med noko – middels eller omfattande bistandsbehov. %, 2009.
(Kjelde: Kostra – generert i KS sin statistikkgenerator).




Figuren over (figur 21) er strengt talt ikkje avgrensa til institusjonstenester men omhandlar PLO samla, og gjev eit oversyn over den relative fordelinga av brukarar etter bistandsbehov. Dette er IPLOS -tal (jf omtale av kvaliteten på desse i del 5.2.2).

FUNN:

Figuren over syner at for 2009 utmerkar Naustdal seg ved å ha *svært låg andel* (14,9 %) brukarar som har omfattande bistandsbehov; Gaular har 31,6 %, Selje 32,2% medan landssnittet er på 23,4%.

Vidare er Naustdal den kommunen som *i størst grad* (58,1%) av dei samanlikna har brukarar med noko/avgrensa bistandsbehov. Gaular har 49,7%, Selje 37,4% medan landssnittet er på 44,4%.

Figur 22: Fordeling heiltidsbebuarar mellom bebuarar på langtidsopphald og korttidsopphald. Prosent. 2009.
(Kjelde: Kostra – generert i KS sin statistikkgenerator).



Figuren over (figur 22) syner fordelinga – for dei som er på *institusjonsopphald* – mellom tidsavgrensa vs langtidsopphald. Figuren har ikkje komplette tal.

FUNN:

Figuren syner gjennomgåande at det i 2009 er vanlegare at bebuarar i institusjon har langtidsopphald, enn korttidsopphald.

Figuren syner vidare at Naustdal (74%), for delen bebuarar på langtidsopphald, nesten ligg på snittet for fylket (73%) slik Selje kommune og gjer det. Gaular har ein heilt motsett trend: Der er det flest bebuarar på korttidsopphald (68%) og færre (32%) på langtidsopphald; eit funn som vi intuitivt spør oss om kan vere korrekt for Gaular sin del.

7.3.4 Vurdering produktivitet – samla

Naustdal utmerkar seg med at gjennomsnittleg *kostnad pr mottakar* av pleie og omsorgstenester er *størst* av dei samanlikna kommunane.

Hovudårsaka til kostnadsvariasjonar mellom kommunar pr. plass er gjerne knytt til:

- Gjennomsnittleg storleik på institusjonane
- Bemanningsfaktor/pleiefaktor/pleiebehov
- Avskrivningar av bygningsmassen
- Ulikskap i føringar mellom kommunar
- Utdanningsnivå/lønsansiennitet pr årsverk

Fleire av desse kulepunkta er alt omhandla ovanfor i denne forvaltningsrevisjonsrapporten:

Naustdal utmerkar seg ved å vere ein kommune der det i brukarretta tenester er etter måten mange tilsette med *fagutdanning*. Allmeint veit enn at tilsette med fagutdanning gjennomgåande tener betre enn tilsette utan slik formell kompetanse, noko som i seg sjølv verkar kostnadsdrivande.

Vidare er *sjukefråværet* i Naustdal ikkje blant det lågaste mellom dei samanlikna og det har variert noko frå år til år, utan att vi har kunna gå nærare inn på det her.

Dessutan er *årsverk-dekning* pr tenestemottakar høgast (0,5 årsverk) mellom dei samanlikna. Dette kan kanskje vere medforklarande på kvifor t.d. Gaular har lågare lønsutgifter, trass i same sjukefråværsnivå, men òg lågare årsverks-dekning (0,4) enn Naustdal.

Tilsvarande som at brutto driftsutgifter pr mottakar av tenester for *PLO-tenesta samla* i 2009 er høgast i Naustdal av dei samanlikna kommunane, så ligg Naustdal altså også høgast når vi ser på korrigerte brutto driftsutgifter for høvesvis *institusjonstenestene* og *heimetenesta* for seg.

Naustdal kommune forklarar dette for eigen del (jf del 7.3.1) med at kommunen har:

"...driftsutgifter på linje med gjennomsnittet for kommunane i fylket, men betydeleg høgare enn t.d. Gaular og Selje. Andre samanstillingar viser at det er dei heimebaserte tenestene desse forskjellane stammar frå. Våre eigne analysar konkluderer med at det er tenestene til yngre funksjonshemma som i særleg grad skil dei små kommunane frå kvarandre. Desse tenestene har hatt stort fokus i interne kostnadsvurderingar, som har resultert i organisatoriske og andre tiltak for å kunne redusere ressursbruken."

Det at brutto driftsutgifter for Heimetenesta er høgast av dei samanlikna (jf figur 16), samtidig som at Naustdal er av dei kommunane som tildeler færrest timar pr veke til brukarar utanfor institusjon (jf figur 18) – kan indikere at Naustdal *tildeler tenester til mange brukarar* – altså at Naustdal har låg terskel for tildeling av tenester. Ein slik påstand harmonerer med figur 9 som viser – særleg for aldersgruppa 67-79 år – at Naustdal er den kommunen som tildeler flest PLO-tenester (institusjon/heimetenester) pr 1000 innbyggjarar av dei samanlikna kommunane. Likevel er Naustdal den kommunen som i størst grad har brukarar med berre "noko/avgrensa" bistandsbehov; og "lette" brukarar burde isolert sett implisere eit lågare driftsutgiftnivå.

Når ein analyserer dette, er det likevel viktig å minne om (men som altså ikkje er tilfelle for Naustdal) – at låg einheitskostnad/høg produktivitet som økonomisk honnrørord, ikkje automatisk har same verdi når ein ser utgiftsnivå i samband med kvalitet og bemanning i tenesta. PLO-utgifter er sterkt påverka av bemanning, og den einskilde kommune må sjølv vurdere kva som er fagleg forsvareleg; låg einheitskostnad er såleis ikkje automatisk "bra".

Og i forlenginga av dette: Idealtypisk vil det ofte vere slik at det er kommunar med stor del bebuarar med omfattande bistandsbehov – noko som altså ikkje er tilfelle for Naustdal som snarare har flest bebuarar med noko/avgrensa bistandsbehov (jf figur 21) – at utgifter til pleie aukar. I Naustdal fell ein indikator som syner "lavt" bistandsbehov såleis ikkje saman med at brutto driftsutgifter for PLO samla, og dessutan for deltenestene heimeteneste og sjukeheimsinstitusjon for seg, er høgast av dei samanlikna.

Interessant er det i ein slik situasjonen, der Naustdal altså har flest bebuarar med *avgrensa pleiebehov* av dei samanlikna – samtidig òg er den kommunen med *høgast årsverkverknad* i brukarretta tenester pr mottakar og dessutan *størst del årsverk med fagutdanning* i brukarretta tenester. Spørsmålet røyver ved problemstillinga knytt til bemanning i tenesta. For medan dekningsgrad, som vi skal omhandle nedanfor, seier noko om kapasitet – antal plassar – så blir einheitskostnad justert ved å trekke *bemanningsnorm opp eller ned*. Det er ikkje uvanleg at kommunar med god tilgang på institusjonsplassar, har lavare einheitskostnader, og omvendt.

Spørsmål til refleksjon:

- Kva skuldast det at Naustdal i 2009 har dei største gjennomsnittleg kostnad pr mottakar av pleie og omsorgstenestene sett under eitt, og for heimetenesta og institusjonstenestene for seg av dei samanlikna?; er kulepunkta ovanfor relevante forklaringsfaktorar her?
- Er det eit bevisst val – og økonomisk ynskjeleg – at Naustdal i 2009 har den største *årsverk-dekning* pr tenestemottakar av dei samanlikna instansane? Ein trend ein ynskjer å halde på i åra som kjem?

- Er det eit bevisst val – og økonomisk ynskjeleg – at Naustdal er den kommunen i 2009 som i størst grad har tilsette med *fagutdanning* i brukarretta tenester? Ein trend ein ynskjer å halde på i åra som kjem?

Kommunen sine samla utgifter kjem til syne som eit produkt av *kor mange* som mottok tenester og *kor mykje teneste* kvar einskild får. Ved analyse av Pleie- og omsorgstenester må indikatorar for einheitskostnad difor sjåast i samanheng med *dekningsgrad* – både for heimetenesta og institusjon.

Eksempel: Ein kommune med høg institusjonsdekning har føresetnader for at dei mest pleietrengande får bur i institusjon, og på denne måten kan ressursinnsats i heimetenesta reduserast. På den andre sida kan ein kommune med ”for høg” institusjonsdekning risikere å ha bebuarar på institusjon som kunne ha budd i eigen bustad og mottok rimelegare tenester.

Dette skal vi sjå nærare på i det følgjande.

7.4 Dekningsgrad

Dekningsgrad er eit mål på kor stor del av målgruppa (%) som mottok tenester, og blir berekna ved å ta talet brukarar av tenesta og dele på talet personar i målgruppa.

Prinsipielt seier dekningsgrad noko om i kor stor grad *behovet* for ei bestemt teneste er dekket. Det finst ikkje ein statistisk eintydig definisjon av behov (jf tidlegare); ein måte å løyse dette på er å sansynleggjere behovet; t.d. er aldersgruppa 80 år + målgruppe for institusjon.

I KOSTRA blir *bruksratar* gjennomgåande nytta som indikator for dekningsgrad.

Årsaker til variasjon i dekningsgrad, kan vere:

- Behov vil variere over tid mellom kommunar
- Ulik praksis for tildeling av hjelpetenester
- Talet innbyggjarar i målgruppa aukar utan at tenestevolumet aukar
- Ulike inntekter mellom kommunane


Nøkkeltal for dekningsgrad kan brukast til å vise (samanlikne) kapasitet på tilbodet, og til å synleggjere kven som mottok tenester. Særleg for eldre brukarar er det viktig å sjå dekningsgrad *heimetenester* i samanheng med dekningsgrad *institusjonstenester*.

På landsbasis er det 2,0% av innbyggjarane som mottok heimetenester – medan heile 35,3 % av innbyggjarane over 80 år mottok heimetenester (Kjelde: KS – effektiviseringsnettverka, mars 2010)

Eksempel: Indikatoren ”Antall omsorgsboliger pr 1000 innbyggere” er eit nøkkeltal som synleggjer kapasitet, og gjer det mogeleg å samanlikne mellom kommunar. Indikatoren ”Aldersfordeling av beboere i omsorgsbolig” synleggjer kven som faktisk mottok tenester; dvs reell dekningsgrad.

7.4.1 Dekningsgrad – tenesta samla

Figur 23 Andel 80 år + som har institusjonsplass eller får heimeteneste. 2009.
(Kjelde: Kostra – generert i KS sin statistikkgenerator).



Figuren over gjev oversyn over kor mange av dei gamle eldre, 80 år +, som mottok institusjons- eller heimetenester frå kommunen.


FUNN:

Figuren over (figur 23) syner for 2009 at i Naustdal er det 46,8 % av alle innbyggjarar som er 80 år eller eldre som mottok Pleie- og omsorgstenester; dette er det *lågaste talet* blant dei samanlikna kommunane.

I Gaular mottok 51,1% av innbyggjarane i denne aldersgruppa institusjons- eller heimeteneste, i Selje er talet enno høgare (52,5%). Landssnittet ligg på 48,9% , medan fylkessnittet er på 53,9% for aldersgruppa 80 år +.

I figuren nedanfor er tala operasjonalisert på eit enno meir detaljert tenestetilbodsnivå.

Figur 24: Tenestetilgjengelegheit for eldre 80 år +, prosent. 2009.
(Kjelde: Kostra – generert i KS sin statistikkgenerator).



Figuren over (figur 24) syner kor stor del av dei eldre, 80 år +, som mottek heimetenester eller er bebuar på institusjon. Figuren manglar data for kommunane Gaular og Selje.


FUNN:

Vi ser av figuren over at det i Naustdal, blant innbyggjarar 80 år +, er klart fleire som anten mottek heimetenester i *eigen heim* (27,6%) eller i omsorgsbustad med heildøgns omsorg (5,7%) – enn som bur på institusjon (13,5%).

I Naustdal (5,7%) ser ein at det er noko fleire som bur i *omsorgsbustad* enn snittet for landet (4,8 %) – men færre (27,6%) som mottek tenester i *eigen heim* enn landssnittet (29,8%), eller som *bur i institusjon* (13,5%) mot eit landssnitt på 14,3%.

7.4.2 Heimetenester

Figur 25: Andel innbyggjarar i ulike aldersgrupper som mottok heimetenester, i prosent. 2009.
(Kjelde: Kostra – generert i KS sin statistikkgenerator).



Figuren over (figur 25) syner delen innbyggjarar – fordelt på ulike aldersgrupper – som mottok heimetenester.


FUNN:

Figuren over syner at på landsbasis er det 1,9% av innbyggjarane i aldersgruppa under 67 år som mottok heimetenester og 8% i aldersgruppa 67-79 år mottok heimetenester, men heile 35% av innbyggjarane 80 år + mottok heimeteneste på landsbasis.

Naustdal følgjer den nasjonale trenden, men har litt færre innbyggjarar (33%) i den eldste aldersgruppa, 80 år +, som mottok heimetenester enn landssnittet (35%) – men Naustdal er den kommunen som *i størst grad (14%) tilbyr heimeteneste til innbyggjarar i aldersgruppa 67-79 år* av alle dei samanlikna kommunane: Gaular (11%), Selje (12%); kommunegruppa (9%); fylket (10%); landet (8%).

Figur 26: Mottakarar av heimetenester, pr 1000 innbyggjarar, ulike aldersgrupper.
(Kjelde: Kostra – generert i Fylkesmannen sin statistikkgenerator).

Diagram F2: Dekningsgrad - Volum - Hjemmetjeneste



Figur 26 fortel noko om kor stor del av målgruppa, i prosent, som mottok heimetenester frå kommunen, fordelt på ulike aldersgrupper. **Tal for 2007 på mottakarar av heimetenester er ikkje registrerte på Naustdal i figuren. Ei heller er delen heimetenestemottakarar med omfattande bistandsbehov 67 år + registrert i perioden 2007-2009.**

FUNN:

Figuren over (figur 26) – og i tråd med førre figur (25) – syner overordna for alle dei samanlikna kommunane, at i 2009 var det *flest* mottakarar av heimetenester i aldersgruppa 80 år +; langt færre i aldersgruppa 67-79 år og langt færre enn det att som mottok heimetenester i aldersgruppa 0-66 år. Denne overordna trenden held seg, også om vi ser på Naustdal kommune isolert, både i 2008 og 2009.


Naustdal kommune har vidare eit stigande tal mottakarar av heimetenester frå 2008 til 2009, i *alle tre* aldersgruppene.

Naustdal merkjer seg i 2009 ut blant dei samanlikna ved relativt sett å ha *flest* mottakarar av heimetenester (138 pr 1000) i *aldersgruppa 67-79 år*; Selje hadde nest høgst del (121) og Gaular (105), medan Sogn og Fjordane 95 og same kommunegruppe hadde 89 personar – pr 1000 innbyggjarar. I dei to andre aldersgruppene, 0-66 år og 80 år +, ligg Naustdal i 2009 meir på det jamne i høve til dei samanlikna instansane.

Kostnadsdriver er et begrep som brukes om økonomiske variabler som «driver» eller endrer variable kostnader (Wikipedia)

Figur 27: Heimebuarar med høg timeinnsats; innbyggjarar over 80 år med heildøgns bemanning; korrigerte brutto driftsutgifter pr. mottakar av heimetenester.

(Kjelde: Kostra – generert i Fylkesmannen sin statistikkgenerator)



Figuren over (figur 27) viser sentrale faktorar m.o.t. å forklare utgiftsnivået i heimetenesta, m.a. om det er mange heimebuarar med høg timesats. Tal for åra 2007 og 2008 vantar for Naustdal, både for høg timesats og korrigerte brutto driftsutgifter pr mottakar av heimetenester.

FUNN:

I figuren over ser ein for 2009 at andelen heimebuarar med *høg timeinnsats* for Naustdal sin del (6,3%) er lik med Gaular, og mest likt som for kommunegruppa (6,2%) – men under snittet for fylket (8,1%) og landet under eitt (6,5%).

Tilsvarende ser vi i figuren at for Naustdal har *andelen innbyggjarar 80 år og over i bustad med heildøgns bemanning* gått ned frå 6,8 i 2007 og 6,9 i 2008 – til 5,7 i 2009. Dette talet er klart lågare enn for kommunegruppa (7,8) og for fylket (6,4) men over landssnittet (4,8).

Om vi så konsentrerer oss om siste kolonne i figuren; ”Korrigerte brutto driftsutgifter pr mottakar av heimetenester”, ser ein at Naustdal i 2009 (2007 og 2008 vantar tal) merkjer seg ut: Naustdal har *høgste kronetal (kr 227 310) i brutto driftsutgifter pr tenestemottakar av heimetenester av alle dei samanlikna kommunane* – over dobbelt så mykje som i Gaular (kr 106 579) og om lag kr 45 000 meir enn i Selje. Naustdal ligg også langt over tala både for same kommunegruppe, for Sogn og Fjordane og landet under eitt. Driftsutgiftene i Naustdal er altså høgast pr mottakar plass i Heimetenesta.

7.4.3 Vurdering dekningsgrad – Heimetenestene

Vi har tidlegare i rapporten (i del 7.2.1) presentert fordelinga av kommunane sine *netto utgifter* til pleie og omsorgstenester – altså hovudtrekka i kva pengane blir brukt til i PLO. Vi fann då, både for

dei som Naustdal vart samanlikna med og for Naustdal kommune spesielt, ein trend på at det i 2009 gjennomgåande blei brukt mest pengar til *Tenester for heimebuande* (f 254) i høve til andre funksjonar innan PLO; og at for Naustdal sitt vedkomande blei det dette året brukt langt *meir* pengar til denne gruppa enn alle dei det er samanlikna med i figuren.

Desse funna om *pengebruken* internt i PLO er utdjupa i det som her er skrive om Naustdal og *dekningsgrad*: For vi har (i del 7.4.2) konstatert at i 2009 så er Naustdal, i aldersgruppa 67-79 år, leiande i omfanget på heimetenestebrukarar pr 1000 innbyggjarar blant dei samanlikna kommunane.

KS – effektiviseringsnettverka, seier dette om aldersgruppa 67-79 år og mottak av PLO-tenester:

"KS vil påpeke at andel 67-79 år som mottar tjernester er svært interessant å se nærmere på, fordi dette er en aldersgruppe som gjerne er i "Inngangsfasen" av kommunale tjenester, og dette er et segment hvor diskusjoner om terskler og standarder kan gi stor effekt. Særlig mtp økningen i andel og antall eldre innbyggere vil det være viktig å ha en bevisst og politisk forankret praksis på kva som er riktig terskel for når kommunen starter å gi tenester til eldre".

Om ein kommune tilbyr PLO-tenester hovudsakleg som heimebaserte tenester eller institusjonsbaserte tenester – jf distinksjonen mellom *institusjonsorienterte vs heimetenesteorienterte* kommunar (omtalt i del 7.2.4) – kan også vere eit resultat av økonomiske betraktningar gjennom *politiske val*: Som ein veit er det isolert sett rimelegare å tilby heimebaserte tenester enn institusjonstenester innan PLO. Men her spelar m.a. også *geografi* inn, og dermed reiseavstand med bil for tenesteytarane: I ein geografisk relativt langstrakt kommune som Naustdal – frå Stavang i vest til Svoa aust i Naustedalen – er det tidkrevjande og kostesamt å rekke ut til alle. Spesielt når talet på tenestemottakarar er stort. I ein liten kommune, gjerne med konsentrert busetnad og med gode kommunikasjonar, vil det der truleg vere meir lønsamt å tilby heimetenesteorienterte enn institusjonsorienterte tenester, enn i ein kommune med ein topografi som Naustdal med spreidd busetnad.

Samtidig er det slik at det er dyrt å vere "fattig"; Naustdal har inntil nyleg slite med anstrengt kommuneøkonomi, noko som ikkje utan vidare opnar for sentraliserte, institusjonsbaserte tenester og god dekningsgrad. Slik blir heimebaserte tenester likevel det alternativet ein har i praksis.

Vi merkar oss også at Naustdal kommune hadde påfallande høge korrigererte brutto driftsutgifter pr mottakar av heimetenester i 2009. Kva er forklaringa på dette?

Vi har synt at *dekningsgraden* i heimetenesta er stor, og størst mellom dei samanlikna i gruppa 67-69 år. Vi har òg vist at delen andel årsverk i brukarretta tenester med *fagutdanning* er høgast blant dei samanlikna. Fagutdanna personale vil generelt tene betre enn ikkje fagutdanna personale; men kommunen er likevel *ikkje lønningsleiande* (målt pr kommunalt årsverk) blant dei samanlikna (jf figur 14).

Vi har tidlegare skrive at kommunen har *mest årsverk* i brukarretta tenester pr tenestemottakar (0,5) av dei samanlikna. Men kvifor er årsverksinnsatsen så høg pr brukar, når talet på tildelte timar pr brukar i heimetenesta er på snittet og ein stor andel av brukarane berre har noko/avgrensa hjelpebehov?

Spørsmål til refleksjon:


- Kva forklarar at Naustdal kommune i 2009 i aldersgruppa 67-79 år er leiande blant dei samanlikna ved å ha ein stor *dekningsgrad* på heimetenestebrukarar
 - Kan *befolkningssamansetninga* i Naustdal vere med på å forklare dette ved at det i Naustdal totalt sett er fleire menneske i denne aldersgruppa enn t.d. i dei samanlikna nabokommunane som treng og får heimetenestetilbod?

- Er det særskilde forhold som kan vere med på å forklare kvifor Naustdal i 2009 har klart *høgast brutto driftsutgifter pr heimetenestebrukar* av dei samanlikna instansane, ut over dei forklaringsfaktorane som er nemnde som aktuelle i teksten?
- Naustdal har *mest årsverk* i brukarretta tenester pr tenestemottakar (0,5) av dei samanlikna. Men kvifor er *årsverksinnsatsen* så høg pr brukar, når talet på tildelte timar pr brukar i heimetenesta er på snittet og at det er ein stor andel av brukarane med berre noko/avgrensa hjelpebehov?

7.4.4 Institusjonstenester

Figur 28: Plassar i institusjon i prosent av innbyggjarar 80 år og eldre – og del innbyggjarar 80 år og eldre som bur i institusjon. 2009.

(Kjelde: Kostra – generert i Fylkesmannen sin statistikkgenerator)



Figuren over (figur 28) seier noko om forholdet mellom talet på institusjonsplassar²⁰ (kapasitet) v.s faktisk *belegg*, framstilt i % av innbyggjarane i aldersgruppa 80 år og over.

FUNN:

Dei blå søylene syner delen 80-åringar og eldre som bur i institusjon – *bruksrate* – i 2009. Vi ser at Naustdal har 13,5 % av innbyggjarmassen i denne aldersgruppa buande på institusjon. Talet er det lågaste mellom dei samanlikna, men bryt ikkje avgjerdande frå korkje kommunegruppa (14,6%); fylket (14,8%) eller landet (14,3%) eller Selje (15,3%). Gaular, derimot, har 21% av innbyggjarane som er 80 år og eldre, buande på institusjon.

Firkantane viser kommunen sin *kapasitet* til å tilby institusjonsplass/heildøgnsbemanna bustad til innbyggjarar over 80 år. For Naustdal sitt vedkomande var denne på 15,6% i 2009 – medan landssnittet var på 18,3%.

²⁰ NB! Buform med heildøgns omsorg er inkludert i søylene (blir rekna som institusjon)


Føremålet med å sjå søyle og linje i same diagram, er at *plassar* i % ”styrer” andel 80 år som faktisk er bebuarar. Høgt volum på plassar gjev høg bruksrate og omvendt. Vi ser då også at forholdet mellom søyle og linje blant dei samanlikna kommunane i figuren samvarierer; men minst i Gaular kommune, der gapet mellom søyle og linje berre er på 1%.

Naustdal kommune har altså den *lågaste institusjonsdekninga* målt i innbyggjarar 80 år + av dei samanliknbare kommunane. Dette kan indikere at terskelen for å få institusjonsplass er høgare i Naustdal enn i andre kommunar.

Naustdal kommune har i dialogversjonen til forvaltningsrevisjonsrapporten komme med denne merknaden til dette punktet:

” På grunn av ”unntakstilstanden” er tal institusjonsplassar kunstig lave, ved at sokkeletasjen ved sjukeheimen med 10 enkeltrom ikkje vert nytta som sjukeheimsplassar.”

Figur 29: Andel innbyggjarar 80 år og over som er bebuarar på institusjon – og andel plassar i institusjon og heildøgnsbemanna bustad i prosent av befolkning 80 år +. Prosent
(Kjelde: Kostra – generert i Fylkesmannen sin statistikkgenerator)




FUNN:

Figuren over (figur 29) fortel noko om forholdet mellom *faktisk belegg* 80 år + og *talet på plassar* i institusjon og heildøgnsbemanna bustad i kommunen, i prosent av innbyggjarar 80 år +, og er i røynda ein *kapasitetsindikator*.

Blå søyle viser kor stor del av innbyggjarane over 80 år (i %) *som bur* på institusjon. I 2009 budde 14 % av Naustdal sine innbyggjarar over 80 år på institusjon, likt med landssnittet – og 1% lågare enn Selje, kommunegruppa og fylket. Gaular utmerkar seg ved at 21% av innbyggjarane 80 år + er bebuarar på institusjon.

Firkantane viser kommunen sin *kapasitet* til å tilby institusjonsplass/heildøgnsbemanna bustad til innbyggjarar over 80 år. I Naustdal er denne 35 % av innbyggjarane over 80 år (2009). Men det er då under føresetnad av at ingen under 80 år brukar plassane.

Figur 30: Andel innbyggjarar som er bebuarar i institusjon. 2009. Prosent.
(Kjelde: Kostra – generert i KS sin statistikkgenerator).




Figuren over (figur 30) syner andelen innbyggjarar som bur i institusjon – fordelt på ulike aldersgrupper. Det vantar tal for aldersgruppene under 67 år og aldersgruppa 67-79 år.

FUNN:

Diverre vantar det i figuren over gjennomgåande tal for dei yngste aldersgruppene (under 67 år og 67-79 år) – slik at figuren i praksis ikkje fortel stort meir enn figurane ovanfor – som konstaterte at Naustdal har lågast andel (13,5%) av innbyggjarane 80 år + som bur i institusjon av dei samanlikna kommunane.

Figur 31: Fordeling institusjonsplassar, %. 2009.
(Kjelde: Kostra – generert i KS sin statistikkgenerator).



Figuren over (figur 31) viser samansetjinga av institusjonstilbodet som ei prosentvis fordeling av ulike typar plassar – både plassar for korttidsopphald og meir langvarige opphald. Figuren viser differensiering innan tilbodet, men fortel oss ikkje noe om kapasiteten på tilbodet eller kven som er bebuarar. **Diverre vantar figuren komplette tal, m.a. for Naustdal kommune.**

FUNN:

For landet samla er 56,3 % "øvrigt plasser", dvs ordinære institusjonsplassar, og 23,5 % er plasser til demente. Resterande 20,2 % av plassane er for tidsbegrenset opphold, rehabilitering og habilitering.

Ser vi på skiljet mellom permanente plassar og tidsavgrensa plassar (tidsavgrenset opphold + rehabilitering/habilitering), så skil Selje seg ut med høg andel plassar til tidsavgrensa opphald (25%).


Naustdal utmerkjer seg mellom kommunane med høgast tal (36,4%) plassar i skjerma eining for aldersdemente, og kan mogleg eins ha samanheng med at Naustdal (og delvis Gaular) ikkje har med tal for plassar for tidsbegrenset opphald eller plassar avsett til rehabilitering/habilitering – og at desse tala for dei ikkje-rapporterte kategoriane i staden kan vere hamna i kategorien for aldersdemente.

Naustdal kommune har i dialogversjonen til forvaltningsrevisjonsrapporten komme med denne merknaden til dette punktet:

"Sjueheimen gir både korttidstilbod og rehabiliteringstilbod, men det er ikkje definert kor mange plassar som skal avsetjast til desse formåla. Tildeling av plassar til ulike formål vert gjort etter fortløpande vurdering av behov. Av dei 22 plassane er det avsett 8 plassar på skjerma eining for demente. Ut frå ein "normalsituasjon" med 28 sjukeheimplassar vil fordelingsprosenten mellom demente / andre sjukeheimplassar vere 28,5 / 71,5 %."

Figur 32: Fordeling heildøgnsbebuarar, %. 2009.

(Kjelde: Kostra – generert i KS sin statistikkgenerator).




Figuren over (figur 32) syner fordelinga – for dei som er på institusjonsopphald – mellom tidsavgrensa vs langtidsopphald. Figuren har ikkje komplette tal.

FUNN:

Figuren over syner gjennomgåande at det i 2009 er vanlegare at bebuarar i institusjon har langtidsopphald, enn korttidsopphald.

Figuren syner vidare at Naustdal (74%) nesten ligg på snittet (73%) for fylket og Selje kommune for delen bebuarar på langtidsopphald. Gaular har ein heilt motsett trend: Der er det flest bebuarar på korttidsopphald (68%) og færre (32%) på langtidsopphald.

Figur 33: Andel plassar i einerom i pleie- og omsorgsinstitusjonar. %, 2009.
(Kjelde: Kostra – generert i KS sin statistikkgenerator).



Figuren over (figur 33) fortel kor stor del av brukarane i pleie og omsorgsinstitusjonane som har eige rom.


FUNN:

Landssnittet for bebuarar med eige rom er på 94% - men både i Gaular og Selje kommune har 100% av bebuarane eige rom. Naustdal kommune er den kommunen med *lågast* (81,8%) romdekning for bebuarane av dei samanlikna kommunane.

Naustdal kommune har i dialogversjonen til forvaltningsrevisjonsrapporten komme med denne merknaden til dette punktet:

"Auka innslag av deling av rom er ein konsekvens av "unntakstilstanden" med færre fysiske rom brukt til sjukeheimplassar."

Figur 34: Andel brukarar i institusjon med omfattande bistandsbehov, langtidsopphald. Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr kommunal plass. Konsern.
(Kjelde: Kostra – generert i Fylkesmannen sin statistikkgenerator)



Figuren over (figur 34) gjev oversyn over dei såkalla kostnadsdrivarane i institusjonstenesta, og seier noko om kor mange brukarar det er med omfattande bistandsbehov, og som har langtidsopphald – og kor store dei korrigerte brutto driftsutgiftene er pr institusjonsplass. **Figuren er ukomplett, då det vantar tal for alle dei tre kommunane som er samanlikna ikring brukarar i institusjon med omfattande bistandsbehov – og for Naustdal vantar det tal for åra 2007-2009.**

FUNN:

Figuren, som altså er ukomplett, fortel likevel noko om kor store brutto driftsutgifter pr kommunal institusjonsplass er. I 2009 var driftsutgiftene pr slik plass for Naustdal sitt vedkomande på kr 848 955 – *det høgaste talet* blant dei samanlikna kommunane; om lag kr 120 000 høgare enn nivået i Gaular kommune og om lag 168 000 høgare enn Selje kommune. Brutto driftsutgifter i Naustdal er òg høgare enn for kommunegruppa (kr 799 143), fylket (kr 817 632) og landet under eitt (kr 837 937).

7.4.5 Vurdering dekningsgrad – Institusjonstenester

Figur 29 syner at Naustdal er leiande mellom dei samanlikna når det gjeld *kapasitet* institusjonsplass/heildøgnsbemanna bustad til innbyggjarar over 80 år; 35 % av innbyggjarane over 80 år (2009). Det reelle *belegget* på bebuarar i same aldersgruppa var likevel berre på 14%. Med andre ord, så er differansen mellom 35 % og 14 % eit resultat av at plassane er fylt opp med brukarar som er *under* 80 år. Dette kan skuldast at behovet for institusjonsplassar i Naustdal er slik fordelt at trass i at det er dei gamle eldre som allment har størst institusjonsbehov, så er det andre og yngre brukargrupper, som er prioriterte som institusjonsbrukarar.

Like eins utmerkar Naustdal seg (i 2009) med å ha svært store korrigererte brutto driftsutgifter pr *institusjonsplass*; altså det er forholdsmessig dyrt å drive kommunale institusjonsplassar i Naustdal i høve til dei samanlikna kommunane. Spørsmålet er kva dette skuldast?: Er det andre, yngre pleiegrupper med omfattande pleie som gjer institusjonsplassane blir så pass dyre? Dyr pleieadministrasjon? Byråkratisk eller uføremålstenleg formell organisering av pleie og omsorgstenesta? Unødvendig høg del pleietilsette med fagutdanning, noko som genererer høgare lønsutgifter? Dette er spørsmål som bør belysast for å prøve å få til ei meir økonomisk drift.

I mente frå tidlegare i rapporten (jf figur 16) hugsar vi at Naustdal også hadde høgast korrigererte brutto driftsutgifter pr mottakar av *heimetenester* av dei samanlikna. Så i Naustdal er i alle høve delar av Pleie og omsorgstenestene, så vel heime- som institusjonsbaserte tenester, etter måten dyre å drifte.

Spørsmål til refleksjon:

- Naustdal er den kommunen som, i aldersgruppa 67-79 år, har flest *heimetenestebrukarar* pr 1000 innbyggjarar av dei samanlikna kommunane. Kvifor, og er dette ein ynskt situasjon frametter?
- Naustdal er den kommunen som har lågast omfang innbyggjarar i aldersgruppa 80 år + som *mottek institusjons eller heimetenester* av dei samanlikna kommunane. Kva skuldast dette, og er dette ein ynskt situasjon frametter?
- Naustdal kommune utmerkar seg med å ha det største gapet mellom andel innbyggjarar 80 år + i institusjon og talet plassar i institusjon og heildøgnsbemanna bustad i % av befolkninga 80 år og over ($35\% - 14\% = 21\%$).
 - Indikerer dette at terskelen for å få institusjonsplass er høgare i Naustdal enn i andre kommunar?
 - Burde talet institusjonsplassar avsett til dette føremålet reduserast for i større grad korrespondere med det faktiske bellegget for denne aldersgruppa og for å gje eit meir reelt bilete av faktisk belegg?
- Naustdal har *høgste brutto driftsutgifter pr institusjonsmottakar* av alle dei samanlikna kommunane
 - Kva er årsaka til og kva kan gjerast for å redusere driftsutgiftene pr institusjonsplass?

8 PROBLEMSTILLING 2: FAKTA, VURDERING, KONKLUSJON OG TILRÅDING

Problemstilling 2 lyder slik:

" Dersom revisjonen i tenesteanalysen kjem over funn som indikerer feil i KOSTRA – eller IPLOS-innrapporteringa, vert dette gjort greie for i rapporten".

8.1 Fakta

I kapittel 5 (i del 5.2.2.) gjorde vi greie for metodikken vi har valt for å avdekke eventuelle feil/manglar i Kostra- og IPLOS-rapporteringane i Naustdal kommune. Vi sa då at for:

Manglande talmateriale: Gjeve dei figurane/tabellane vi i tenesteanalysen vel subjektivt ut som ledd i gjennomføringa av tenesteanalysen av PLO i Naustdal, så blir det på dei stadene desse figurane blir presenterte fortløpande i teksten gjort merksam på det om det ikkje føreligg innrapporterte tal i statistikken henta frå www.ssb/kostra .

Mistenkelege tal"/mogelege feilrapporteringar: I fall dei presenterte tala etter revisjonen si oppfatning teiknar til å vere unormalt avvikande, og av den grunn kan tenkjast å vere feil, gjer vi fortløpande i teksten merksame på at kommunen bør gå etter å vurdere om rapporteringane kan vere rette.

Summa summarum inneber dette at vi har avgrensa etterrøykinga etter mogelege feil og manglande rapporteringar til den delen av statistikken vi har nyttiggjort oss i tenesteanalysen, og ikkje meir enn dette. Vi har i denne forvaltningsrevisjonen heller ikkje hatt ressursar til å årsaksforklare manglande eller feilaktig innrapporteringar – men har hovudsakleg avgrensa oss til å be kommunen komme med grunngevrne svar på spørsmål knytt til sentrale mogelege avvik, og i noko mon gjeve våre vurderingar av desse att.

8.1.1 Manglande rapportering eller mangelfulle rapporteringar – KOSTRA

Revisjonen har funne manglande innrapporteringar og/eller mistenkjelege tal/mogelege feilrapporteringar i følgjande figurar nytta i forvaltningsrevisjonsrapporten – for Naustdal kommune:

Fig. nr:	Overskrift på figuren/tabellen:	Revisjonen sin merknad:
NI	Talet på mottakarar av Pleie og omsorgstenester pr 1000 innbyggjarar, fordelt på aldersgrupper	Manglar delvis tal for 2007
ELLEVE	Fordelinga av kommunen sine nettoutgifter pr innbyggjar 67 år og over til ulike tenester i Pleie og omsorgstenesta.	Naustdal har negativt tal (-1051) på Aktivisering og støttetjenester; korrekt rapportering?
TRETTEN	Korrigerte brutto driftsutgifter pr mottakar av PLO-tenester – 2007, 2008 og 2009	Stor variasjon i tala frå år til år 2007-2009; endringar i rapporteringspraksis i tidsperioden?
FJORTEN	Lønsutgifter pr kommunalt årsverk og årsverk i brukarretta tenester pr mottakar	Manglar tal for 2007-2008

TJUESEKS	Mottakarar av heimetenester, pr 1000 innbyggjarar, ulike aldersgrupper	Manglande tal for 2007-2009.
TJUESJU	Heimebuarar med høg timeinnsats; innbyggjarar over 80 år med heildøgns bemanning; korrigerte brutto driftsutgifter pr. mottakar av heimetenester.	Manglande tal for 2007 og 2008
TJUENI	Andel innbyggjarar som er bebuarar i institusjon. 2009.	Manglar tal for fleire aldersgrupper
TRETTIEN	Fordeling institusjonsplassar	Manglar delvis tal for samansetjinga av institusjonstilbod
TRETTIFIRE	Andel brukarar i institusjon med omfattande bistandsbehov, langtidsopphald. Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr kommunal plass. Konsern.	Manglar tal for 2007-2009

Tabell 6: Manglande innrapporteringar og/eller mistenkjelege tal/mogelege feilrapporteringar i nytta figurar i forvaltningsrevisjonsrapporten – knytt til Kostra.

8.1.2 Kvaliteten på IPLOS-rapporteringane

Rådgjevar i Naustdal kommune, Kjell Skaflestad, har munnleg og skriftleg gjort revisjonen merksam på at IPLOS-tala for PLO i Naustdal ikkje gjev eit fyllestgjerrande nok bilete til at vi fullgodt kunne nytte desse tala.

Skaflestad er i samband med denne forvaltningsrevisjonen beden om å svare meir inngåande på eit spørsmålssett frå revisjonen²¹ kring kvaliteten på IPLOS-rapporteringa frå kommunen. I svarmail frå Skaflestad til revisjonen 08.07.2010 kring kvaliteten på **IPLOS-rapporteringa** frå kommunen til offentlege styresmakter heiter det frå kommunen:

"Vedk. status for forvaltningsrevisjonprosjekt - økonomistyring i seksjon PLO.

IPLOS- prosjektet har vore omfattande og arbeidskrevjande for alle kommunar, men eg trur særleg for små kommunar som Naustdal som ikkje har hatt høve til å prioritere ekstra ressursar til dette. Vi meiner likevel at vi er bra i rute i høve til implementering av IPLOS- kartlegging som ein obligatorisk del av kartleggingsarbeidet knytt til saksbehandling av søknader om ulike hjeleptenester innfor seksjon Pleie og Omsorg. Det manglar nok enno noko på implementering innfor dei tenestene som vert tildelede under NAV / sosialtenesta.

Ansvarlege for innføring av IPLOS-registreringa har vore underskrivne, som og står som kontaktperson overfor Helsedirektoratet, saman med seksjonsleiar Marit Klopstad og tidl. ass. seksj.leiar Oddvar Holsen. Desse har hatt ansvaret for opplæringa av dei tilsette, og for implementering av IPLOS-registreringa i det elektroniske journal- og sakshandsamarsystemet vi brukar, GERICA.

Marit Klopstad er no slutta i stillinga som seksjonsleiar. Ny seksjonsleiar byrjar i stillinga 16. august. Også Oddvar Holsen er gått over i anna stilling i kommunen. Vi har difor hausten 2010 ei utfordring med tanke på opplæring av nye IPLOS-ansvarlege i seksjonen.

Opplæring for alle tilsette i seksjon PLO er gjennomført.

IPLOS-variablane vert registrerte elektronisk i GERICA, i samband med saksbehandling av søknad om og tildeling av tenester. Det har vore til dels store problem knytt til dataverktøyet, og det har vore naudsynt med fleire omfattande justeringar og feilrettingar i programvaren. Større feil vart seinast oppdaga i samband med innsending av IPLOS statistikk for 2009, og førte til behov for ny innsending no i mai, etter at programvareleverandøren hadde gjort feilrettingar i systemet.

²¹ (sendt i mail av 25.06. d.s.)

Registrering av IPLOS-variablar tok til i 2006, og 2007 er første året desse dataene er nytta i offisiell statistikk. Kvaliteten på dataene har utvikla seg positivt fram til siste innsending for 2009. Dette gjeld ikkje berre Naustdal kommune, men heile landet. (Sjå vedl. sommarbrev frå Helsedirektoratet – juni 2010)

I Naustdal har arbeidet med IPLOS-systemet til no hatt hovedefokus på levering av statistikk-data til IPLOS-registeret, og lite på desse dataene sitt bruksområde i intern informasjon, sakshandsaming og styring. Sjølv om det i ein liten kommune som Naustdal er fkv enkelt å ha oversikt over hjelpebehov og andre faktorar som har betydning for økonomiske og andre prioriteringar, trur vi at IPLOS data på litt sikt vil verte eit verdfullt supplement, også til intern bruk.

Oppsummert:

Hovedproblemet med IPLOS-statistikkane frå Naustdal så langt er vel at dei ikkje har vore fullstendige. Dei data som blir rapportert inn er korrekte, men gjev ikkje heile biletet.

Årsakene til dette er fleire, også manglande kompetanse og tidsressurs til å følge opp IPLOS-arbeidet. Ei vesentleg årsak ligg og i måten IKT-fagsystemet taklar oppgåva på, noko som vert underbygd av gjentekne endringar og oppdateringar i programvaren.

Det er etablert eit system med tilbakemeldingar frå SSB til både kommunane og programvare-leverandørar, med konkrete feil / mangellister for gjennomgang og feilretting. Desse har vorte fylgt opp så godt som mogleg, og har bidrege sterkt til forbetra kvalitet på innsende data.

Også i IPLOS-dataene for 2009 (sendt SSB i mai 2010) er det nok ein del manglar, sjølv om omfang og kvalitet er betydeleg forbetra i høve til tidlegare års data.

IPLOS-data for 2010 vert oversendt KRYSS-revisjon elektronisk.

Vi ser at det er vanskeleg å framskaffe objektive og nøytrale data for pleie og omsorgstenestene, som er av ei slik art dei eignar seg for samanlikning med andre tenesteområde eller med tilsvarende tenester i andre kommunar. Omfang og dimensjonering av tenester til omsorgstrengande, særleg til yngre funksjonshemma, er svært individavhengig og kan variere mykje, også for tilsynelatande like diagnoser og funksjonshemmingar. Eit forsøk på ein objektiv vurdering av tenesteområdet HFF – heimetenester for funksjonshemma – vart gjort med hjelp av eksterne konsulentar i 2004. (rapporten vert ettersendt). Sjølv om rapporten er 6 år gammal og det har skjedd fleire organisatoriske endringar i ettertid, omhandlar den i hovudsak mange av dei same tenestemottakarane som i dag.

Fleire moment i rapporten er fylgt opp i ettertid, m.a. når det gjeld auka vekt på fagleg kompetanse i personalgruppa."

... heiter det i svar frå rådgjevar Kjell Skaflestad

Revisjonen har i sitt arbeid med utskrivinga av rapporten, like til dialogversjonen av rapporten vart sendt kommunen på uformell "høyring", bygd bruken av talmaterialet i nytta figurar i rapporten på svaret frå Skaflestad (referert ovanfor): "Hovedproblemet med IPLOS-statistikkane frå Naustdal så langt er vel at dei ikkje har vore fullstendige. Dei data som blir rapportert inn er korrekte, men gjev ikkje heile biletet". Følgjeleg vart då også figurar der IPLOS-data er inkorporerte i Kostra, teke inn i dialogversjonen av forvaltningsrevisjonsrapporten (og er også teke med i den formelle høyringsversjonen og endeleg versjon av rapporten, jf del 8.2. nedanfor).

Når kommunen så kom med uttale²² på dialogversjonen på forvaltningsrevisjonsrapporten, les revisjonen kommunen dit hen at utfordringane knytt til IPLOS-tala ikkje berre er at dei er ufullstendige, men og kan vere direkte feil, og at kommunen ikkje fullgodt kan stå står inne for at faktisk innrapporterte IPLOS-tal er til å stole på. I svaret frå Naustdal kommune på dialogversjonen heiter det om IPLOS-tala (utdrag):

"Generelt har vi tillit til at samanstillingane som er basert på rekneskapstal og folketal er riktige, medan feilkildene vert store i analysar som baserer seg på KOSTRA tal der IPLOS-statistikk inngår i berekningsgrunnlaget. Dersom vi har oppfatta det riktig er det IPLOS som ligg til grunn i KOSTRA-berekingane frå og med 2007. Når vi går inn i KOSTRA og trekkjer ut kva grunnlagsdata som er nytta for

²² Jf mail frå Skaflestad, Naustdal kommune 04.11.2010

Naustdal kommune, (henta frå IPLOS) vert det tydeleg at her er det store feilkjelder. Det har ikkje skjedd så store endringar i pleie- og omsorgstenesta i Naustdal som desse tala kan tyde på. Statistiske samanstillingar som baserer seg på desse talla må bli uriktige (..) Vi trur såleis at 2009-talla på mange område nærmar seg eit korrekt nivå, sjølv om det også her er betydelege feil (...) Dersom vi ser bort frå historikk (2007 – 2008) i dei samanstillingane i rapportutkastet som er basert på IPLOS-data, og berre vurderer 2009-tall, meiner vi likevel at ein del av desse kan gje utgangspunkt for interessante og nyttige spørsmål for vidare drøfting”

8.2 Vurdering og konklusjon KOSTRA- og IPLOS-rapportering:

Denne forvaltningsrevisjonen har ikkje hatt som overordna mål å avdekkje all eventuell manglande rapportering eller feil ved rapporterte tal; men innfallsvinkelen til revisjonen har i staden vore å gjere greie for mogelege feil/manglar som ein har kome over *langs med* i gjennomføringa av tenesteanalysen. Ei heller har fokuset låge på å *årsaksforklare* evt manglande rapportering eller kva *konsekvensar* manglande rapportering kan ha, gjeve kommunen eller myndighetene som pålegg slik rapportering. Forvaltningsrevisjonen har snarare hatt fokus på å syne *om* det har vore manglande/mangelfull rapportering av Kostra og/eller IPLOS -tal.

Revisjonen har då også funne manglar ved rapporteringa i inntekne figurar i rapporten, jf. òg kommunen sin eigen uttale om dette. Desse omhandlar Kostra, og særleg der IPLOS-tal er inkorporerte: Ikkje berre syner funna at kommunen sine IPLOS -tal er *ufullstendige*; dvs at alle sider det skal rapporterast på, likevel ikkje er rapportert på. Men også rapporterer kommunen no at talmaterialet er hefta ved større eller mindre grad av *feil*; dvs dei er ikkje nødvendigvis etterrettlege: *”...feilkildene vert store i analysar som baserer seg på KOSTRA tal der IPLOS-statistikk inngår i berekningsgrunnlaget, og ... ”statistiske samanstillingar som baserer seg på desse talla må bli uriktige”*, heiter det frå kommunen.

Revisjonen er kjent med at det å få i stand god praksis for rapportering av tal til både KOSTRA og IPLOS, har vore krevjande av fleire og samansette grunnar, slik kommunen også refererer til i svaret på dialogversjonen av rapporten. Derfor har det allment teke fleire år å få til gode system for rapportering og kvalitetssikring av innrapporterte data innan området som er røyvde her. Manglande innrapporteringar, og manglande kvalitet ved innrapportert talmateriale innan PLO, er såleis ikkje noko særsyn for Naustdal kommune.

Samtidig er det slik at dei innrapporterte data frå Naustdal kommune er meint nytta dels av kommunen sjølv, t.d. i eigne plandokument og anna – og hjå styresmaktene og samfunnet elles, t.d. for bruk i samanlikningar kommunar mellom i tenesteanalysar lik denne forvaltningsrevisjons-rapporten. Innrapporterte Kostra-tal, og jamvel der desse i sin tur att byggjer på kommunen sine innrapporterte IPLOS-tal, er offentleg tilgjengeleg statistikk som kven som helst kan hente ut og nyttiggjere seg. I ein slik samanheng blir det uheldig at det då, enno, heftar såpass omfemnande feil som er konstatert i denne rapporten ved kommunen sine offentleg pålagde rapporteringar frå PLO. Særleg, ettersom publikum og andre ikkje utan vidare har eigne føresetnader for å kunne vurdere om det offentleg tilgjengelege talmaterialet frå kommunen er gyldig og påliteleg. Dette tar publikum gjerne som ein premiss – og slik skal det vere.

Revisjonen stiller endeleg spørsmålsteikn ved om kommunen fullgodt har nyttegjort seg dei mulighetene den har hatt til, *langs med*, å kunne *korrigere innrapporterte tal* gjennom rettelloppar til rette styresmakter, før tala blir erklært som endelege og offisielle, når kommunen avdekkjer at det er manglande og/eller feil i innrapporteringane. Dette føreset sjølv sagt at kommunen evnar avdekkje feil, og det føreset vidare at kommunen tar seg arbeidet med å gjere slikt rettelarbeid. Samla sett krev dette nok kompetanse, avsette tidsressursar og gode rutinar i kommunen for denne typen kvalitetssikring – noko kommunen gjennom revisjonen sjølv har påpeikt at ikkje alltid har vore tilfelle. Samtidig har kommunen vorte hefta med eksterne, organisasjonsuavhengige faktorar; som

det at IKT-fagsystema for rapportering ikkje har verka tilfredstillande, og med stadig oppdateringar av programvaren.

8.3 Tilråding – Kostra og IPLOS -rapportering

Denne forvaltningsrevisjonen har avdekka at Naustdal kommune sine pålagde innrapporteringar av statistikk-data til offentlege styresmakter (SSB), ikkje har hatt – og enno ikkje i 2009 – har den kvaliteten den skal. Særleg gjeld dette for IPLOS-data (individbasert pleie- og omsorgsstatistikk) som det over fleire år korkje har vore **komplette** rapporteringar på, og der faktisk innrapporterte tal etter kommunen sine eigne vurderingar syner seg ikkje alltid å vere **korrekte/pålitelege**. Dette fråtek at kommunen sjølv fullgodt har kunna bruke slikt talmateriale m.a. i eigne administrative/politiske grunnlagsdokument og til måling av sektorvise måloppnåing – og det fråtek at offentlege styresmakter med stor grad av pålitelegheit har kunna nyttiggjere seg statistikken til sine føremål.

TILRÅDING:

- Revisjonen tilrår at rådmannen sikrar at **eksisterande rutinar** for lovpålagt Kostra- og IPLOS-rapportering til styresmaktene er *å jour, komplette og i samsvar med gjeldande rettleiarar* for slik rapportering.
- Vidare at rådmannen sikrar at den har klart **dedikerte medarbeidarar som er overordna ansvarleg** for kommunen si rapportering av slikt talmateriale til offentlege styresmakter, då kommunen har informert om at den har utskiftingar i personale som så langt har hatt dette som sitt ansvarsfelt.
- Dessutan at det finst **system for å lære opp medarbeidarar** i PLO i bruk av journal- og sakshandsamarsystemet GERICA, som er systemet som i sin tur trekkjer ut tala som skal inngå i IPLOS-rapporteringa til styresmaktene.
- Endeleg at kommunen etablerer **system for å kvalitetssikre eigne Kostra-/IPLOS-tal** som skal innrapporterast – eller når dei er innrapportert – fortløpande blir vurdert om at er korrekte og fullstendige.

9 RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR TIL HØYRINGA

Rådmannen i Naustdal har ikkje kome med *kommentarar* på utkastet til forvaltningsrevisjonsrapport gjennom den formelle høyringa, sendt rådmannen frå revisjonen den 07.12.2010 – og med 14 dagers høyringsfrist – til 22.12.d.s. Dette står rådmannen fritt til.

Revisjonen tok 11.01.2011 telefonisk (seinare same dag også elektronisk) kontakt med rådmannen for å sikre oss at denne hadde fått høyringsrapporten i tråd med ovannemnde, og bad denne då samtidig å stadfeste skriftleg det han sa telefonisk: Nemleg at rådmannen ikkje hadde kommentarar/merknader til det oversendte høyringsutkastet, men at han hadde merka seg at mange av kommunen sine innspel på dialogversjonen av rapporten var tekne med inn i høyringsversjonen. Slik skriftleg stadfesting har revisjonen likevel ikkje motteke pr 21.01.2011 – og har etter dette endeleg avslutta høyringsfasen på rapporten.


Revisjonen vil føye til:

Som det går fram tidlegare i rapporten, har ein såkalla *dialogversjon* av rapporten vore sendt ut til kommuneadministrasjonen ved Kjell Skaflestad forut for formell høyring, der kommunen fekk 14 dagars frist (seinare er nok ei veke innvilga i tillegg), med deadline 12.11, til å komme med innspel på alle sider ved rapporten; både fakta og våre analyse av funna så langt. Revisjonen vil takke Skaflestad, i samarbeid med sine kollegaer, for den grundige tilbakemeldinga som då vart gjeve på dialogversjonen – sjølv om tilbakemeldingane frå kommunen hovudsakleg avgrensa seg til omtale av kvaliteten på det statistiske materialet kommunen har rapportert inn, og i avgrensa grad innspel og kommentarar på revisjonen sine vurderingar/analysar av materialet. Revisjonen har bygd inn (i skraverter felt) mange av desse innspela/kommentarane frå kommunen til dialogversjonen av rapporten, i endeleg forvaltningsrevisjonsrapport.

10 UNDERSKRIFT

Denne forvaltningsrevisjonsrapporten er utarbeidd av forvaltningsrevisor Steffen Ben Jonstad i Kryss Revisjon.

Førde, 26.01.2011


forvaltningsrevisor

11 REFERANSAR

Naustdal kommune	- Naustdal kommunen sitt svar på spørsmålssett frå revisjonen kring kvaliteten på IPLOS-rapporteringa frå kommunen. - Naustdal kommune sitt svar på utsendt "<i>Dialogversjon på Forvaltningsrevisjonsrapport ØKONOMISTYRING - Tenesteanalyse av Pleie- og omsorg gjennom bruk av KOSTRA, 2009</i>", utsendt frå Kryss revisjon til kommunen.
Heimesida til kommunen	www.naustdal.kommune.no
Naustdal kommune, plandokument:	Årsmeldingar, handlingsplanar, rekneskap for åra 2007-2009 Tidlegare utførte relevante kartleggingar av/for Naustdal kommune
KS – Effektiviseringsnettverkene	Mal for tenesteanalysar; Statistikkgenerator for Kostra
Fylkesmannen i Nord-Trøndelag	Statistikkgenerator for Kostra
Regjeringen.no	Veileder for rapportering om ressursbruk i kommuner og fylkeskommuner, 2009
Statistisk sentralbyrå	www.ssb.no/kostra www.ssb.no/emner www.ssb.no/kommuner
Helse- og omsorgsdepartementet:	<u>RESSURSBRUK OG TJENESTETILBUD I INSTITUSJONS OG HJEMMETJENESTEORIENTERTE KOMMUNER</u> . Utredning for Helse- og omsorgsdepartementet. Utkast til rapport, 02.03.05

12 VEDLEGG:

12.1 Omgrep frå SSB – KOSTRA²³

Prioritering:

Prioritering gjenspeiler hvordan kommunen (gjennom politiske vedtak) velger å disponere de tilgjengelige økonomiske ressursene.

Dekningsgrad:

Prinsipielt skal en dekningsgrad si noe om i hvor stor grad behovet for en bestemt tjeneste dekkes.

Produktivitet:

Forholdet mellom produsert mengde av tjenester og omfanget av innsatsfaktorer som er blitt brukt under produksjonen.

Netto driftsutgifter:

Netto driftsutgifter viser driftsutgiftene inkludert avskrivninger etter at driftsinntektene, som bl.a. inneholder øremerkede tilskudd fra staten og andre direkte inntekter, er trukket fra. De resterende utgiftene må dekkes av de frie inntektene som skatteinntekter, rammeoverføringer fra staten mv.

Korrigerte brutto driftsutgifter:

Korrigerte brutto driftsutgifter omfatter driftsutgiftene ved kommunens egen tjenesteproduksjon pluss avskrivninger minus dobbeltføringer i de kommunale regnskaper som skyldes viderefordeling av utgifter/interkjøp mv.

Brutto driftsutgifter:

Brutto driftsutgifter viser de samlede driftsutgiftene inkludert avskrivninger korrigert for dobbeltføringer som skyldes viderefordeling av utgifter/interkjøp mv. Brutto driftsutgifter brukes på to måter:

- 1) Som totale brutto driftsutgifter for kommunen/fylkeskommunen
- 2) I stedet for korrigerte brutto driftsutgifter på de enkelte tjenesteområdene.

12.2 Kostra-veileder 2009

Her følger utdrag fra KRD sin veileder for rapportering for regnskapsåret 2009, hvor det er gitt følgende innhold i de ulike funksjonene:

234 - Aktivisering og støttetjenester overfor eldre og funksjonshemmede

Tjenester til eldre, funksjonshemmede, personer med psykiske lidelser, utviklingshemmede mv.:

- Eldresentre og dagsentre for hjemmeboende,
- aktivitetssentre for utviklingshemmede m.m,
- aktivisering av funksjonshemmede barn utover aktivisering i forbindelse med grunnskoleundervisning,
- •transporttjenester,
- støttekontakt,
- matombringing,
- trygghetsalarm (kjøp, installering, vedlikehold og drift av alarmene, men ikke utgifter som er knyttet til utrykninger, som føres på funksjon 254),
- vaktmester,
- vask av tøy for hjemmeboende utført av institusjon eller privat foretak,
- ferietilbud og andre velferdstiltak for eldre og funksjonshemmede,
- frivillighetssentraler,
- frisør og fotpleie til eldre og funksjonshemmede.

²³ Henta frå KS – Effektiviseringsnettverka

Obs: Eldresentre/dagsentre er aktivitetstilbud der brukerbetaling ikke er hjemlet i vederlagsforskriftene for institusjon.

Utgifter til dagopphold på institusjon, dvs. tjenester innvilget ved enkeltvedtak, med betaling/egenandel hjemlet i forskriften om vederlag for opphold på institusjon skal føres på funksjon 253.

253 - Pleie, omsorg, hjelp og re-/habilitering i institusjon

Direkte brukerrettede oppgaver i forbindelse med pleie og omsorg i institusjoner og boformer (jf. § 7-2 i forskrift til lov om sosiale tjenester) med heldøgns pleie og omsorg (inkl. dag- og nattopphold, samt korttidsopphold (f.eks. rehabilitering og avlastning) på slike institusjoner).

Omfatter også servicefunksjoner som:

- Husøkonom,
- kjøkken,
- kantine/kiosk,
- vaskeri,
- aktivitør.

Dersom institusjonens servicefunksjoner (for eksempel kjøkken og vaskeri) yter tjenester overfor hjemmeboende, skal disse utgiftene fordeles mellom funksjon 253 og funksjon 234. Renhold av institusjonslokaler føres på funksjon 261.

Funksjonen omfatter videre:

- Medisinske forbruksvarer,
- tekniske hjelpemidler,
- inventar og utstyr,
- administrasjon/ledelse av institusjonen (forutsetningen er at ev. ledere ved avdelinger/poster ikke har fullstendig lederansvar),
- inntekter av oppholdsbetaling,
- utgifter til hjelp i og betjening av avlastningsboliger,
- Døgnmulkter ferdigbehandlede sykehuspasienter.

Kommunale institusjoner knyttet til rusomsorg føres på funksjon 243.

254 - Kjernetjenester knyttet til pleie, omsorg, hjelp til hjemmeboende

Kommunale pleie- og omsorgstjenester ytt til personer som bor i eget hjem (inkludert tjenester til beboere i boliger for eldre og funksjonshemmede med eller uten fast bemanning) som registreres i IPLOS med vedtak knyttet til antall timer per uke. Tjenestene er (jf. IPLOS registerkort og veileder):

- Praktisk bistand, daglige gjøremål og opplæring i daglige gjøremål
- Brukerstyrt personlig assistent
- Avlastning utenfor institusjon
- Omsorgslønn
- Pleie og omsorg utenfor institusjon (hjemmesykepleie og vedtak/beslutning om bistand som ledd i kommunens psykiske helsearbeid)

Inntekter av brukerbetaling for hjemmetjenester.

Avlastningsopphold i avlastningsbolig eller på institusjon registreres under funksjon 253.

261 - Institusjonslokaler

1. Utgifter til drift og vedlikehold av institusjoner og boliger med heldøgns pleie og omsorg (med tilhørende tekniske anlegg og utendørsanlegg).

Dette omfatter lønn mv. til eget drifts-/vedlikeholdspersonell, innkjøp av materiell og utstyr til drift og vedlikehold, og kjøp av drifts-/vedlikeholdstjenester (eksempelvis vaktmestertjenester, snøryddingsavtaler, renholdsavtaler, serviceavtaler på tekniske anlegg, avtaler om vakthold og tilsyn mv.) som er knyttet til institusjons-/lokaler. Dessuten avskrivninger av egne bygg

Som driftsaktiviteter regnes løpende drift, renhold, vakthold, sikring, energi og vann, avløp og renovasjon (jf. tabell avsnitt 4.1.). Renhold av institusjonslokaler (dette føres ikke lenger på funksjon 253). Skillet mellom

vedlikeholdsutgifter og utgifter til påkostning/investering er beskrevet i Kommunal regnskapsstandard (F) nr. 4 Avgrensningen mellom driftsregnskapet og investeringsregnskapet, se www.gkrs.no.

2. Forvaltningsutgifter knyttet til institusjons-/bolokaler (administrasjon, forsikringer av bygg og pålagte skatter og avgifter knyttet til institusjonslokaler) føres på funksjon 121.

3. Investeringer i og påkostning av institusjons-/bolokaler.

4. Husleieutgifter ved leie av institusjonslokaler/boliger.

- Ved leie fra AS eller andre private (herunder IKS hvor kommunen ikke er deltaker) føres husleien i på art 190.
- Ved leie fra kommunalt foretak føres husleien på art 380 i kommunens regnskap, og inntektsføres på art 780 i foretakets regnskap.
- Ved leie fra interkommunalt selskap (hvor kommunen er deltaker) føres husleien på art 375 i kommunens regnskap, og inntektsføres på art 775 i selskapets regnskap.
- Dersom kommunen har en internhusleieordning (leie mellom enheter som inngår i kommunens regnskap), skal faktiske utgifter til drift og vedlikehold komme fram på riktig art/funksjon, jf. avsnitt 4.1 og art 190.

5. Inntekter knyttet til utleie av lokalene til eksterne (andre enn kommunen selv eller kommunalt foretak).

6. Inventar og utstyr (innbo/løsøre) knyttet til pleie- og omsorgstilbudet inngår ikke her, men føres på funksjon 253.

022/12 STATUSLISTE MED OPPFØLGING AV KOMMUNESTYREVEDTAK

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø, SEKOM- sekretariat
Dato: 10.09.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	10.09.2012	022/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg:

- Oversikt over oppfølging av kommunestyresaker (Blir ettersendt).

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Sak 027/11 «Saker til kommunestyret – Oversikt og oppfølging».
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommuneleva.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet tek oversikt over kommunestyresaker til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

STATUSLISTE MED OPPFØLGING AV KOMMUNESTYREVEDTAK

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø.

Innleiing – Kva saka gjeld

Kontrollutvalet har som fast sak i møtet at rådmann legg fram statusliste over oppfølging av kommunestyrevedtak i Naustdal kommune.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet i Naustdal gjorde følgjande vedtak i sak 027/11 «Saker til kommunestyret – Oversikt og oppfølging»:

- *Kontrollutvalet ynskjer å få tilsendt ei oppdatert statusliste til kvart kontrollutvalsmøte.*

Kontrollutvalet har etter dette sak «Stausliste med oppfølging av kommunestyrevedtak» som fast sak på saklista.

Rådmann møter i kontrollutvalet og orienterer om status i kommunestyrevedtak i Naustdal kommune.

Rådmann er kalla inn i saka.

Sekretariatet sine vurderingar:

023/12 BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2013

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM-sekretariat

Dato: 30.08.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	18.09.2012	023/12	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Spesifikasjon av forslag til budsjett.
- Reglement for godtgjersle til folkevalde i Naustdal kommune, vedteke av kommunestyret i sak 54/09.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommuneleva.
- Reglement/vedtak for godtgjersle til folkevalde i Naustdal kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for "Drift av kontrollutval".

Konto 11600 Skyss- og diettgodtgjersle	Kr. 2.000,-
Konto 10800 Godtgjersle folkevalde	Kr. 108.500,-
Konto 10990 Arbeidsgjevaravgift	Kr. 11.200,-
Konto 11500 Opplæring/kurs/seminar	Kr. 15.000,-
Konto 11959 Kontingentar	Kr. 2.000,-
Telefon leiar	Kr. 1.200,-
<u>Drift av kontrollutvalet</u>	<u>Kr. 139.900,-</u>

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2013

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Naustdal kommune.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjetttråme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element, (heretter kalla prosjekt i samsvar med nemningane i kontoplanen); revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet. Det er naturleg at budsjettet vert fordelt på desse tre prosjekta.

I posten "Drift av kontrollutvalet", høyrer følgjande kostnader naturleg inn:

Kostgodtgjersle
Køyregodtgjersle.
Tapt arbeidsforteneste
Møtegodtgjersle
Arbeidsgjevaravgift
Kurs/seminar
Kontingentar
Andre utgifter

For kontrollutvalet i Naustdal er satsar for godtgjersle nedfelt i Reglement for godtgjersle til folkevalde i Naustdal kommune som gjeld frå 01.01.2010. Satsane for møtegodtgjersle vert regulert årleg i samsvar med løna til stortingsrepresentantane. Gjeldande sats for 2012 er kr. 777.630,-.

- Kost- og køyregodtgjersle etter statens regulativ
- Tapt arbeidsforteneste. : Ulegitimert kr. 200,- pr. time inntil kr. 1.500,- pr. dag. Legitimert tapt arbeidsforteneste vert dekkja etter dokumentasjon inntil kr. 2.000,- pr. dag.
- Møtegodtgjersle kontrollutvalsleiar: 3,5% av ein stortingsrepresentant si godtgjersle.
- Møtegodtgjersle medlemmer i kontrollutvalet: 2,0% av ein stortingsrepresentant si godtgjersle.
- Varamedlemmer kr. 400,- pr. møte.

Naustdal kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariattenester gjennom høvesvis KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa har teke inn i vedtektene sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret.

Sekretariatet sine vurderingar:

Budsjettforslaget blir lagt fram som følgje av krav om dette i lova.
Budsjetta for KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat vert vedtekne i dei respektive styra.
Kontrollutvalet skal derfor ikkje leggje fram budsjett for desse.

Kontrollutvalet bør ha høve til å ta ut perioderapportar i løpet av året. Derfor er det viktig at budsjettpostane vert lagt inn i budsjettet til Naustdal kommune slik at dette er mogeleg.

BUDSJETT KONTROLLUTVALET I NAUSTDAL KOMMUNE 2013

Køyregodtgjersle	2000	(5*3,7*73)	
Tapt arbeidsforteneste	3500	(5*600*1,12)	(Inkl. feriepengar)
Møtegodtgjersle	105000	777650	Leiar 3,5% og medlemmer 2,0% av st.representant si godtgjersle.(5 representantar)
Arbeidsgjevaravgift	11200	10,6% av m.g. og t. arb.f.t.	
Kurs/seminar	15000		
Kontingentar	2000		
Telefon leiar	1200		
Drift	139900		

Reglement for godtgjersle til folkevalde i Naustdal kommune

Reisegodtgjersle:

1. Alle med reise over 4 km får dekka utgifter til bruk av egen/kollektiv transportmiddel etter statens regulativ. Dette gjeld reiser til møte i ulike møte i kommunale organ og i samband med representasjon for kommunen på møte, kurs o.a. Det vert ytt kostgodtgjersle etter statens reglar.
2. Kwart medlem sender inn rekning på fastsett skjema seinast 1.3, 1.6 og 1.12, for reiser i perioden før desse datoane.

Fast godtgjersle:

Ordførar

Vervet som ordførar er eit verv på full tid.

Den årlege godtgjersla for vervet som ordførar vert fastsett til 80 % av den til ei kvar tid gjeldande løn for stortingsrepresentantar.

- *Etablert pensjonsordning for folkevalde vert vidareført*
- *Eigen ordning ved sjukdom vert innført ved at kommunen betaler ut godtgjersla i heile funksjonsperioden sjølv om ordførar vert sjukmeld.*
- *Kommunen innfører tilsvarande ordning for ordføraren som går fram av Hovedtariffavtalen kap. 1 § 10: Ytelser etter dødsfall/gruppelivsforsikringer.*
- *Kommunen innfører ordning med feriepengar for ordføraren. Det vert ikkje betalt ut godtgjersle for juni månad det første året av perioden. Ved å skyve denne godtgjersla som er halden tilbake inn i neste år, vil det bli rom for utbetaling av ein månads godtgjersle sommaren etter avgang.*
- *Det vert innført ettergodtgjersle for ordførar. Når valperioden sluttar vert det gjeve ettergodtgjersle i 3 månader dersom vedkomande ikkje har stilling å gå attende til.*
- *Ordførar disponerer kommunalt abonnement på mobiltelefon*

Varaordførar, formannskapsmedlemer, komiteleiarar og komitemedlemer får slik fast godtgjersle pr. år rekna i prosent av det som til ein kvar tid er løn for stortingsrepresentantar:

Varaordførar 8,0 %

Formannskapsmedlemer
utanom ordførar og varaordførar 3,5 %

Komiteleiarar 3,0 %

Leiar i kontrollutval 3,5 %

Kontrollutval: 2,0 %

Andre kommunestyremedlemer/komite-
medlemer 2,0 %

For andre utval/nemnder vert møtegodtgjersla fastsett til kr. 400,- pr. møte.

For møtande varamedlemer vert det utbetalt ei møtegodtgjersle på kr 400.- pr møte.

Med unntak av ordførar vert godtgjersla utbetalt ein gong i året, i desember månad.

Dersom eit medlem deltek i mindre enn 2/3 av tal møte i komite/utval/kommunestyre i løpet av eit år vert den faste godtgjersla redusert med 50%.

Tapt arbeidsforteneste:

Legitimert tap av inntekt vert dekt med inntil 2.000,- kr. pr. dag. Slike krav vert dekket etter attest frå arbeidsgjevar. Ulegitimert tap av inntekt der dette er tilstrekkeleg dokumentert vert dekket med inntil kr. 200,- pr. time inntil kr. 1.500,- pr. dag.

Andre utgifter:

Folkevalde (kommunestyremedlemer eller medlemer i utval som kommunestyre har oppnemnt) får dekt direkte utlegg på inntil kr. 200.- pr. møte i samband med deltaking i møte ved framlegg av dokumentasjon. Dette gjeld t.d. utgifter til barnepass, til stell av sjuke og stedfortredar.

Formanns

kapsmedlemer, komiteleiarar og leiar i kontrollutvalet får ei fast godtgjersle til bruk av telefon på 300.- kr pr kvartal. Utbetaling vert gjort ein gong i året.

Habilitet i høve til handsaming av reglementet:

Kommunelova § 40-3 har følgjande bestemmelse om folkevalde sin habilitet til å delta i val og bestemme godtgjersle:

"Inhabilitet inntreir ikkje ved valg til offentlege tillitsverv eller ved fastsetting av godtgjering og lignende for slike verv.

Dette reviderte reglementet er vedteke av kommunestyret 17.12.09 – sak 54/09.

024/12 OPPFØLGINGSLISTE 3-2012 NAUSTDAL

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 10.09.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	17.09.2012	024/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 2-2012 Naustdal.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingslist 2-2012 Naustdal vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 3-2012 NAUSTDAL

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 29. august 2012.

Lista vil bli oppdatert fortløpande og regelmessig lagt fram for kontrollutvalet..

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 3-2012 - Naustdal.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Naustdal kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
06/09 Kontrollutvals-arbeid - tiltak	13.02.09	Ulike tiltak for å ytterlegare oppfylle intensjonen i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.	13.02.09 Vedtak KU - Orientering frå adm. - Tertialrapportar - Tilsynsrappr frå fylkesmannen. - Kvalitetsrapportar tilsyn med revisor. - Orientering frå revisor.
022/10 VAR-sektoren .	12.05.10	Kvalitetssikring jfr. Presisering i revisjonsmeldinga for 2009. Abonnentar som ikkje betalar pga gamal avtale.	12.05.10: Vedtak KU: - Kontrollutvalet ber om tilbakemelding på arbeidet med kvalitetssikring av rutine kring etterkalkulasjon av sjølvkostområda. -Kontrollutvalet ber om å få tilsendt avtalane som har vore grunnlag for fritak eller halv avgift for vatn. -Kontrollutvalet ber om å få oversikt over storleiken på dei subsidierte vassavgiftene fordelt på dei to tidlegare vassverka. - Kontrollutvalet ber om å få admi si vurdering av korleis denne saka bør løysast og innanfor kva tidsperspektiv. -Frist for tbm 1. juni 2010. 27.05.10 Brev til Naustdal kommune. Ikkje motteke endeleg svar, men fått tbm treng meir tid. Sjå sak tinging forvaltningsrevisjon VAR-sektoren.
Orientering om samhandlingsreforma i Naustdal kommune.		Aktuelt tema.	
025/10 Rekneskap og sluttrapport investeringsprosjekt og status investeringsprosjekt under arbeid.			12.05.10 Vedtak KU: - KU ber om satus over pågåande inv.prosjekt. -KU ber om at rekneskap og sluttrapport vert lagt fram for investeringsprosjekt som er avslutta. 27.05.10 s. brev til Naustdal kommune. Ikkje motteke svar 27.03.12 Sendt nytt brev frå KU til Naustdal kommune, Ikkje motteke svar.
039/10 Eventuelt	03.11.10		04.11.10 Brev til rådmann med innkalling til orientering om følgjande saker: - Oppvekst og kultur i Naustdal kommune. o Luftkampmuseet – Er drift av Luftkampmuseet i tråd med kommunestyrevedtak og vedtekter?

03/11 Fv-rapport "Økonomistyring – tenesteanalyse PLO bruk av KOSTRA	28.03.11		28.03.11 Tilråding til kst. 28.05.11 Vedtak i KS
04/11 Forvaltningsrevisjon – Val av prosjekt.	28.03.11		28.03.11 Vedtak KU – VAR-sektoren Sjå sak 13/11
13/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – "Sjølkbereknningar VAR sektoren."	01.06.11		01.06.11 Vedtak KU - Tingsingsdokument godkjent 01.06.11 Bestilling sendt til KRYSS. 10.11.11 Motteke statusoversyn over tinga forvaltningsrevisjon. 04.09.12 E-post frå KRYSS-revisjon - statusoppdatering -forvaltningsrevisjonsprosjekt.
027/11 Statusliste med oppfølging av kommunestyrevedtak.	09.09.11		09.09.11 Vedtak KU – Rådmann kalla in til neste møte for å orientere om liste. - KU ynskjer oppdatert liste til kvart møte.
031/11 Overordna analyse.	16.12.11		16.12.11 Vedtak i KU – Kontrollutvalet tingar overordna analyse frå KRYSS-revisjon.
032/11 Statusliste med oppfølging av kommunestyrevedtak.	16.12.11		16.12.11 Vedtak i KU – Kontrollutvalet tek oversikt over kommunestyresaker til vitande.
036/11 Orientering – Rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum.	16.12.11		16.12.11 Vedtak i KU - Kontrollutvalet vedtek å kalle inn rådmann for å orientere om Naustdal kommune sine rutinar på tilbakemelding på henvendingar til kommunen på neste møte i kontrollutvalet. Neste møte i kontrollutvalet er planlagt i siste del av februar. - Sendt brev til Naustdal kommune vedrørende orientering frå rådmann. Sjå sak 004/12
003/12 Orientering frå revisor.	26.03.12		26.03.12: KU Vedtak - Saka vert utsett til neste møte.
004/12 Orientering – Rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum.	26.03.12		26.03.12: KU Vedtak - Saka vert utsett til neste møte. 09.05.12 Kalle inn rådmann til kontrollutvalsmøtet den 2. oktober 2012
007/12 Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Naustdal.	26.03.12		26.03.12: KU Vedtak - Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Naustdal kommune vert godkjent. 27.03.12: Årsmelding sendt til KS. 03.05.12: Vedtak i KS - Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Naustdal kommune vert godkjend.
010/12 Godkjenning innkalling og sakliste.	09.05.12		09.05.12 Vedtak i KU: - Det var ikkje merknadar til innkalling og sakliste.
011/12 Skriv og meldingar.	09.05.12		09.05.12 Vedtak i KU: - Ad: SM 12/12: Kontrollutvalet KRYSS- revisjon endre bestilling for forvaltningsrevisjon «Kontroll av sjølvkostbereknningar på VAR sektoren og vurdering avtale vassverk». Til å femne om Reknekapstala for 2011 og budsjett tal 2012. Resten av skriv og meldingar vert teken til vitande.

012/12 Årsrekneskapen 2011 – Naustdal kommune.	09.05.12		09.05.12 KU sin uttale til KS: Sjå vedlagte uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2011 for Naustdal kommune, datert 09.05.2012. 21.06.12 Vedtak i KS – Rekneskapen godkjent.
013/12 Orientering frå revisor.	09.05.12		09.05.12 Vedtak i KU: Orienteringa frå revisjonssjef Terje Førde vert teken til vitande.
014/12 Statusliste med oppfølging av kommunestyrevedtak.	09.05.12		09.05.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet tek oversikt over kommunestyresaker til vitande.
015/12 Orientering – etisk reglement i Naustdal kommune.	09.05.12		09.05.12 Vedtak i KU: - Arbeidet med etisk reglement er ikkje starta. Kontrollutvalet tek orienteringa om etisk reglement i Naustdal kommune til vitande.
016/12 Orientering – Trafikktryggleiksplan i Naustdal kommune.	09.05.12		09.05.12 Vedtak i KU: - Trafikktryggingssplan for Naustdal kommune skal på plass innan eit år.
017/12 Oppfølgingsliste 2-2012 – Naustdal.	09.05.12		09.05.12 Vedtak i KU: Oppfølgingslist 2-2012 Naustdal vert elles teken til vitande.
018/12 Eventuelt.	09.05.12		09.05.12 Vedtak i KU: Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.
019/12 Godkjenning innkalling og sakliste.	17.09.12		
020/12 Skriv og meldingar.	17.09.12		
021/12 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport - Økonomistyring – tenesteanalyse av pleie og omsorg gjennom bruk av kostra.	17.09.12		
022/12 Statusliste med oppfølging av kommunestyrevedtak.	17.09.12		
023/12 Budsjett for kontroll og tilsyn.	17.09.12		
024/12 Oppfølgingsliste 3-2012 – Naustdal.	17.09.12		
025/12 Eventuelt	17.09.12		

Oppdatert 29.08.2012

025/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 10.09.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet Kommunestyre	17.09.2012 -	025/12 -	- -	Nei Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.